

# UTMARK OG NEDLEGGING AV GARDSBRUK - EIN STUDIE AV EIGEDOMSTILHØVE OG AREALBRUK I BLAKSET I STRYN

LAND USE AND TENURE STRUCTURES IN NORWEGIAN OUTFIELDS - A  
CASE STUDY FROM STRYN IN WESTERN NORWAY

ÅSE - BERIT NYTUN

UNIVERSITETET FOR MILJØ- OG BIOVITENSKAP

Institutt for landskapsplanlegging  
Master oppgave 30 studiepoeng 2010



## **Føreord**

Med denne masteroppgåva, som tilsvarar 30 studiepoeng, avsluttar eg mitt femårige profesjonsstudium ved masterprogrammet Eigedomsfag ved institutt for landskapsplanlegging, Universitetet for miljø- og biovitenskap på Ås hausten 2010.

Arbeidet har vore prega av opp - og nedturar, og av og til ein tvil over det valde temaet, sidan det er eit vidt tema som kan vere vanskeleg å få noko tak på. På same tid er eg likevel nøgd med det valde temaet mitt, og vanskegrada på det - ”Det er i motbakkar det går oppover”.

Rettleiar for oppgåva har vore Håvard Steinsholt, men eg har óg hatt ein tilleggsrettleiar, Hans Sevatdal, som eg ynskjer å takke for god og konstruktiv hjelp med oppgåva. Eg vil óg takke grunneigarar og andre som har svart på mine spørsmål. Oppgåva hadde ikkje vore den same utan svar frå desse. Eg vil óg takke Berit Helene og Grete Handeland for hjelp med diverse tekniske utfordringar, og Anne Blakset Nytun for gjennomlesing av oppgåva.

Ås 14.desember 2010

Åse-Berit Nytun



## Samandrag

Oppgåva tek for seg organisering av utmarksbruk i "Nordfjordbygda" Blakset i Stryn kommune frå ein heilt spesiell synsvinkel, nemleg gjennom dette med endring av rammevilkår som fylgje av nedlegging i jordbruket. Ut frå eit perspektiv om ein funksjonalitet, eller eigedomsmessig samanheng mellom innmark og utmark, vert viktige spørsmål og utfordringar knytt til reelle utfordringar i samfunnet i dag, drøfta. Utviklinga ber, generelt sett over heile landet, preg av mindre beiting. Utgangspunktet for drøftinga er casestudie av eit område i Nordfjord, som med likskap til resten av landet ber preg av nedlegging av gardsbruk, med påfylgjande mindre beiting. Dette får igjen ringverknadar på utmarka. I 1989 var talet husdyr på utmarksbeite i Stryn kommune 22 156 dyr (ssb.no 2008a), og det var 564 jordbruksbedrifter og 41 271 mål jordbruksareal i drift i kommunen (ssb.no 2008c). I 2006 var det nede i 17 808 husdyr på utmarksbeite (ssb.no 2008b), og i 2009 var det 296 jordbruksbedrifter (ssb.no 2010b), og 38 909 mål jordbruksareal (ssb.no 2010a) i drift i kommunen.

Grunnen til at dette er noko tema i det heile, er at endringar i landbruket i dag lagar nye rammevilkår for utmarka, og faktum er at utmark og innmark heng saman. I dag er ca.20 % av utmarksarealet knytt direkte til jordbruk og gardsbusetjing (Korsvolla et al. 2004). Når det no har skjedd, og skjer, nedlegging av gardsbruk i jordbruksmessig forstand, vil dette óg ha stor innverknad på utmarka. Frå før veit vi ganske mykje om kva som skjer med innmark og tun når desse endringane skjer; ofte går gardsbruka over til å verte bustadeigedomar, og jorda vert leigd vekk til aktive bønder – der desse framleis finst - eller ligg ubrukt. Men kva skjer med utmarka? Skjer det noko i det heile? Det er dette som er så interessant, og som er kjernen i denne oppgåva. Utmarka er jo óg ein stor del av landet vårt, faktisk den største. Ut frå ein "vanleg" definisjon av utmark, er heile 90 % av landarealet i Noreg utmark (Korsvolla et al. 2004).

Det er óg ein samanheng mellom arealbruk og eigedomstilhøve, og denne samanhengen går både vegar. Eigedomstilhøva vil utgjere viktige vilkår for bruken av eit område, men endra rettsstruktur i caseområdet i Blakset har likevel ikkje hatt noko serleg å seie for den faktiske arealbruken i området. På same tid har heller ikkje den endra og reduserte jordbruksbaserte arealbruken endra eigedomstilhøva så langt. Likevel er det endringar i utmarka i Blakset. I caseområdet er det til saman atten grunneigarar, men berre ti svarte på spørjeskjemaet som eg

sende rundt i tilknytning til oppgåva. Gjennom spørjeskjemaet fann eg ut at berre halvparten av dei grunneigarane som svarte, nyttar utmarksbeitet som beite til egne dyr, og berre ein av dei ti grunneigarane som svarte leiger ut sin beiterett. Denne er leigd ut til ein med egne dyr i området. Ut frå dette vil eg seie det er klart at det er lite beiting i området. Dersom ein skal rekne med at dei åtte som ikkje svarte ikkje nyttar beitet, er vi nede i ein prosent på knapt 28 %. Dette blir jo berre spekulasjonar, men det er iallfall færre som har dyr på utmarksbeite og som driv gardsdrift i Blakset no enn før. Sett ut frå statistikken skissert i starten av dette samandraget, konkluderar eg med at endra rammevilkår har ført til endra bruk av utmarka i Blakset. Det er eit faktum at færre har dyr på utmarksbeite, og at den samanhengen ein har mellom gardsbruk og utmark ikkje lenger er lik den ein har sett før. Det har gått frå sterke driftsmessige band mellom gardsbruk og utmark, til at dei eigedomsmessige banda no er dei sterkaste mellom dei fleste gardsbruka i Blakset, og utmarka der. Dei driftsmessige banda har blitt svekka, og vert no ubetydelege.

For å setje dette i ein meir nasjonal samanheng kan vi seie at som fylgje av dei klåre endringane landet vårt er inne i, og endringa av rammevilkåra for jordbruket, vil utmarksbruken igjen verte påverka, sidan det er ein eigedomsmessig samanheng mellom jordbruk og utmarksbruk. Ein har opphavleg hatt både driftsmessige og eigedomsmessige band mellom innmark og utmark, men ein ser no at desse banda ikkje lenger er like sterke i ein driftsmessig samanheng. Dette fører igjen til ei endring i utmark med nye utfordringar som t.d. attgroing, manglande gjerdehald og ”forringing” av kulturlandskap. Endra rammevilkår krev kanskje endra organisering, og fleire fellestiltak som t.d. utleige av store jaktområde og beiteområde, overordna beitebruksplanar og ”utdanning” og opplysing av grunneigarar kan verte aktuelle. Dette kan igjen styrke det driftsmessige bandet mellom innmark og utmark, om enn ikkje på same måte som før. Overført i nasjonal samanheng vert det på grunnlag av eit slikt konkret casestudie naturlegvis ein del synsing, men dei klåre overordna linene i utviklinga vil vere til stades - dei institusjonelle rammevilkåra vi har i dag bidreg sterkt til å konservere dei formelle eigedomstilhøva, og fleire lover er tilpassa driftstilhøve frå ei anna tid.

## **Abstract**

Approximately 90% of the Norwegian land area is so called “outfields”; forest, bogs, high mountains and lakes and rivers. Large proportions of these lands, approximately 20 %, constitute parts of farming units, property wise as well as in terms of traditional management and economy. The number of active farms has been steadily decreasing for several decades; the cultivated land being rented out to still active farms and farmers. What happens concerning use and management of the various resources in the outfields is the object of this case study in a limited area. We know little about how these changes influence the outfields. It turns out that very little is actually changing, except for a decrease of the use of pasture. No notable change in organization nor tenure arrangement seems to have taken place so far.

# Innhald

Føreord .....	1
Samandrag .....	2
Abstract .....	4
Innhald.....	5
Figurar .....	7
Vedlegg .....	7
Kapittel 1. Innleiing.....	9
1.1. Tema.....	9
1.2. Problemstilling .....	11
1.3. Oppbygging av oppgåva.....	13
1.4. Framgangsmåte/metode.....	14
1.4.1. Teoridel .....	14
1.4.2. Empiridel .....	14
1.4.3. Analysedel .....	16
Kapittel 2. Terminologi, omgrep og tilnæringsmåtar .....	17
2.1. Terminologi .....	17
2.2. Teori .....	22
2.2.1. Innleiing.....	22
2.2.2. Institusjonelle tilhøve .....	24
2.2.3. Omgrepet regime .....	28
2.2.4. Organisering m.o.t. eigedomstilhøve.....	31
2.2.5. Organisering i praksis - utnytting .....	37
Kapittel 3. Områdestudie.....	52
3.1. Innleiing.....	52
3.2. Området.....	52
3.3. Eigedomstilhøva i Blakset – med serskilt vekt på utmark.....	55
3.3.1. Innleiing.....	55
3.3.2. Jordskifteretten sitt arbeid i området .....	56
3.3.3. Eigedomstilhøva i stølsområdet .....	63
3.4. Spørsmål til nokre ulike aktørar i området .....	68
3.4.1. Innleiing.....	68
3.4.2. Landbruksdirektøren i Sogn og Fjordane .....	68
3.4.3. Jordbrukssjefen i Stryn kommune .....	69



3.4.4. Grunneigarane .....	70
3.5. Praktisk organisering av arealressursane.....	73
3.5.1. Innleiing.....	73
3.5.2. Jakt.....	74
3.5.3. Beite.....	74
3.5.4. Skog.....	76
3.5.5. Lag/organisasjonar .....	76
Kapittel 4. Analyse .....	77
4.1. Innleiing.....	77
4.2. Eigeomstilhøva i området.....	77
4.2.1. Eigeomsstrukturen.....	77
4.2.2. Eigarstrukturen .....	77
4.2.3. Rettsstrukturen.....	78
4.3. Organisering i området.....	79
4.4. Framtida.....	81
4.4.1. Innleiing.....	81
4.4.2. Gjerdehald .....	81
4.4.3. Landskap .....	82
4.4.4. Beite.....	82
4.4.5. Perspektivet .....	83
4.5. Konklusjon og avsluttande refleksjonar .....	83
Kjelder.....	88
Vedlegg .....	91

## Figurar

- Figur 1: Ei skisse av eigedomstilhøve..... 20
- Figur 2: Prinsippskisse kring utnytting av eigedomane i eit område. .... 22
- Figur 3: Den faktiske bruken som ein funksjon av eigedomstilhøva, offentleg regulering, institusjonelle tilhøve og sosioøkonomiske tilhøve..... 24
- Figur 4: Regima..... 28
- Figur 5: Rettsstruktur med ytterpunkt ..... 32
- Figur 6: Caseområdet plassert på kartet. .... 53
- Figur 7: Caseområdet plassert på kartet. .... 54
- Figur 8: Gongen i jordskiftesakene i området ..... 58
- Figur 9: Jordskiftekartet til sak 8/1964..... 59
- Figur 10: Jordskiftekartet til sak 16/1983..... 60
- Figur 11: Området med områdeavgrensing og jordskifteresultat..... 61
- Figur 12: Kart som syner både jordskiftet i sak 16/1983 til venstre, og sak 8/1964 til høgre.. 62
- Figur 13: Jordskiftekart frå Randastøylen..... 65
- Figur 14: Kart over Utitunstøylen. .... 66
- Figur 15: Raufjell ..... 67
- Figur 16: Spørjeskjema med grunneigarane sine svar..... 71
- Figur 17: Diagram med prosentvis fordeling av resultatet..... 73

## Vedlegg

- 1) Utdrag frå rettsbok 10/1950
- 2) Utdrag frå rettsbok 8/1964
- 3) Utdrag frå rettsbok 16/1983
- 4) Kopi av utskrift frå Nordfjord sorenskriveri si tingbok til sak frå 1756; grensegang mellom Teigen/Dokset og Robjørgane
- 5) Kopi av minneleg utskiftingsforretning på gardane Steinsåker, Hatleim og Nygård i 1838
- 6) Utskrift av pantebok frå Innvik vedkomande utskifting av skoggrunne til Dokset og Teigen i 1887
- 7) Utskrift frå Nordfjord sorenskriveri sin protokoll vedkomande sak om grense mellom Nygård/Hatleim/Steinsåker og Blakset/Øyestad i 1889
- 8) Brev med spørjeskjema sendt til grunneigarane
- 9) E-post til landbruksdirektøren i Sogn og Fjordane, Christian Rekkedal
- 10) E-post til jordbrukssjefen i Stryn kommune, Ellen Kirkeeide
- 11) E-post til jordbrukssjefen i Stryn kommune, Ellen Kirkeeide 2
- 12) E-post til jordbrukssjefen i Stryn kommune, Ellen Kirkeeide 3

- 13) E-post til jordskifterettsleiar ved Nordfjord jordskifterett, Øystein Skappel
- 14) E-post til konsulent ved Nordfjord jordskifterett, Per Lyder Holme
- 15) Intervjuspørsmåla til grunneigar og styremedlem i Nordsida Stryn sankelag, Jon Sigmund Ulvedal
- 16) Intervjuspørsmåla til leiar i Nordsida bondelag, Leiv Tormod Tvinnereim
- 17) Oppfylggingsspørsmål over telefon til grunneigar og styremedlem i Nordsida Stryn sankelag, Jon Sigmund Ulvedal

# Kapittel 1. Innleiing

## 1.1. Tema

Temaet er eigedomstilhøve og organisering av arealbruk i utmark, i ei bygd i endring i Nordfjord, sett ut frå eit perspektiv om ein eigedomsmessig samanheng mellom innmark og utmark. Grunnen til at eg har valt dette temaet er at det er eit område som interesserar meg sidan eg sjølv kjem frå Nordfjord, og sidan eg sjølv har sett utviklinga her dei seinare åra. Dette er óg eit tema som interesserar meg reint fagleg, det kan by på mange interessante problemstillingar både juridisk og reint praktisk. På same tid er det ein studie som er aktuell i vår tid sidan det no skjer store endringar.

Desse endringane er karakteriserte ved:

- 1) Endringar i landbruket – nokon endrar produksjon, og enno fleire går ut av næringa, med nedlegging av bruka som konsekvens.

Dette fører igjen etter kvart til;

- 2) Endringar i eigarstrukturen – ikkje lenger berre bønder som eig og nyttar seg av utmark tilhøyrande gardsbruk.

Desse endringane påverkar både innmark og utmark, sidan det er eit faktum at desse to heng saman. Heile 90 % av landet vårt er i dag utmarksareal, og av dette utmarksarealet er ca.20 % knytt direkte til jordbruk og gardsbusetjing (Korsvolla et al. 2004). Dette gjer at utmarka vert veldig interessant å studere. Vi veit mykje om kva som skjer med innmarka og tunet ved slike endringar; ofte vert gardsbruket brukt til bustad, medan jordbruksarealet vert leigd vekk til aktive bønder – der slike framleis finst - eller ligg ubrukt. Men kva skjer med utmarka? Etter det eg veit finst det lite kunnskap om dette. Av den grunn vil det vere interessant å gjere ein studie av verknadar, tilpassing og endringar i utmark, sett i lys av ein nedleggingsprosess. Det er dette som er kjernen i oppgåva og studien.

I eit litt vidare perspektiv vil denne oppgåva vere aktuell i ein meir nasjonal samanheng. Mange bygder i Noreg er etter kvart blitt marginaliserte sidan ein viktig berebjelke,



jordbruket, er blitt meir eller mindre avvikla. I løpet av dei siste 25 åra har talet på gardsbruk der eigaren driv jorda sjølv, vorte redusert med 56 %, og talet på jordbruksbedrifter med mjølkekyr har minka med 65 % (Bjørlo 2010). Mange små gardsbruk vert også fråflytta i våre dagar. I 2009 var nesten kvar tredje landbrukseigedom med bustadhus og under 50 mål jordbruksareal ikkje busett (ssb.no 2010c). Strukturendringane i landbruket har ført til ei form for rasjonalisering av jordbruket. Det er rimeleg å tru at denne strukturendringa har med m.a. lønsemd å gjere, men det er sjølvstakt fleire faktorar som kan spele inn, som t.d. at nye eigarar ikkje ynskjer å drive tradisjonelt gardsbruk lenger. Rasjonaliseringa ligg m.a. i større driftseiningar med spesialisering på enkelte dyreslag. Denne rasjonaliseringa har igjen ført til færre dyr på utmarksbeite, og færre ulike dyreslag på dei same beita (Gilberg 2009). Dette gjer ein casestudie i ei lita "Nordfjordbygd" høgaktuell i ein større samanheng.

I mitt hovud vil dette vere ein studie av ei typisk slik bygd, eller eg vil iallfall tru at denne bygda er sånn nokolunde typisk. På same tid har eg ikkje kome fram til bygda som utgangspunkt for områdestudiet gjennom nøye utveljing heller, men sjølv om eg ikkje med sikkerheit kan seie kor representativ denne bygda er, konkluderar eg likevel med at den er typisk nok til at den er interessant.

I denne oppgåva vil eg spesielt ta for meg arealressursane og eigedomstilhøva knytt til dette, med serleg vekt på utmarks- og stølsområda, og beiting i desse områda. Grunnen til at eg har valt nettopp utmark og beiting som hovuddøme, er fordi mindre utmarksbeiting mellom anna har ført til store endringar i vegetasjon, utsjånad og arealbruk stort sett over heile landet. Utmarka gror att, eller vert utbygd med t.d. hytter nokre stadar. Fjellområda har mange plassar gått frå å vere arena for jakt, fiske, beite og fôrsanking med utgangspunkt i garden (Sevatdal 1989), til å kanskje ikkje lenger ha så stor verdi som arena for beite, og slett ikkje for fôrsanking. Arealressursen jakt vil i dag generelt sett vere like stor, som tidlegare, men då ikkje nødvendigvis i direkte tilknytning til garden som jordbrukseining lenger, medan beite og fôrsanking er kraftig redusert. Det kan såleis vere grunn til å stille spørsmål om dei driftsmessige banda mellom garden og utmarksressursane er borte, eller iallfall endra, og om det berre er eigedomsmessige band att. I så fall kan vi sjå for oss at det er eit stort endringstrykk for å rive sund, eller omforme, desse banda, for å lage eit større økonomisk verde.

Eit døme på dette:

På eit bruk i Tolga kommune i Nord – Østerdalen med innmark med tun, støl som var delt til full eigedom, og med 40 % i eit fjellsameige, søkte eigaren om å få dele frå innmarka, og selje den til grannar. Han ville óg dele sameigeparten frå det som var att av tunet (dette med frådelling av sameigepartar er i seg sjølv eitt interessant tema som eg vil ta for meg seinare i oppgåva). Denne eigaren fekk løyve til dette, og oppnådde då å få ein flott bustadeigedom, lausrive frå t.d. konsesjon, og på same tid fekk han ein flott fritidseigedom av veldig stort verde med støl med jaktrett (Pers. med. Sevatdal 2010b).

Det er slikt tankegods som ligg til grunn for oppgåva. Nytenking, nye tider og nye rammevilkår. Eg gjer meg ikkje opp noko meining om dette var måten å gjere det på eller ikkje, men det er iallfall interessant, og i mine auger, veldig aktuelt både no, og ikkje minst i framtida.

Av desse grunnane, som at det er nye tider og at vi veit lite om utmarka i desse tidene, sjølv om dei største delane av landet vårt faktisk er utmark, vil eg belyse/undersøkje nettopp utmarka. Eg vil ta for meg eit konkret område for å finne ut kva som skjer med ressursbruken der.

## **1.2. Problemstilling**

Som ei vid problemstilling har eg det å skildre eigedomstilhøve og arealressursar i eit område i Nordfjord. Skildre endring og endringsprosessar; bruken og rettslege tilhøve. Drøfte funna ut frå eigedomsfagleg ståstad, m.a. gjennom teori om bruk av sams ressursar. Denne vide problemstillinga, som kan utgreine seg i mange ulike retningar, har eg igjen korta ned til meir konkrete hovudproblemstillingar:

- 1) Korleis er ei ”avviklingsbygd” i Nordfjord organisert med tanke på eigedomstilhøve og bruk av arealressursar, med vekt på utmark og beiting?
- 2) Kva for tilpassingar og organisering finn vi i denne type utmark, med denne type eigedomstilhøve og med denne type avviklingsjordbruk?

Vi veit ein god del om kva som skjer med innmark og tun i samband med nedlegginga av gardsbruk, men kva som skjer – om det skjer noko, i utmark veit vi mindre om. Det vil eg undersøkje.

Grunnen til at eg har valt akkurat arealressursen beiting som hovuddøme i denne oppgåva, er som nemnt tidlegare at beiting, eller mangelen på denne, fører til store endringar i utmarka i dag. Eg vil likevel ta for meg nokre av dei andre arealressursane i utmark óg, som t.d. jakt. Utmarka er óg interessant nettopp fordi det er ein samanheng mellom jordbruk og utmarksbruk, men denne samanhengen er no i endring, dei driftsmessige banda er så å seie i ferd med å smuldre vekk. Set vi att med berre eigedomsmessige band mellom innmark/tun og utmark? Vi veit som nemnt lite om akkurat kva som skjer med utmarka i desse situasjonane, sjølv om utmarka er ein stor del, faktisk den største delen, av landet vårt.

Ut frå det eg etterkvart vonar å finne ut vil eg så freiste å reflektere framtidsetta; serskilt langs eigedomsfaglege liner; er det andre/nye/endra måtar å tenkje organisering av eigedomstilhøva?

Frå desse tankane spring det ut nokre konkrete spørsmål;

- 1) Kva eigedomstilhøve finn vi i utmarksområdet eg har valt i Blakset?
- 2) Kva former for organisering av arealressursar og eigedomstilhøve finst? Kva er det som har forma dei? Og kva med offentlege rammevilkår? Er organiseringa óg påverka av offentlege inngrep, eller er det heile reint privatrettsleg?
- 3) Korleis er bruken av arealressursane i området organisert i praksis no?
- 4) Kva skjer med organiseringa ved endring av rammevilkår, som t.d. økonomi og offentlig regulering?
  - Kva skjer når talet på beitedyr vert endra?
  - Kva skjer med gjerdehald når færre med gjerdeplikt har dyr?
  - Kva skjer med andre arealressursar når beiteressursen ikkje lenger er den viktigaste?
  - Kva skjer med organiseringa av utmarksressursane når bruk vert bustadar i staden for driftseiningar, og fjellet vert ein arena for fritid og rekreasjon i staden for naudsynleg for jordbruket?
- 5) Kva for løysingar finn eg på utfordringar knytt til endra rammevilkår?

På denne måten kan ein gå gjennom problemstillingane frå det enkle til det meir komplekse – korleis er eigedomstilhøva og organisering, kva skjer så ved endring av rammevilkår og kva løysingar kan ein tenkje seg? Omgrepet organisering er noko vidt, og dette vil eg presisere nærare seinare i oppgåva.

Ei oppsummering av problemstillinga:

Eg vil undersøkje korleis eigedomstilhøva er, korleis dei har blitt slik, serleg korleis dei har respondert på arealbruk. Kva no – når arealbruken ser ut til å ha endra seg mykje og dei driftsmessige banda mellom garden og utmarka veiknar?

### **1.3. Oppbygging av oppgåva**

Oppgåva er oppbygd kring ein tankegang om kunnskapsoppbygging om temaet, og ein tanke om å nytte teori frå starten av oppgåva på empiridelen i slutten av oppgåva for å freiste å svare på problemstillingane.

**Kap.1:** Innleiingsdel med grunngjeving for val av tema, kvifor det er aktuelt og avklaring av problemstillingar. Dette kapitlet syner kva eg vil med oppgåva, og mål og tankar kring den. Kapitlet forklarar også korleis oppgåva er bygd opp. Dette er for at lesar skal kunne få klårt føre seg kva det handlar om, korleis oppgåva bør lesast og kvifor oppgåva vert skriva.

**Kap.2:** Teoridelen skal skape ei forståingsramme for oppgåva. Gjennom denne delen av oppgåva lagar eg eit grunnlag for casestudien i empiridelen.

**Kap.3:** Empiridel basert på eigne studie, og undersøkingar frå caseområdet i Blakset.

**Kap.4:** Analysedel med samkøyring av teoridel og empiridel. Den meir ”generelle” delen av oppgåva vert slått saman med den ”spesifikke” delen for å freiste å analysere, og svare på problemstillingane frå kapittel 1. Denne delen er ei drøfting med utgangspunkt i erfaringar frå arbeidet med oppgåva og problemstillingane. Dette kapitlet inneheld óg ein avslutningsdel med eigne tankar, refleksjonar og idear knytt til temaet.



## **1.4. Framgangsmåte/metode**

### **1.4.1. Teoridel**

Eg har valt å starte hovuddelen av oppgåva med ein teoridel, for å skaffe meg ei slags form for forståingsramme. Denne delen av oppgåva er ganske stor, men eg ser på det som ein naudsynt innleiingssekvens, dels for oppbygginga av empiridelen, og dels for å setje temaet i eit større perspektiv. Dette perspektivet har dels å gjere med å sjå litt vidare enn den bygda eg studerar.

Teorikapitlet gjev ei grunnleggande innføring i terminologi og omgrep knytt til temaet, og ei forståingsramme. Det var denne delen av oppgåva eg starta med. Grunnen til det var at eg hadde eit behov for eit teoretisk grunnlag å bygge den empiriske delen av arbeidet på.

Teoridelen baserar seg på eksisterande litteratur, og denne litteraturen er stort sett lærebøker frå studietida, men óg andre ting som m.a. andre masteroppgåver. Eg har brukt Nina Gilberg (2009) si masteroppgåve om beitebruk og hytter mykje. Den har vore både til ”informasjon” og inspirasjon, og då ikkje berre i teoridelen, men også oppsett og struktur generelt.

Grunnen til at jordskifte har fått såpass stor plass i oppgåva er dels fordi jordskifte i fortida har spela så stor rolle, dels fordi jordskifte kan kome inn i den omorganiseringa ein kan sjå for seg i framtida.

Teoridelen er strukturert kring ein tanke om ei hierarkisk oppbygging av utnytting av ein eigedom. Tankegangen er så enkel som at den faktiske bruken av ein eigedom er ein funksjon av mange ulike tilhøve. Denne strukturen har vidare vore til hjelp for å halde fokus i oppgåva. Teoridel og empiridel må henge saman gjennom heile oppgåva, og teoridelen må strukturast ut i frå at den skal vere til nytte i ein konkret empiridel.

### **1.4.2. Empiridel**

Empiridelen er basert på egne undersøkingar. I denne delen av oppgåva har eg funne det naturleg å studere jordskiftesaker i området, og rettsbøker frå desse. Dette for å finne ut korleis eigedomstilhøva i området var og er.

I tillegg til å studere rettsbøker er studien basert på telefonintervju og spørjeskjema til grunneigarar og andre aktørar, som leiaren i det lokale bondelaget, landbruksdirektøren i Sogn og Fjordane, jordskifterettsleiar og konsulent ved Nordfjord jordskifterett og jordbrukssjefen i Stryn kommune.

I tilknytning til spørjeskjemaet til grunneigarane har eg valt å anonymisere dei. Dette har eg gjort av den enkle grunn at eg ikkje såg noko grunn til å namngje dei.

Alle grunneigarane fann eg ved hjelp av rettsbøker frå jordskiftesaker i området, og eg avgrensa området ut frå nettopp avgrensinga frå jordskiftesakene. I tillegg til dette er det ei naturleg avgrensing i området reint geografisk og naturmessig.

Grunneigarane vart kontakta gjennom brev, dvs. dei fekk eit spørjeskjema frå meg i posten. Eg valde denne måten å gjere det på sidan dette vart gjort om sommaren, og det då kunne vere vanskeleg å få møte alle. I tillegg er det heller ikkje alle grunneigarane som bur i bygda. På denne måten fekk eg svar på det eg spurde om, men det er klårt at eg nok ville ha fått meir ”gratis” dersom eg hadde hatt samtale der eg faktisk møtte ”objekta”. Av denne grunn vert kanskje ikkje kvaliteten den beste, men på same tid er dette ei sak som har mykje konkrete ”ja – og nei” – spørsmål og svar.

I ettertid ser eg óg at det kunne vore interessant å studere eit område med meir beiting og ”aktivitet” enn det er i mitt caseområde, men etter å ha sendt ut spørjeskjema til grunneigarane følte eg at eg ikkje hadde høve til å endre på dette. På same tid kan det óg vere interessant i seg sjølv at det er så lite beiting i området.

Dei andre eg har vore i kontakt med i tilknytning til spørsmål angående oppgåva, har eg hovudsakleg kontakta over e-post, altså då spørjeskjema over e-post, sidan eg sjølv tykkjer dette er ein grei måte å kommunisere på sidan ein då kan svare meir når det passar. Mi erfaring er óg at eg kan få gode og konkrete svar på e-post, og at dersom den eg ynskjer å spørje per e-post meiner eit telefonintervju passar betre, seier dei som regel i frå. I tillegg til spørjeskjema til grunneigarane, landbruksdirektøren, jordbrukssjefen, jordskifterettsleiar og konsulenten ved Nordfjord jordskifterett, har eg gjort to telefonintervju. Eitt til ein styremedlem i sankelaget og eitt til leiaren i det lokale bondelaget.

Det er viktig å nemne at studien i denne oppgåva hovudsakleg er basert på mine studie av rettsbøker, og intervju og spørjeskjema med grunneigarane og andre aktørar. I tillegg til dette

har eg óg vore rundt i området og veit sjølv korleis ”stoda” er i dag. Det er sjølvsagt meir ein kunne gjort, men med tanke på tidsaspekt og omfanget av oppgåva må ein óg avgrense seg.

Svara på spørjeskjemaet til grunneigarane har eg valt å presentere på tre ulike måtar; først har eg laga ein tabell der spørsmåla og svara til alle ”objekta” som svarte er presenterte. Etter dette har eg presentert resultata av spørjeskjema i eit samandrag. Til slutt har eg laga eit diagram med ei prosentvis fordeling ut frå svar frå grunneigarane. På denne måten tykkjer eg sjølv at svara er godt presenterte på fleire ulike måtar.

### **1.4.3. Analysedel**

Analysedelen av oppgåva er ei oppsummering og drøfting av funn frå områdestudien og teoridelen. Denne delen av oppgåva er ei samanfating av eksisterande litteratur og empiriske resultat. Teorien i oppgåva er i dette kapitlet brukt på funn frå områdestudien. På denne måten vert erfaringar frå caseområdet brukt saman med teorien, og gjennom analyse vil det i denne delen av oppgåva ende i drøfting av problemstillingane som er utgangspunktet for oppgåva og ein konklusjon der eg freistar å svare på desse.

## Kapittel 2. Terminologi, omgrep og tilnæringsmåtar

### 2.1. Terminologi

I dette avsnittet vil eg ta for meg nokre viktige omgrep og termar i høve til oppgåva. Både omgrep og tilnæringsmåtar er her å sjå på som verkty for å kunne analysere og å forstå. Dels for meg sjølv, dels for lesaren. Eg vil aller først gjere klårt kva eit omgrep og ein terme er:

- 1) Omgrep: Ei mental førestilling om eitt eller anna
- 2) Terme: Eit namn på eit omgrep

Dei fleste av desse omgrepa er kjende frå før, men med dette avsnittet vil eg få fram kva eg legg i desse. Avsnittet vil legge grunnlaget for vidare arbeid og lesing av oppgåva, og eg har valt å gjere dette til ein forholdsvis viktig del i oppgåva.

Det er óg viktig å nemne at omgrep som er skisserte her kan ha anna tyding enn det som her er skrive. I daglegtalen nyttar mange ofte omgrep om einannan og eit omgrep kan tyde fleire ulike ting i ulike samanhengar, eller på ulike kantar av landet.

**Eigedomstilhøve:** Korsvolla et al (2004) har forklart dette omgrepet, og eg byggjer på dei;

Omgrepet omhandlar korleis eigedomen ser ut, og kva den består av. Kven som har rettar i eigedomen, og kva desse rettane består av, fortel oss om status m.o.t. tre element:

- 1) Eigdomsstruktur – eigenskapar ved objektet (eigedomen), som t.d. tal teigar, form og storleik.
- 2) Eigarstruktur – eigenskapar ved subjektet/subjekta (eigaren/eigarane). T.d. er det snakk om privat eller offentleg eigarskap? Kjønn, alder, utdanning, yrke m.m.
- 3) Struktur på rettar – type rett (eigeforma). T.d. servituttar, allemannsrettar, eigeformer som t.d. eineeige, sameige, eller som i utmark på Vestlandet; såkalla ”sambeite” m.m.

Jordskifteretten kan gripe inn i to av desse tre elementa;



- 1) Gjennom utforming og omforming av eigedomar ved hjelp av byteprosessar kan jordskifteretten endre eigedomsstrukturen
- 2) Gjennom utforming, omforming og organisering av rettar kan jordskifteretten endre strukturen på rettar

Endringar i eigarstrukturen er det rettshavarane som rår over.

**Gard/samling av gardsbruk:** I denne oppgåva vil eg nytte omgrepet gard om den ”opphavlege” garden, altså det seinare bruk med same gardsnummer er skilt ut frå. Ein har og nytta nemninga ”namnegard” om denne eininga, men ein kan langt på veg i praksis seie dei vart til som matrikkeleiningar i 1665 (Pers. med. Sevatdal 2010b).

I Stryn kommune vil garden, matrikkelgarden, svare til den matrikulere nemninga gardsnummer (Korsvolla et al. 2004).

**Gardsbruk/bruk:** Gardsbruket, eller bruket, er driftseiningar som er skilde ut frå garden – som etterkvart vert ein fleirbølt gard. I motsetnad til garden er gardsbruket ikkje ei opphavleg skyldsett eining. Den matrikulere nemninga til gardsbruket vert bruksnummeret i tillegg til gardsnummeret til den ”opphavlege” garden.

Gardsbruket dannar ei fysisk og økonomisk ramme kring bondehushaldet – altså er (eller rettare sagt var) gardsbruket sjølvstendig med tanke på produksjon, drift og bustad (Sevatdal 1989).

**Garddeling:** Med garddeling meiner eg for det første deling av den ”opphavlege” garden til fleire sjølvstendige driftseiningar – gardsbruk, men óg vidare oppdeling av bruka. Det er her ein får den fleirbølte garden. Ved ufullstendig garddeling vert t.d. ein gard delt i to ulike bruk, der innmarka vert delt saman med resten av garden, medan utmarka vert liggande udelt i fellesskap. Utmarka vert då brukt i fellesskap, vanlegvis etter same høvetal som garden vart delt etter (Pers. med. Sevatdal 2010b).

Denne ufullstendige garddelinga som har vore utbreidd frå gamalt av botnar ofte i at ein skifte det som var fornuftig og føremålstenleg å individualisere fysisk (Sevatdal 1989). Dersom det då t.d. ikkje var fornuftig eller naudsynt å skifte utmarka, så vart dette heller ikkje gjort.

**Stølsområde:** Med stølsområde meiner eg områder som ligg i, eller opp mot fjellområde.

Nokre stølar finn ein over barskoggrensa, medan andre ligg under. Det vil ikkje vere barskoggrensa som definerar stølsområdet. Stølen i caseområdet, Raufjell, ligg ca.200 meter over barskoggrensa. I stølsområde har bruken frå gamalt av stort sett vore stølsdrift – ”setring”, og beiting.

**Utmark:** Omgrepet ”utmark” må sjåast i samanheng med omgrepet ”innmark”. Frå gamalt av vart utmarka sett på som det som var utanfor utmarksgjerdet (t.d. ”opp om garden”) som omkransa garden med bruka. Innmarka var det som låg innafor dette gjerdet. Andre gjerder på garden (t.d. gjerder mellom bruka) var ofte sekundære i høve til utmarksgjerdet. Det var heller ikkje vanleg å setje gjerde mellom bruka på garden. På grunn av teigblandinga og fellesbeitinga var det vanskeleg å gjerde inne kvart enkelt bruk. Inngjerding av bruka vart meir vanlege først etter utskiftingane der innmarka vart inndelt i større og færre teigar, og fellesbeitinga her vart avløyst. Friluftsløva sine definisjonar av ”innmark” og ”utmark” er ikkje det same som denne tradisjonelle inndelinga. Innmarka kunne frå gamalt av bestå av fleire ulike slag mark, og var rett og slett det området som låg nærast tunet, og som var nytta mest intensivt, altså området innanfor utmarksgjerdet. Som nemnt tidlegare har omgrepet utmark i dag endra seg litt. Etter Friluftsløva er ”utmark” land- og ferskvassareal som ikkje er busett, oppdyrka eller tatt i bruk. Nyttar vi omgrepet slik vil ca.90 % av Noreg vere utmark (Korsvolla et al. 2004) . I denne oppgåva vil omgrepet utmark verte nytta meir i den gamle eigedomsfaglege samanhengen. Eg vil også skilje mellom heimeutmark og fjellmark, som er vanlege omgrep heime i Nordfjord (det finst óg andre lokale namn på dette andre stadar i landet, som t.d. ”heimrast” og ”utrast” (Pers. med. Sevatdal 2010b)). Det kan vere noko uklårt kvar skiljet mellom desse går, men heimeutmarka vil vere den utmarka ein har ned til utmarksgarden sin, medan fjellmarka vil ligge noko høgare i terrenget, og grense til og vere ein del av stølsområdet. Heimeutmarka vil no til dags ofte vere skift til fulle eigedom, medan fjellmarka ofte ligg i fellesskap.

Høgfjell						
Fjellmark med støylsområde						
Utmark med skog - "heimeutmark"	A	B	C	D	B	D
Innmark og "driftssenter"	A		B	C		D
Fjord/dalbotn						

Figur 1: Ei skisse av eigedomstilhøve. Kjelde: (Sevatdal 1989 s.45)

**Full eigedom:** Omgrepet "full eigedom" er ofte nytta ved jordskiftesaker, og meiningsinnhaldet er at område vert skifta til individuell eigedom. Det vil seie når t.d. eit sameige vert oppløyst, og kvar enkelt grunneigar får ein del av sameiget til full eigedom. Då har han alle rettar og plikter som fylgjer med eigedomen, og eig den då åleine. Sjølv sagt kan desse rettane igjen ligge til andre i form av bruksrettar som t.d. servituttar, men det er altså grunneigar som har full kontroll over grunnen.

**Arealressursar:** Med arealressursar meiner eg dei ressursane som knyter seg til ein eigedom (eit areal) – ein stadbunden ressurs. Desse ressursane kan vere t.d. jakt, beite, fiske eller skog. Det som kjennemerkjer ein arealressurs er at den må nyttast der den er, og kan ikkje flyttast – primære arealressursar. Men det finst óg sekundære arealressursar som t.d. kan utvinnast eller haustast (Strand 2009). Normann (1996) har i si kommentarutgåve til jordlova sagt at arealressursar er "jordviddene med skog og fjell og alt som hører til" (Normann 1996) s.9.

**Sambeite:** Sambeite har vi når det til ein eigedom med eineått grunneigedomssrett ligg ein sams beiterett. Dette vert ei form for rettsleg grunna sambruk. I 1971 var heile 74,3 % av

skogeigedomane i Stryn kommune eigedomar med sambeite (Sevatdal 1971). Eg vil sjå nærare på dette omgrepet seinare i oppgåva.

**Over - og underbeiting:** Det finst mange ulike definisjonar på over - og underbeiting. Ein kan vel seie det slik at det ved "normalbeiting" vert skapt eit ynskt stabilt vegetasjonssamfunn. For å seie det enkelt har vi underbeiting der det er for få og for like dyr som beitar. Dette fører igjen til attgroing. Overbeiting har vi når vi er i andre enden av "skalaen". For mange dyr beitar på for lite areal, og vekstane får ikkje sjansen til å vekse slik dei bør.

Overbeiting er ofte knytt til sjølve beitegrunnlaget. Ein definisjon henta frå "Norsk Sau og Geit" si heimeside er at overbeiting er beiting som fører til at utbreiinga av beiteplantar vert redusert over tid (nsg.no 2010a). Denne definisjonen tek eg litt atterhald til, sidan akkurat dette kan vel tenkjast å vere eit resultat av underbeiting óg.

**Institusjonar:** Omgrepet institusjon er óg eit viktig og mykje brukt omgrep i eigedomsfagleg samanheng. For mange vil "institusjon" stå for t.d. skulen eller aldersheimen i nærleiken, men i denne samanhengen vil institusjon stå for noko anna. Som Korsvolla et al.(2004) har forklart det i si framstilling står omgrepet institusjonar i denne samanhengen for spelereglar i samfunnet - reglar, eller "arrangement" i samfunnet. Desse reglane gir rammer for åtferda i samfunnet vårt. Institusjonane kan vere både lover, reglar, vedtak, reguleringar m.m. Men óg åtferdsbestemmande reglar som kjem frå t.d. tradisjon, skikk & bruk, normer og religion.

**Regime:** Regime er ein terme som samlar saman omgrepa institusjon og aktør. Korsvolla et al. (2004) forklarte dette på s 15, og under har eg brukt det som kjelde.

Eg skal her ta for meg tre typar av regime:

- 1) Privatrettsleg: Eigdomsregimet – dette regimet består av eigdomsretten og aktørar som handlar med basis i den, og lovreglane som omhandlar den.
- 2) Offentlegrettsleg: I eigdomsfagleg samanheng skil vi gjerne mellom to regime her; Reguleringsregimet – som består av reguleringslover og reglar, og dei offentlege organ som handlar med heimel i desse lovene og reglane.


Det jordpolitiske regimet – består av jordpolitiske lover og reglar som gir det offentlege heimel til å styre arealbruk og å gripe inn i eigedomstilhøve.

**Organisering:** Organisering er etablering av mønster for samhandling mellom aktørar. Dette gjeld i område der det er fleire aktørar, og desse er avhengige av kvarandre. Organiseringa kan vere basert på avtaler eller lover, eller kombinasjonar av desse. Når det berre er ein aktør, kan det likevel vere snakk om organisering, men då går det meir på korleis denne aktøren innrettar seg m.o.t. bruken. Eg vil forklare dette omgrepet nærare seinare i oppgåva.

## 2.2. Teori

### 2.2.1. Innleiing

Eg veit ein del om korleis eigedomstilhøva og arealbruken er, og har vore i slike område som eg tek for meg i denne studien. Vi veit t.d. at det er sterk eigedomsmessig tilknytning mellom innmark og utmark. Vidare veit vi óg ein god del om korleis dei driftsmessige banda har vore, og ikkje minst veit vi at det har vore, og er, visse former for hopehav mellom eigedomane og mellom eigarane. Dette hopehavet har dels vore knytt til drift, og dels knytt til eigedomstilhøve. Ettersom eg er ute etter ei slags strukturerande forståingsramme, må eg freiste å finne eit rammeverk som femnar dette. Eg vil starte struktureringa med å dra opp figur 2.



Figur 2: Prinsippkisse kring utnytting av eigedomane i eit område.


Figuren er tenkt som ei slags strukturerande ramme for arealbruk i utmark. I botnen, som eit fundament, ligg dei institusjonelle rammevilkåra med lover, reglar og normer. Med rammevilkåra på plass vert eigedomane organiserte, og til slutt utnytta, det vil seie ein praktisk bruk – eller for den del – ikkje-bruk av området.

Det er altså ein sers nær samanheng mellom organisering og utnytting, dei er så og seie to sider av same sak. Vi kan seie at utnyttinga er organiseringa i praksis. Medan ”organisering” er eit omgrep som femner vidt, vil ”utnytting” vere meir spesifikt.

Omgrepet ”organisering” slik det er brukt i figuren treng nærare presisering. Vi får tenkje oss at vi har føre oss eit utmarksareal med ressursar av ymse slag. Vidare har vi det eg har kalla ”institusjonelle” rammevilkår. Omgrepet organisering går då på struktureringa, eller ordninga om ein vil, av ressursane innanfor desse institusjonelle vilkåra. Eigedomstilhøva vil på denne figuren bli ein del av organiseringa, likeeins også leigetilhøve, infrastruktur, reguleringsstruktur m.m. Eg meiner at det kan vere fruktbart med eit så vidt omgrep her – heilt enkelt fordi vi er/kan vere inne i ein så gjennomgripande endringsprosess, då tenkjer eg sjølv sagt på nedlegging i jordbruket. Det kan til dømes tenkjast at den gardsbruktilknytte forma for utmarksbruk ikkje er den aktuelle eller einaste i framtida. Sagt på ein anna måte: eg gjer ein freistnad på å bruke omgrep som er litt ”frigjort” frå tradisjonelle framstillingar.

Omgrepet ”utnytting” går då i denne samanhengen meir på den praktiske aktiviteten for dei einskilde ”drivarane”.

Men bruken i eit område let seg likevel ikkje fange opp så enkelt som figur 2 skisserar, heilt enkelt fordi vi har ein struktur på dette frå før. På ein eller anna måte lyt då dei faktiske eigedomstilhøva inn i modellen, difor har eg valt å skissere nok ein modell med utgangspunkt i Sevtdal (2006) s.80:



Figur 3: Den faktiske bruken som ein funksjon av eigedomstilhøva, offentlig regulering, institusjonelle tilhøve og sosioøkonomiske tilhøve. Modellen har eg laga sjølv med Sevatdal (2006) s.80 som referanse.

Modellen byggjer på ein enkel tankegang om at den faktiske bruken er ein funksjon av eigedomstilhøva, offentlig regulering, institusjonelle tilhøve og sosioøkonomiske tilhøve. Utan at eg har fått det fram i figuren ligg dette med nedlegging i jordbruket under heile tida. I den vidare framstillinga i dette kapitlet vil eg bruke denne tankegangen til å freiste å fange opp viktige serdrag ved røyndomen som arealbruken i utmark skjer innanfor.

Går vi no tilbake til figur 2 vil eg her starte med fundamentet i den, nemleg dei institusjonelle rammevilkåra.

### 2.2.2. Institusjonelle tilhøve

Institusjonelle rammevilkår vil omhandle både lovfesta reglar, men som nemnt tidlegare, også meir uformelle normer for skikk og bruk. I denne samanhengen er det dei meir formelle lovreglane og aktørane som tek avgjerder med heimel i desse eg vil ta for meg.

## **Privatrettslege reglar/lovsystem**

**Jordskiftelova:** ”Lov om jordskifte” LOV-1979-12-21 nr.77.

Jordskifte har i høg grad forma den eigedomsmessige organiseringa av utmarka på Vestlandet.

Jordskiftelova har røter langt tilbake i tid. Både Magnus Lagabøters landslov, Frostatingslova og Gulatingslova inneheldt reglar for å skifte jord etter landskylda til den enkelte. I 1821 kom utskiftingslova, og denne var ein freistnad på å avskaffe jordfellesskapet i Noreg.

Utskiftingslova av 1859 gjorde at utskifting av både utmark og innmark kom i gong for fullt. I 1882 vart denne lova igjen revidert, og utskiftingane vart lagde til ein særdomstol som fekk namnet utskiftingsretten. I 1951 kom ny jordskiftelov og omgrepet jordskifte vart innført i lovverket. I 1979 kom ei ny jordskiftelov til, det er denne som gjeld i dag, men ei ny jordskiftelov er no rett rundt hjørnet (NOU 2002:09).

Lova sitt føremål er å ordne bruk etter tid og tilhøve, og eigedomar det er vanskeleg å nytte på tenleg måte kan med heimel i denne lova leggest under jordskifte. Lova heimlar óg jordskifte der tilhøva vil verte utenlege.

Jordskiftelova vil i denne samanhengen vere aktuell med tanke på t.d. sontring mellom eigedomsregimet og reguleringsregimet, jordskiftesakene eg har studert i caseområdet og biletet eg har fått av eigedomstilhøva og kva jordskifteretten kan gjere med heimel i lova for å gjere tilhøve best mogleg etter tid og tilhøve. Reglane har i høg grad vore med til å forme røyndomen. Dei kan óg bidra til å forme framtida.

**Gjerdelova:** ”Lov om grannegjerde” LOV-1961-05 nr.5. Denne lova tek for seg spørsmål og utfordringar kring gjerder mellom eigedomar, t.d. rett og tvang til å ha gjerde, gjerdehald og gjerdeskjøn. Lova gjeld i utgangspunktet gjerde i grensa mellom eigedomar. Lova er deklarasjon.

I denne oppgåva vil grannegjerdelova vere aktuell med tanke på t.d. gjerdehald vedkomande utmarksgjerdet, eller gjerde mellom eigedomar.



**Beitelova:** ”Lov om ymse beitespørsmål” LOV-1961-06-16 nr.12. Denne lova skal som namnet tilseier, ta for seg ymse beitespørsmål, og inneheld bestemmingar om t.d. ansvar for husdyr og beiterregulering. Lova er deklarasjonisk.

I tilknytning til denne oppgåva vil lova vere aktuell sidan ho tek for seg sentrale høve knytt til beiting og beitebruk.

**Odelslova:** ”Lov om odelsretten og åsetesretten” LOV-1974-06-28 nr.58. Lova er preseptorisk, og regulerar slekta sin løysingsrett til jord, slik sett er den privatrettsleg. Men lova tek og for seg kva som kan odlast, odelsvilkår, odelsfrigjering, reglar for bu - og driveplikt m.m. Slik sett vert den også offentlegrettsleg, og dette illustrerer at vi kan finne reglar av baa slaga i ei og same lov.

I tillegg kjem lover som t.d. sameigelova, servituttlova, grannelova, avtalelova, avhendingslova, lover om selskapsdanning m.m.

### **Offentlegrettslege reglar/lovsystem**

**Jordlova:** ”Lov om jord” LOV-1995-05-12 nr.23. Gjennom denne lova skal framtidige generasjonar sine behov takast omsyn til. Føremålet med jordlova er m.a. å sikre berekraftig utvikling og vekst i bygdene, og å legge tilhøva til rette for at arealressursane skal verte brukte til det beste for dei med landbruk som yrke, og på den mest samfunnslønsame måten (Normann 1996). Gjennom lova vert det også lagt til rette for at garden sine samla ressursar skal nyttast som ein heilskap (regjeringen.no 2010).

Jordlova vil vere serskilt aktuell i høve til denne oppgåva sidan den har som føremål å m.a. sikre ei berekraftig utvikling og vekst i bygdene. Denne lova må reknast å vere sentral i eit framtidretta jordbruk i ”bygdenoreg” og då også utmarksbeiting, eller, den burde vere det.

Jordlova har vore gjennom ei endring frå jordlova av 1955 med hovudvekt på vern av det driftsøkonomiske og arealet for produksjon av mat. Det vart i denne lova óg lagt vekt på at ”familiebruket” skulle fremjast. Det vil seie at det vart lagt vekt på gardsbruk som var store nok til å gje alle på garden trygge økonomiske kår. Staten skulle etter lova støtte dette med å

skaffe naudsynnte ressursar for å nå dette målet. Med den nye lova vart fokuset noko endra; det vart no fokusert på at arealressursane skulle disponerast ut i frå ein tankegang om framtidige generasjonar og deira bruk. Det er fokus på at kulturlandskap og areal skal takast vare på, og vere eit grunnlag for helse, liv og trivsel. Ein ser her at det ikkje lenger ein-sidedig er lagt vekt på opprettinga/oppretthaldinga av "familiebruka". Utviklinga i landbruk og samfunn gjer endringane i jordlova naudsynnte (Normann 1996). Normann (1996) seier óg i si kommentarutgåve at sentrale element i ein framtidig landbrukspolitik vil vere å oppretthalde ein variert bruksstruktur, redusere kostnadsnivået og ta omsyn til miljøet.

**Plan- og bygningslova:** "Lov om planlegging og byggesaksbehandling" LOV-2008-06-27 nr.71. Lova har som føremål å fremje berekraftig utvikling. Planlegging og byggesakshandsaming i tråd med denne lova skal spegle lover, reglar, mål og retningsliner i samfunnet, og lova er preseptorisk.

Lova vil i denne oppgåva vere aktuell med tanke på t.d. framtidsretta planlegging og organisering i utmark og ved beiting. Lova vil spegle nokre av reguleringsregimet sine mål for framtida.

**Forvaltningslova:** "lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker" LOV-1967-02 nr.10. Denne lova gjeld all verksemd som vert driven av forvaltingsorgan, og som namnet tilseier omhandlar lova korleis ein skal handsame forvaltningssaker, og lova er preseptorisk.


I denne oppgåva vil lova vere aktuell i tilknytning til t.d. organisering av utmarksbeiting, som m.a. organisert beitebruk.

**Konsesjonslova:** "Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom" LOV-2009-06-19 nr.101. Lova er preseptorisk, og skal regulere og kontrollere omsetjing av fast eigedom. Lova hjelper til å oppnå eit effektivt vern om produksjonsareala i landbruket. Den skal óg fremje og ta vare på dei eigar- og brukstilhøva som er mest nyttige for samfunnet.

I tilknytning til denne oppgåva vil lova vere serskilt aktuell i høve til drøfting av framtidsutsikter.

### 2.2.3. Omgrepet regime

Regime er ein terme og eit omgrep som samlar omgrepa institusjon og aktør. I denne samanhengen vil eg gå ein del inn på "regime" nettopp fordi vi kan tenkje oss at endringar vi ser i utmarka i dag må skje i form av prosessar. Desse prosessane skjer igjen innanfor rammevilkår med institusjonar og aktørar som handlar med basis i institusjonane. Det viktige er at i regima har aktørane makt til å ta avgjersler med heimel i institusjonane. Her har eg laga ein figur som syner regima, og dei ulike formene for dette.



Figur 4: Regima.

For vårt føremål kan vi operere med tre "regime":

- 1) Egedomsregimet
- 2) Reguleringsregimet
- 3) Det jordpolitiske regimet

#### 2.2.3.1. Egedomsregimet

Egedomsregimet er eit privatrettsleg regime som spring ut av egedomsretten; lovreglane og aktørane knytt til denne. I dette regimet vil viktige institusjonar vere m.a.:

- 1) Jordskiftelova
- 2) Servituttlova
- 3) Gjerdelova
- 4) Beitelova
- 5) Sameigelova
- 6) Normer for åtferd og verdiar som spring ut av eigedomsretten

### ***2.2.3.2. Reguleringsregimet***

Reguleringsregimet er eit offentlegrettsleg regime som består av reglar og lover som heimlar at offentlege organ grip inn på ymse vis. Institusjonar som er viktig i dette regimet vil vere m.a.:

- 1) Plan- og bygningslova
- 2) Forvaltningslova

### ***2.2.3.3. Det jordpolitiske regimet***

Det jordpolitiske regimet er óg eit offentlegrettsleg regime som består av jordpolitiske lover og reglar. Desse gjev heimel til det offentlege for å styre arealbruk og gripe inn, meir eller mindre beinveges, i eigedomstilhøve. Viktige institusjonar i dette regimet vil m.a. vere:

- 1) Jordlova
- 2) Konesjonslova

Sjølv om vi kan sjå på desse regima som tre sjølvstendige regime vil dei likevel henge saman, og vere knytte til kvarandre. Den viktigaste samanhengen i dette tilfellet vil nok vere mellom eigedomsregimet og det jordpolitiske regimet. Her vil aktørane handle med eigedomsrett gjennom eigedomsregimet, og det jordpolitiske regimet vil legge føringar for desse aktørane gjennom sitt regime (Gilberg 2009).

#### **2.2.3.4. Egedomsregimet og jordskifte**

Eg vil óg ta med litt om jordskifteretten i lys av, og som del av egedomsregimet. Det er ikkje heilt enkelt å plassere jordskifte og jordskifteretten i tankegangen eg hittil har presentert. Enklast er det vel å oppfatte det som eit slags ”hjelpinstrument” i tilhøve mellom eigarane, med omsyn til organisering og utnytting.

Eg vil legge serskilt vekt på og skrive litt om dette sidan det er sers viktig i tilknytning til empiridelen av oppgåva. Jordskifteretten og jordskiftelova spelar óg ei viktig rolle i utmark gjennom t.d. klårlegging, organisering, forhandling, omforming, mekling og avgjerdner (Korsvolla et al. 2004). Jordskifteretten har forma egedomstilhøva i caseområdet i Blakset, og kan vere viktig i framtid. Primært har eg gjort jordskifte til ein del av oppgåva p.g.a. at det er eit mogleg framtidig verkemiddel ved ressursar som krev ny organisering for moderne utnytting. Sekundært fordi det ofte nettopp er jordskiftesakene som har gjort egedomstilhøva slik dei er. Dette er tilfelle i caseområdet i Blakset.

Jordskifteretten er ein særdomstol som i kvart enkelt tilfelle må prøve om den har formell kompetanse, og om dei andre vilkåra for at saka kan fremjast óg føreligg. Særdomstolane har domsmakt på eit avgrensa rettsområde, og jordskifteretten kan berre handsame saker med heimel i jordskiftelova, og tek ikkje opp saker på eige initiativ. I jordskifteretten er tvist ikkje noko vilkår for å krevje sak.

Ei klassisk jordskiftesak utspelar seg i område med mange nyttingsformer. Kjernen i utfordringar knytt til areal er ofte ulike nyttingsformer på same areal (Gilberg 2009).

Jordskifte består i hovudsak av to element (henta frå (NOU 2002:09)):

- 1) Klårlegging av egedomsrettslege tilhøve.
- 2) Endring av egedomstilhøve både fysisk, rettsleg og organisatorisk. Dette er for å oppnå gevinst med omsyn til areal- og anna ressursutnytting.

Jordskifte sitt regelsystem m.o.t. endring inneheld óg ein garanti mot tap. Denne garantien er eit viktig skilje mellom oreigning og jordskifte, og vil óg markere eit skilje mellom det offentlegrettslege regimet og det privatrettslege regimet. I jordskiftelova § 3 bokstav a finn vi denne garantien, som er ein viktig del av rammevilkåra for jordskifte.

Noko som er viktig å ha klart for seg i samanheng med jordskifte, er skilnaden på jordskifte og forvaltning. Her kjem eit viktig poeng; vi skil her mellom det privatrettslege regimet og det offentlegrettslege regimet, som nemnt tidlegare. Eit sers viktig poeng er at jordskifteretten er ein partsnøytral særdomstol, med heimel i egedomsregimet, som ikkje må forvekslast med eit forvaltingsorgan, med heimel i reguleringsregimet. Skilnaden er at det offentlege skal gjennom eit reguleringsregime, regulere tilhøve mellom private og offentlege interesser. Jordskifteretten si rolle er å gjennom egedomsregimet, regulere tilhøvet mellom dei private interessene i eit område med tanke på optimalisering av egedoms- og bruksrettstilhøve.

Jordskifteretten si makt og kompetanse til å avgjere, ligg i eit saksfelt partane sjølve har herredøme over. Det tyder rett og slett at jordskifteretten er like avhengig av forvaltingsorgana som partane sjølve er. Vert t.d. partane sitt eigarrådvelde innsnevra, vil også jordskifteretten sin kompetanse verte tilsvarande innsnevra. Kjernen i jordskifteretten si tvangsmakt ligg altså i tilhøvet mellom partane. Med tanke på myndigheitsutøving ser vi eit hovudskilje mellom jordskifte og forvaltning her (NOU 2002:09).


At jordskifteretten sin kompetanse så å seie samsvarar med partane sitt eigarrådvelde, vil igjen understreke at jordskifteretten ikkje er eit forvaltingsorgan, og jordskifteretten kan heller ikkje verte instruert av noko forvaltingsorgan. Jordskifteretten tek ikkje avgjerder i tilhøvet mellom ein eigar og det offentlege. Dersom prosessane held seg innanfor kompetansen for jordskifte (at egedomen består som før), er det ikkje naudsynt med løyve frå forvaltingsorgan (NOU 2002:09).

#### **2.2.4. Organisering m.o.t. egedomstilhøve**

Eg vil no bevege meg over i steg to av figur 2, nemleg ”organisering”. Omgrepet er i denne oppgåva som nemnt før brukt i noko vid forstand, men eg vil her ta føre meg ymse organiseringsmåtar og struktureringar av ressursane innanfor dei institusjonelle vilkåra som eg har skissert før. Som vi ser av figur 3 vil egedomstilhøva vere ein del av denne ”organiseringa”, og drøftinga vil i hovudsak innehalde ulike former for rettsstrukturar.

Eg vil gå frå det enkle – med eigarstrukturen eineeige, til meir kollektive og komplekse rettsstrukturar. Til slutt i avsnittet vil eg ta for meg den kløyvde egedomsretten som syner komplekse og samansette egedomstilhøve, der to eller fleire egedomsrettar ligg til same

stykket, og ein får blanda eigeformer. Rettsstrukturane eg tek for meg i dette avsnittet er, eller har vore, aktuelle rettsstrukturar i caseområdet i Blakset.



Figur 5: Rettsstruktur med ytterpunkt. Kjelde: (Korsvolla et al. 2004 s.69)

Figuren syner kva som skjer når eigeformene til arealbaserte ressursar vert brukte på eit areal. Vi får då ein rettsstruktur med to ytterpunkt; nemleg eigeforma "eineeige" som den enklaste, og eigeforma "allmenning" som den mest komplekse. I mellom desse kjem andre eigeformer som m.a. servituttar og sameige (Korsvolla et al. 2004). Eg vil no ikkje ta for meg allmenning noko meir, sidan eg tykkjer at det i tilknytning til denne oppgåva ikkje er naudsynt å gjere anna enn å nemne allmenning i samanhengen.

#### **2.2.4.1.Eineeige**

Eineeige har ein når ein eigar har hand om alle "beføysane" som kan eigast på eit avgrensa areal – altså har ein person eigedomsretten til ein eigedom. Som eg lærde tidleg i studiet og har hatt med meg i fleire år no, så kan vi sjå på dei eigedomsmessige rettane – dei ressursane som ligg til eit areal, som eit knippe av rettar. Dette knippet er som eit kornband der kvart strå – som representerar ein rett, anten kan vere samla til eit knippe, eller knippet kan delast

opp slik at stråa (rettane) vert delte på fleire. I eit tilfelle med eineeige er alle stråa i same kornbandet, og eigaren har heile knippet (alle rettane) samla hjå seg sjølv (Korsvolla et al. 2004). Eineeige kan samanliknast med omgrepet ”full eigedom”; ved eineeige har ein rådvelde over ein ”full eigedom”.

Generelt sett er dei aller fleste eigedomane her i landet, faktisk ca. rundt 97 %, under denne eigeforma. Men dette, og det er viktig, må likevel takast med ”ei klype salt”. Det er viktig å nemne at dette gjeld talet på eigedomar, ikkje arealet, og denne prosentten må óg sjåast i samanheng med rettsstrukturen. Det kan vere både servituttar, kløyvde eigedomsrettar og realsameiger gøymde i denne prosentten. Det som er viktig er at eigarstrukturen kan vere, og er ofte, individuell og personleg, medan rettsstrukturen kan vere prega både av kollektivitet og hopehav (Korsvolla et al. 2004).

#### **2.2.4.2. Sameige**

Sameige har vi når to eller fleire er delaktige i eigedomsretten til den same tingen (Nærstad 1942), altså eig noko saman. Dette kan samanliknast med ein sams ressurs, og vil óg vere det i ein forstand, men ved sameige eig alle kvar sin part, etter nærare fastlagde partar. Det er ikkje alltid dette er tilfelle med alle sams ressursar. Ved sameige kan vi seie at stråa i kornbandet vårt er delte på fleire etter nærare fastlagde partar. Likevel vil den enkelte sameigar generelt sett ha like god rett same kor stor eigarparten i sameiget er (Korsvolla et al. 2004).

Vi finn både personlege sameiger og realsameiger som ligg til eigedomar. Dei personlege sameiga har vi når to eller fleire personar eig ein ting saman utan å dele den mellom seg, i vår samanheng ein eigedom. Rettane er knytt til personen. Dette fenomenet kan plasserast under eigarstruktur, sidan det er sjølv eigarskapet som er felles. Ved realsameiga er det derimot arealet som ligg i sameige. Det er viktig å nemne at eit realsameige ikkje vil vere ei eigedomseining, men likevel eit areal avgrensa av eigedomsgrenser. Det er grunnen som ligg i sameige mellom bruka, og rettane er knytte til eigedomane. På den måten kan vi plassere dette fenomenet i rettsstrukturen. I jordskiftesamanheng har dette ofte blitt kalla ”sameige mellom bruk” (Korsvolla et al. 2004).



Realsameiga kan igjen delast opp i to underkategoriar; jordsameiger og anna. Matrikkellova kallar grunn eller part som ligg til fast eigedom for jordsameiger, når det er tale om tradisjonelle sameiger i utmark..

Jordsameiger har i prinsippet oppstått på to måtar; anten ved ufullstendig garddeling eller ved at to eller fleire eigedomar har fått eigedomsrett til eit areal i fellesskap. Desse jordsameiga finn vi stort sett i høgareliggande utmark, som støls- og beiteregionen, frå barskoggrensa og opp (Korsvolla et al. 2004).

På Vestlandet, også i Stryn, er situasjonen ofte slik at det er mange delvis oppløyste jordsameiger i skogen. Sjølve skogen er då delt, men beitet ligg framleis som sameige mellom bruka. I skogen vil då ein eineått eigedomsrett rå, medan det for beitet er sameige (Sevatdal & Hegstad 2005).

Usemjje kring sameige oppstår ofte når det er snakk om organisering av ressursane. Når det gjeld organisering i sameiger gjeld stort sett det at sameigarane, som eit utslag av avtalefridomen, organiserar seg slik dei sjølve ynskjer, og på den måten som er mest funksjonell. Sektorstyre som har ansvaret for kvar sin ressurs i sameiget vert ofte etablert, då ofte for større geografiske område enn sameiga sjølve er (Mykland 1998).

Frådeling av sameigepartar er eit interessant, og ikkje minst aktuelt tema i denne samanhengen. Endring av rammevilkår kan føre til endring, og ynskje om endring i utmark, og ei frådeling av sameigepartar kan då verte meir og meir aktuelt i framtida. Difor vil eg nemne ein studie gjort av Hans Fredrik Marthinussen og Maria Veia Lund (2009) her.

Sidan realsameiga (som vil vere dei mest aktuelle i denne oppgåva) ikkje er eigne eigedomseiningar, men faktisk vil vere som ein fast del av ei anna eigedomseining, vert sal m.m. i eit realsameige rekna som eigedomsdeling. Denne problematikken kjem inn under mange reglar om eigedomsdeling, som m.a. i jordlova, odelslova og konsesjonslova, men ein sers viktig regel som eg vil nemne serskilt her er sameigelova § 10. Det er visse utfordringar knytt til denne paragrafen; ut frå det som står i lovteksten har eg sjølv hatt ei førestilling om at det er ein offentlegrettsleg lovregel vi har med å gjere her. Eg har sett på denne regelen som eit vern mot at eigedomar vert delte, og eit vern for naturlege brukseiningar. Ein ny studie (Marthinussen & Lund 2009) viser likevel at det nok ikkje er slik som eg har tenkt. Studien syner at ein slik offentlegrettsleg regel ikkje ville ha passa inn i sameigelova sitt deklarasjonssystem. Dersom § 10 då skulle ha vore ein regel kun for å ta vare på dei

samfunnsmessige interessene ved å la vere å splitte opp naturlege driftseiningar, burde denne regelen ha vore preseptorisk.

For å gå enno djupare inn i regelen kan vi sjå på paragrafen sitt andre ledd, andre punktum. Her går det fram at det er berre ”vassfall eller andre slike serlege verde” som kan avhendast serskilt. Men då kjem eit nytt problem; er ein realsameigepart eit serleg verde? Kvar realsameigepart vil representere anten eit økonomisk verde eller bruksverde for eigedomen den ligg til. Dette kan ein sjå på som eit serleg verde sidan serlege verder er verder som grunneigar kan gjere til gjenstand for ein servitutt, m.a. beite og skog. Då vil altså delar av eit jordsameige kunne representere eit serleg verde. Etter sameigelova § 10, andre ledd, andre punktum, kan eit slikt verde då etter, Marthinussen og Vea Lund (2009), mest sannsynleg skiljast frå sameigeobjektet som ein servitutt. Men kva med avhending av realsameigepartar i sin heilskap? Ser ein logisk på dette kan ein seie at dersom realsameigeparten ikkje ligg til eigedomen for å avhjelpe ein mangel på den, kan det kanskje vere like føremålstenleg og logisk å få avhende den til nokon som har meir behov for den (Marthinussen & Lund 2009).

*Sameigelova § 10. Ein sameigar har rett til å avhenda heile eller noko av parten sin til kven han vil.*

*Part som ligg til fast eigedom, må ikkje avhendast utan saman med eigedomen eller ein tilsvarande del av han. Dette gjeld ikkje vassfall eller andre slike serlege verde som er uturvande eller ulaglege til utnytting saman med eigedomen.*

#### **2.2.4.3. Rettsleg grunna sambruk – samarbeite**

Noko eg vil ta serskilt for meg i samanheng med denne oppgåva er rettsleg grunna sambruk, eller samarbeite. Grunnen til at dette er så viktig i høve til denne oppgåva, er fordi dette er eit utbreidd rettsgrunnlag serskilt på Vestlandet. I 1971 var heile 74,3 % av skogeigedomane i Stryn kommune eigedomar med samarbeite (Sevatdal 1971).

Samarbeite har ein når det på ein eigedom med ein eineått grunneigedomsrett, ligg ein sams beiterett. Denne typen sambruk er ofte skulda garddeling, då ufullstendig garddeling. Serleg på Vestlandet er dette ofte realiteten, sidan skogen vart skifta først, men beitet av praktiske grunnar vart liggande igjen som ein sams ressurs (Gilberg 2009). Sameige og samarbeite vart sett på som ei effektiv hindring for systematisk skogreising. På 1950-talet starta ei slik intens skogreising, og dette førte til at ei individualisering av eigeforma gjennom jordskifte vart naudsynt. Eigedomstilhøva måtte endrast frå sameige og teigblanding, til nye teigstrukturar og

eineeige (Korsvolla et al. 2004). Dette førte igjen til at skogreisingsmarka som sagt vart skifta, medan beitet elles låg att. Av desse grunnane vart altså beitet i stor grad liggande att – det var ikkje fornuftig og føremålstenleg å individualisere det. Dersom andre ressursar også vart handsama på same måte, fekk ein då ein funksjonell rettsstruktur (Korsvolla et al. 2004). Her vil eg ta for meg meir om dette rettsgrunnlaget, den kløyvde eigedomsretten;

#### **2.2.4.4. Kløyvd eigedomsrett**

Termen ”kløyvd eigedomsrett” har eg valt å ta med i denne framstillinga av to grunnar; primært har eg valt å ta den med for sin funksjon i framtida der ei funksjonell deling av utmark, og organisering etter liknande prinsipp kan vere aktuelle. Sekundert har eg teke med termen på grunn av eit historisk aspekt, nemleg at den kløyvde eigedomsretten var aktuell, serskilt på Vestlandet, og også i caseområdet mitt i Blakset, frå gamalt av.

Den kløyvde eigedomsretten må vi sjå i samanheng med ein total råderett. Medan den kløyvde eigedomsretten er relativ, er den totale råderetten heil. Den relative (kløyvde) eigedomsretten får vi der blanda eigedomstilhøve på eit areal gjer at to eller fleire sit med eigedomsretten, og retten vert då funksjonell. Det vil seie at rettsstrukturen vert basert på funksjonen til arealet, og eigedomsretten vert delt mellom dei med nyttingsrett (Korsvolla et al. 2004).

Knut Robberstad (1963) innførte termen ”kløyvd eigedomsrett” i sin artikkel, ”kløyvd eigedomsrett”, i ”Lov og Rett” i 1963 s.162 – 166. Her beskreib han den kløyvde eigedomsretten. Eg har i det eg har skrive under, teke utgangspunkt i denne artikkelen, og brukt den som kjelde.

Ved relativ (kløyvd) eigedomsrett vil eigedomsrettane vere sidestilte og jamgode – alle med nyttingsrett har i prinsippet like god rett. Det vil seie at ingen er meir eigar enn andre. Dette kan samanliknast med sameige, men vert likevel ikkje heilt det same. Eg vil her innføre Robberstad (1963) sin terme ”restrett”. Restretten er dei rettane ein set igjen med etter at serrettane som t.d. beite, skog og jakt er ”fordelte”. Denne restretten vert i daglegtalet ofte kalla grunnretten, eller eigedomsretten (men må som ”eigedomsrett” her tolkast i vid forstand). Ved sameige eig kvar sameigar kvar sin part av ein felles råderett, altså har fleire restretten til det same stykket gjennom sine partar, i motsetnad til at ingen har restretten ved

relativ eigedomsrett. I dag er det ofte viktig å finne ut kven som har denne restretten, eller eigedomsretten til grunnen. Serskilt med tanke på organisering og individualisering. Vi opererer i dag heller ikkje med fleire jamgode eigedomsrettar på same stykke, men har i dag ein praksis om total eigedomsrett, med tilhøyrande servituttar. Etter Robberstad (1963) fylgjer i dag eigedomsretten som regel beitet, og ikkje skogen. Dette fordi at utmarka frå gammalt av låg som sameige. Med tida vart skogen skifta ut til eineeige som fylgje av for knappe skogressursar. Skogsretten vart då tolka som servitutt, medan resten (som t.d. beitet) vart liggjande igjen som sameige som før. Det var her restretten vart rekna for å liggje óg. Seinare har ofte beiteretten og restretten óg blitt skifta, medan skogsretten likevel har blitt liggjande som ein servitutt. Det er då naturleg at eigedomsretten i slike tilfeller vil fylgje beitet. Ut frå dette kan ein generelt sett seie at det ikkje er sannsynleg at eigedomsretten fylgjer med den utnyttingsmåten som vart skifta først, men at den ofte fylgjer med den utnyttingsmåten som restretten fylgde med. Ut frå denne tankegangen kan vi seie at dersom skogen er skifta vil sannsynlegvis ikkje eigedomsretten fylgje med denne. Etter Robberstad (1963) vil då eigedomsretten heller fylgje med beitet og restretten som framleis ligg i sameige. Denne tankegangen har ofte vore omtala som ”Vestlandsregelen”, sidan det på Vestlandet ofte er slik at skogen er skifta medan resten ligg att i sameige. Men det er likevel ikkje sagt at dette ikkje også godt kan gjelde på Austlandet (Robberstad 1963).

### **2.2.5. Organisering i praksis - utnytting**

Vi er no komne til toppen av pyramida mi vist i figur 2, nemleg utnytting. Ser vi på figur 3 vil vi no vere komne til den avsluttande boksen som femner om faktisk bruk og organisering. Sidan bruk og organisering så og seie er to sider av same sak, har eg i førre kapittel teke for meg organisering i vidt og teoretisk perspektiv, med eigedomstilhøva som basis, og vil no her i dette avsnittet ta for meg ”organisering” i praksis, altså utnytting og faktisk bruk.

I dette avsnittet vil eg ta for meg arealressursar, og rettsgrunnlag for utnytting av arealressursar på ein eigedom, altså organisering av arealressursane i praksis. Eg vil serskilt ta for meg beiterett, seterrett og jaktrett fordi dette er, etter det eg veit, dei mest aktuelle arealressursane, og nyttingsmåtene i tilknytning til caseområdet mitt i Blakset.

Ekspandering av landbruket frå ca. middelalderen gjorde at det vart naudsynt å ta i bruk utmarka meir effektivt. Dette førte igjen til at det etter kvart vart ei slik auka utnytting av den

norske utmarka at ein såg eit behov for regulering og sikring av denne bruken og ressursane. Lover og reglar har kome til undervegs, og dei første og viktigaste lovene som omhandla dette temaet var m.a. Gulatingslova og landskapslovene frå 1000 – talet, og Magnus Lagabøtes Landslov frå 1274. I dag har vi eit omfattande lov- og regelverk som regulerar utnyttinga av utmarksressursane (nsg.no 2010a).

### **2.2.5.1. Beite og beiterett**

Beite er ein viktig og naudsynt del av det norske landbruket. Utmarksressursane har i alle tider vore viktige for landbruket, og då óg naudsynte for livberginga her i landet. Beite-, jakt- og fiskerett er nokre av dei eldste bruksrettane knytt til utmarksressursar i Noreg.

Ein beiterett er ein rett til å sleppe dyr på beite, både på eigen grunn og framand grunn, og vi kan seie at eit hovudskilje er her – mellom eigen grunn, og framand grunn. Denne retten kan ha oppstått på fleire måtar, men det viktige er at skal du beite på eit areal, må du ha eit serskilt rettsgrunnlag. Her har eg sett opp nokre av dei rettsgrunnlaga eg sjølv tykkjer er viktigast:

- 1) Gjennom rettsleg heimel og grunneigarposisjon:
  - a) Gjennom servitutt
  - b) Gjennom lokal sedvanerett – t.d. gjennom streifbeiting
  - c) Gjennom partar i eit sameige
  - d) Gjennom sambruk
  - e) Gjennom beiterett på offentleg grunn – statsallmenning, eller gjennom status som brukar med bruksrett i bygdeallmenning
  
- 2) Gjennom stiftingsgrunnlag:
  - a) Gjennom domstolspåvising – hevd og alders tids bruk
  - b) Gjennom avtale – t.d. utleige og kjøp/sal
  - c) Gjennom jordskifte

1a) Beiterett gjennom servitutt:

Ein beiterett gjennom ein servitutt er av Falkanger og Falkanger (2007) beskriven som ein ”avvirknings- eller tilegnelsesservitutt”. Det er snakk om ein positiv servitutt der ein har ein særrett til bruk, som ikkje er ålmenn, på framand eigedom. Beiteretten som servitutt kan ha kome til gjennom avtale (dette er det viktigaste stiftingsgrunnlaget) eller gjennom testament, hevd, alders tids bruk, jordskifte eller oreigning.

1b) Beiterett gjennom lokal sedvanerett:

Å vinne beiterett på dette grunnlag er ikkje ”rett fram”. Ut frå rettspraksis viser det seg at det er strenge krav før ein godkjenner lokal sedvane. Det kan ikkje vere snakk om tålt bruk frå nokre hald, men det må altså ha vore oppfatta som rettsutøving frå både sider. Har vi ein tilsynelatande fast, fornuftig og rimeleg praksis i eit område, er det gode sjansar for at vi har med ein lokal sedvane å gjere. Det viktige er kva som er den ålmenne rettsopfattinga i området (nsg.no 2010a).

Ein beiterett som kan ha si forankring i lokal sedvane er ”rett” til streifbeite. Å ha rett til beite gjennom ein streifbeiterett er eit så stort tema at eg har valt å ta det opp i eit eige kapittel seinare i oppgåva. Her vil eg berre nemne kort kva det er tale om; Streifbeite tyder at ein beiter på tvers av eigedomsgrenser. Dyra vert sleppte i utmark der ein har beiterett, men kan sidan vandre over eigedomsgrenser til områder der andre har beiterett. På denne måten kan ein på ein måte ha fått ein ”beiterett” til eit nytt område gjennom streifbeiting, men det vil likevel ikkje vere ein ”rett” i same forstand som det eg har nemnt over. Dette vil eg ta opp meir detaljert seinare.

1c) Beiterett gjennom partar i eit sameige:

Gjennom eit sameige kan ein ha ulike rettar i området. Ein av desse rettane kan vere beiterett i sameigeområdet. Dette er ofte tilfelle i fjellstrøk, der utmarksbeitet ligg som sameige mellom fleire bruk, då realsameige.

1d) Beiterett gjennom sambruk:

Dette vert ikkje heilt det same som sameige. Med sambruk meiner eg når ein på ein ”uformell” måte nyttar eit område saman. Eit døme på dette vil vere tilfelle der fleire grunneigarar går saman og avtalar at eit område skal nyttast i fellesskap. Dette vil henge sterkt saman med punkt 2b.

1e) Beiterett på offentleg grunn – Statsallmenning, eller gjennom status som brukar med bruksrettar i bygdeallmenning:

Gardar med bruksrettar i allmenning har rett til å beite med så mykje dyr som dei vinterfør på garden (nsg.no 2010a).

2a) Beiterett gjennom domstolspåvising – hevd og alders tids bruk:

Dersom vilkåra for hevd er tilstades kan beiterett óg vere hevda. Har nokon t.d. i god tru og over ei viss tid brukt eit beite som sitt eige, kan det vere snakk om at dei har hevda retten til å beite der vidare. Hevdaren har då erverva rett i samsvar med det rådveldet som har vore utøvd. Dersom utnyttinga av området har vore eksklusiv – altså at hevdaren er den einaste som har brukt t.d. beitet, vil andre etter fullført hevd bli utestengde frå å beite i området i framtida (Falkanger & Falkanger 2007).

Beiterett gjennom alders tids bruk:

Alders tids bruk vert ofte brukt der vilkåra for hevd ikkje er til stades. Alders tids bruk var meir aktuelt før lov om hevd kom til i 1966. Krava til synleggjering av bruken er ikkje like stor for alders tids bruk som for hevd, men til gjengjeld er krava til tidsperiode og aktsam god tru enno meir skjerpa i desse tilfella. For å erverve noko gjennom alders tids bruk er det snakk om ein tidsperiode på frå 50 til 100 år.

## 2b) Beiterett gjennom avtale – t.d. utleige og kjøp/sal:

Grunneigarane, den som har rett til beitet og andre som kan nytte seg av beitet kan inngå både skriftlege og munnlege avtaler. Her er vi inne på eit viktig poeng, nemleg at det er viktig å hugse på at det er avtalefridom i landet vårt, og ein kan i prinsippet avtale stort sett det ein vil.

Eit klassisk tilfelle av avtale som rettsgrunnlag for beite vil vere når fleire grunneigarar gjensidig aksepterar at eit utmarksområde skal kunne brukast som område for fellesbeiting uavhengig av eigedomsgrenser (nsg.no 2010a).

Eit anna avtalerettsleg rettsgrunnlag for beiting kan vere beiterett gjennom utleige. Grunneigar, eller beiterettshavar, kan velje å leige ut beiteretten sin, men ikkje for meir enn 10 år (jf. Jordlova § 12). Ved beiterett i ein bygdeallmenning er det allmenningsstyret som avgjer om beiteretten kan leigast ut. Tilsvarande gjeld for statsallmenningar der fjellstyret tek avgjerda om beiteareal skal leigast vekk (nsg.no 2010a). Har ein med rett til beite leigd ut retten sin, vil den som leiger få beiteretten ”til låns” for ei avgrensa tid.

Utleige av beiterett vil vere sers aktuelt i dag når fleire og fleire gardsbruk vert nedlagde, og dei som vert igjen ofte treng meir beiteplass til den auka produksjonen landbruket i dag krev. Dette her vil altså vere eit viktig poeng i oppgåva.

Kjøp og sal som grunnlag for beiterett er óg viktig å nemne. Ved kjøp/sal kan det verte avtala at det t.d. skal fylgje med beiterett på eit bestemt område, eller det kan vere beiteretten i seg sjølv som vert kjøpt eller selt. Men det er viktig å nemne at i utgangspunktet kan ikkje ein beiterett kjøpast eller seljast sidan den vert sett på som ein integrert del av ein eigedom, så å selje ein beiterett vil då verte sett på som det same som å dele ein eigedom (jf. Jordlova § 12). Men som med så mykje anna finst det unntak; dersom beiteretten ikkje lenger er bunden til eigedomen gjennom næring o.s.b. kan den etter servituttløva § 9 seljast (nsg.no 2010a). Her vil eg gjerne også drage ein parallell til det eg har skrive før om sameige, og diskusjonen om frådelling av realsameigepartar etter sameigeløva § 10.



## 2c) Beiterett gjennom jordskifte

Servituttar som beiterett vart frå gamalt av ofte stifta ved jordskifte. Jordskiftelova gir heimel for å både stifta ein slik rett, men óg å halde slike rettar utanfor jordskiftet, slik at beitet t.d. vert liggande i fellesskap i utmarksstrekning også etter jordskiftet (Falkanger & Falkanger 2007).

Som nemnt innleiingsvis gjorde ei ekspandering i landbruket til at ein såg eit behov for å ta i bruk utmarka meir effektivt. Med dette fylgde lover og reglar for bruk og utnytting. Også i dag er det naudsynt å regulere bruken av utmarka. Ikkje lenger som eit resultat av ekspandering i landbruket, men heller som eit resultat av endra rammevilkår. Beiteretten må óg i dag ofte regulerast, og av og til avløyast. Regulering skjer med heimel i servituttlova, jordskiftelova, fjellova eller bygdeallmenningslova. Desse lovene kan endre bruken i høve til tid og tilhøve. Kravet til nytte versus kostnadar og ulemper er ulikt frå lov til lov. T.d. vil regulering gjennom bruksordning etter jordskiftelova § 2 setje fram eit krav om at nytta skal vere større enn kostnadar og ulemper (jf. tapsgarantien i jordskiftelova § 3).

Ein anna utfordring som óg kan oppstå i tilknytning til beitebruk er å finne ut kor mange beitedyr ein har rett til å ha på beiteområdet ein har rettar i. Dette kan ofte vere eit høgaktuelt tema der ein har problem med overbeiting, av den grunn nemner eg det berre kort her, sidan det i tilknytning til mitt caseområde ikkje vil vere noko tema med overbeiting. Eg tykkjer likevel det er viktig å nemne.

Ein hovudregel er at ein kan ha det tal beitedyr ein vinterfør på eigen gard i beiteområdet (jf. Rt.1914 s.715). Det generelle prinsippet som går igjen i lovverk og rettspraksis er at minst 50 % av fôret ein før dyra på skal vere produsert på garden. Dette vart óg innført som ein rettleiande norm då allmenningslovgevinga vart revidert i 1992 (NOU 2007:13). Er beitekvaliteten i området god, ikkje snakk om overbeiting, og alle er samde om det, kan ein fritt bestemme at fleire beitedyr enn dette kan sleppast i området (nsg.no 2010a).

## Organisering av beitebruk

Etter litt generelt om beite og beiterett tykkjer eg det høver seg med eit eige avsnitt om organisering av beitebruk. Serskilt med tanke på denne oppgåva sin spesielle synsvinkel med organisering og funksjonalitet mellom innmark og utmark som perspektiv. Med nye utfordringar grunna endra rammevilkår, må ein tenkje nytt og gå nye vegar. Det finst fleire ordningar som går på skjøtsel av kulturlandskapet for å hindre t.d. attgroing, og også ordningar som organiserar beitebruken med tanke på andre utfordringar som t.d. rasjonalisering. Her i dette avsnittet vil eg serskilt nemne tre slike.

### Ordninga ”organisert beitebruk”

Denne ordninga er eit samarbeid mellom landbruksdepartementet og ”Norsk Sau og Geit”, og målet er å leggje til rette for rasjonell nytting av utmarksbeita og å redusere tapet av dyr på beite til eit minimum.

Gjennom beitelag vert beitebrukarane organiserte for å samarbeide.

Omfanget av ordninga er geit, sau og storfe på utmarksbeite.

Verkemidla ordninga nyttar er (Kjelde (nsg.no 2010b)):

- 1) Investeringstilskot – Ligg inne i den lokale ”miljøpakken” i SMIL – ordninga. Slike investeringstilskot er av stor

#### Ordninga ”organisert beitebruk”:

*I 1970 vart ordninga ”organisert beitebruk” innført som eit resultat av eit samarbeid mellom landbruksdepartementet og ”Norsk Sau og Geit”. Frå 2005 har dette vore ein del av regionale miljøprogram (RMP) (Skogoglandskap.no)*

*Målsetjinga med ordninga var i all hovudsak delt i to;*

- 1) Redusere tapet av dyr på beite
- 2) Leggje til rette for meir rasjonell nytting av utmarksbeita

*Beitebrukarar vert gjennom ordninga organiserte i lag. Innetter i laga samarbeidar ein om tilsyn og sanking, og ein har også fellesinvesteringar som t.d. gjetarhytter og bruer (nsg.no 2010b)*

*Litt statistikk frå 2009 (Skogoglandskap.no) :*

- 894 registrerte beitelag
- 14000 geit, 1,5 mill sau og 65000 storfe
- Av dei dyra som beitar i utmark er då 20 % av geitene, 80 % av sauene og 15 % av storfeet, registrerte i ordninga.

betyding for reduserte tap og rasjonell beitebruk.

- 2) Driftstilskot
- 3) Andre tilskot – Ofte retta mot kulturlandskapspleie.

Desse verkemidla ligg i jordbruksavtala.

Beitelaga er óg ei viktig kjelde til kunnskap om beitenæringa i utmark (nsg.no 2010b), og nye beitelag vert godkjende av fylkesmannen (Skogoglandskap.no).

### ”Regionalt miljøprogram” (RMP)

Fylkesmennene har fylkesvis utarbeidd eit regionalt miljøprogram. Programmet gir føringar for bruken av kommunale miljøverkemiddel, og fylkesvis er miljøutfordringar knytt til jordbruket i fylket prioritert, slik at ein kan rette verkemidla mot desse (slf.dep.no).

Verkemidla i RMP er (kjelde (Handbok om skjøtsel av beite 2006)):

- 1) ”Organisert beitebruk” med fellesbeiting gjennom beitelag
- 2) Landskapsskjøtsel med ammegeit
- 3) Verdifullt innmarksbeite – aktiv skjøtsel av beite som framstår heilskapleg
- 4) Tradisjonell skjøtsel av kystlynghei – vinterbeiting og lyngsviing
- 5) Skjøtsel og forvaltning av stølsmiljø – mjølkeproduksjon
- 6) Skjøtsel og forvaltning av brattlende bruk

### ”Prosjekt beitelandskap”

Prosjekt beitelandskap er eit prosjekt i Hordaland som gjekk i tida 2002 – 2006. Målet med prosjektet var å få betre utnytting av lokale beiteressursar, og å hindre kulturlandskapet i å gro att, og bli lite variert. I samband med prosjektet vart det gjeve ut ei handbok om samarbeid og skjøtsel. Det er denne eg har brukt som kjelde her (Handbok om skjøtsel av beite 2006). Boka skal motivere til betre beitebruk for å betre gardsøkonomien og halde kulturlandskapet ope.

Prosjektet legg vekt på at innsatsen må prioriterast. Ein må finne ut kva landskap ein vil halde opne, kvar det er viktigast at dyra beitar og korleis ein skal skjømte skogen. Dette er viktige punkt å prioritere i framtida.

Hindringar for effektiv beiting er i dag m.a.:

- Gjerder i dårleg stand
- Barrierar av gardsbruk og liknande som ikkje lenger er i drift

Prosjektet meiner at ei løysing på dette vil vere å sjå på større område som beiteareal. På denne måten får ein lettare gjerdehald og større effekt av beitedyra. Ein får då eit variert og ope landskap med stort verde.

For å oppnå slike resultat må ein ha verkemiddel. Verkemiddel som t.d. SMIL – midlar er lagde til kommunenivå. I Hordaland har dei sett at mange kommunar har fokus på tiltak som skal hindre attgroing, og nokre kommunar prioriterar også fellessøknadar om beitetiltak.

### **Om streifbeiting – beiting på tvers av eigedomsgrenser**

No vil eg kome tilbake til ”retten” til streifbeite som eg nemnde tidlegare. Eg tykkjer dette er eit viktig nok tema til å lage eit eige avsnitt om, sidan mi erfaring er at dette er eit utbreidd fenomen. Og eg veit sjølv at i caseområdet i Blakset skjer dette. Med tanke på organisering i praksis og utnytting er dette ein del av faktisk bruk. Det er dette som er realiteten mange stadar.

Streifbeiterett som omgrep vart lansert i 1975 i samband med forsøk på revisjon av gjerde- og beitelovgjevinga. Ein ville at streifbeiting skulle verte behandla som ein rett i lovverket, sidan det er vanleg mange plassar i landet å sende dyra på beiter der dei går på sjølvstyr heile beitesesongen. På denne måten meinte ein at det har utvikla seg eit sedvanerettsleg grunnlag for streifbeitinga. Det vart likevel ikkje noko lovfesta rett ut av streifbeitinga, men det er likevel ein ”rett” i folkeleg forstand. Det er likevel klare skilje her; ein streifbeiterett har ikkje noko vern, og ein kan t.d. ikkje krevje erstatning ved tap av denne retten. Streifbeiteretten er meint som eit unntak frå ”voktarplikta”. Ein skal fritt kunne sleppe dyra sine på beite (der ein har beiteretten sin), og så la dei gå fritt over eigedomsgrenser utan at ein som dyreeigar har noko plikt til å hente dyra sine tilbake. Men på same tid kan grunneigar fritt avgrense streifbeitinga ved t.d. oppsetjing av gjerde eller ved å ta eigedomen sin i bruk til noko anna (nsg.no 2010a).

I Rt.2002 s.778 (Vindafjord kommune) slår Høgsterett fast at streifbeiterett som omgrep ikkje har noko fast innhald (Wirak & Torsteinsen 2006).

Skilnaden mellom streifbeiting og beiting er hovudsakleg at du som ein med beiterett har vern, men ved rett til streifbeiting har ein ikkje det same vernet. Har du ein beiterett vil det seie at grunneigar ikkje kan hindre denne retten. Grunneigar kan verken gjerde inne, eller ta arealet i bruk til anna føremål slik at beiteretten vert ubrukeleg. Ved streifbeite derimot kan grunneigar, som nemnt over, setje ein stoppar for beitinga på sin eigedom utan at den med streifbeiterett kan krevje noko erstatning for dette. Streifbeiting har vore akseptert som ei form for tålt bruk, medan ein beiterett er ein rett ein har erverva seg (nsg.no 2010a).

I Rt.1990 s.1113 sette høgsterett opp nokre kriterium for streifbeiteretten. Eg har funne desse kriteria på "Norsk Sau og Geit" sine internettsider (2010):

- 1) Streifbeiting som rett kan ein ikkje nytte systematisk
- 2) Grunneigar kan sjølv avgrense beitinga ved gjerde, eller ved å nytte eigedomen til noko anna enn beiting
- 3) Ein kan ikkje krevje erstatning for tap av streifbeiterett
- 4) Ein blir fritakne frå "vokteplikten" gjennom streifbeiting
- 5) Som dyreeigar er ein ikkje pålagde å betale for det dyra et på anna eigedom gjennom streifbeiting
- 6) Dyra må sleppast på beite i eit område der dyreeigar har beiterett

Dommen seier óg at dersom streifbeiterett føreligg er dyreeigar fritaken frå plikta om å passe på at dyra ikkje kjem inn på framand eigedom, jf. § 6 i beitelova. I slike tilfeller er dyreeigar også fritaken frå plikta til å betale erstatning på objektivt grunnlag, jf. § 7 i beitelova. Ved streifbeiting skal det heller ikkje betalast for beitebruken, og det føreligg då heller ikkje plikt til å hente dyra tilbake frå beitet (Rt 1990-1113).

#### **2.2.5.2. Støl og stølsdrift - seterretten**

Eg har valt å ta med eit avsnitt om støl og stølsdrift i denne samanhengen med organisering i praksis. Sjølv om det ikkje lenger føregår setring på Raufjell, som er stølen i caseområdet mitt, tykkjer eg likevel det er viktig å ta med området, eigedomstilhøva der og nyttinga av det, i empiridelen av oppgåva. Av den grunn finn eg det óg naturleg å ta med dette i teoridelen. Eg

set dette avsnittet om støl i sammenhengen med organisering og utnytting av arealressursane nettopp fordi stølen frå gamalt av har vore ein viktig arealressurs nettopp gjennom seterretten. Avsnittet kunne ha passa inn i avsnittet om eigedomstilhøve og rettsstruktur óg, men eg vel likevel å setje det her saman med dei andre arealressursane p.g.a. seterretten.

I stølsområda finn vi rettar som har røter langt tilbake i tid, og som har endra seg mykje med åra. Seterretten er ein slik rett, omgrepet i seg sjølv er ikkje lovfesta, men den inneber ein rett til å "setre" i eit område. Høgsterett har i Rt.1988 s.612, frå Alvdal, uttalt seg generelt om kva rettar som knyter seg til seterretten; i utgangspunktet har ein setereigar berre eigedomsrett til setervollen. Elles har setereigaren ein bruksrett til områda i nærleiken, som beite og trevirke til bruk på setra (Wirak & Torsteinsen 2006).

I allmenningar får bygdelaget seterrett dersom dette er naudsynt for drifta (jf. Fjellova §18 og bygdeallmenningslova § 6-4), og dersom ein støl i ein allmenning ligg ubrukt i 20 år, fell seterretten vekk (jf. Fjellova kap.10 og bygdeallmenningslova § 6-7). Dette vil vere i motsetnad til ein seterrett i andre områder som ikkje berre vil falle vekk utan noko vidare (nsg.no 2010a). Dette er nok fordi det i ein allmenning vil vere fokusert på nettopp grunnlaget for retten; at det var eit serskilt behov, medan det i "vanlege" område vil vere ein rett som har vore eit så å seie vanleg "gode" i lange tider, men også her har det naudsynlege ved bruken vore i botnen.

Dette temaet om støl og stølsdrift har eg vore lite bort i gjennom studiet, men eg interesserar meg likevel mykje for det, og eg tykkjer det er eit viktig tema i høve til oppgåva mi. For å få eit skikkeleg grep om eigedomstilhøva i utmark og fjell, føler eg det er viktig å då også få eit grep om stølsområdet, og rettar som fylgjer med det. Eigedomstilhøva på stølane er ofte, etter det eg kan sjå, usikre og vanskelege å finne ut av. Det vil óg vere aktuelt i vår tid med stadig endring i rammevilkåra. Stølane er ikkje lenger nytta til "setring" (med nokre unntak), men er heller ein stad for fritid og rekreasjon. Ein har ikkje lenger eit behov for ressursane på stølen på same måte som før.

Stølsdrift, eller "setring", var frå gamalt av ein livsviktig del av det å drive garden. Ein ville nytte utmarka og fjellet til produksjonen på garden, og det er etter Gald (2009) sitt syn truleg ei like gamal driftsform som gardsdrifta sjølv. Auke i folketal og fast busetnad med husdyrhald førte til at ein såg eit behov for å samle meir vinterfôr og for å ha fleire beiter til dyra.

Bruken av stølane var på topp på 1800 – talet, og dette vert sett i samanheng med at befolkningsveksten auka i denne perioden.

I Solberg (2003) si bok ser vi at det på Vestlandet var ei markert auke i beiteintensiteten i fjellområda i førromersk jernalder. Truleg skuldast dette at vêret vart kjøleigare og fuktigare mot slutten av yngre bronsealder. Dette førte igjen til at dyra måtte haldast inne store delar av vinterhalvåret. På denne måten vart fôrhaustinga ein viktigare del av gardsdrifta. Når ein skulle nytte areala rundt garden til fôrhausting, trong ein alternative sommarbeite til dyra. Solberg påpeikar også at den auka utnyttinga av fjellbeita indirekte tyder på ei utviding av jordbruksaktiviteten, og sannsynlegvis då óg ei utviding av dei busette områda i denne perioden (Solberg 2003).

Når det gjeld stiftingsgrunnlaget for ”stølane” frå gamalt av nemner Haugen (1989) to:

- 1) Gjennom okkupasjon.
- 2) Gjennom nyrydding og delingsprosess når nye bruk vart skilde frå dei opphavlege gardane.

I lover har det frå gamalt av vore ulike reglar for bruken av fjellet. I Gulatingslova § 81 kunne ein t.d. finne reglar for ”flyttetid”. Det var altså lovpålagt når ein skulle flytte på stølen, og når ein skulle flytte heim. Desse reglane var deklarasjonar, men alle måtte vere samde dersom regelen skulle fråvikast. Her var det ikkje nok at fleirtalet var samde. Dette skil seg klårt frå fleirtalsvedtaket i sameige i dag. Grunnlaget for ein slik regel var vern av heimebeite.

Heimebeita skulle ikkje verte utbeite av enkelte i områder der det var sams bruk. Rettspraksis var at domstolane gjekk ut frå at sameigarane ikkje sende buskapen sin på stølen før dei andre óg gjorde det, altså at alle venta til ordinær flyttetid. Rt. 1894 s.293 seier at der det er fellesbeite for fleire gardar, kan den med beiterett ikkje byrje beitinga si til usedvanleg tidleg tid dersom dette er til skade for dei andre med beiterett (Rt 1894-293). I jordskiftelova av 1860 vart det innført heimel, gjennom § 37, for å regulere bruk gjennom beiteskjøn ved sambeite. Skjønet kunne gå ut på å finne ut kor mange, og kva slags husdyr ein kunne ha på beite, og fastsetjing av fordeling mellom beiterettshavarane (Haugen 1989).

Gald (2009) har i si brosjyre om stølar og stølsdrift tatt opp dei viktigaste sidene av dette temaet. Nedanfor har eg brukt denne som kjelde.

Det finst ingen serskilte rettsreglar for eigedomstilhøva i stølsområda. Tilhøva kan vere ulike frå støl til støl, og eigedomsretten kan etter Gald (2009) grovt sett delast opp i tre grupper:

- 1) Stølsvollen med sel, hytter og fjøs er sameige saman med resten av den tilstøytande fjell- og beitemarka.
  - Stølsområdet er då som regel ikkje inngjerda. Kanskje i nokre tilfeller inngjerda som ei eining.
  - Stølsområdet er ein del av eit større sameige, og rettsreglane for jordsameige vil gjelde.
- 2) Stølsvollen er delt opp i teigar, eller "kvier" der kvart enkelt bruk har kvar sin eineåtte teig.
  - Gjerde mellom kvar stølsteig.
  - Kan vere grensemerke mellom kvar teig.
  - Kvar einskild er grunneigar på sin teig.
- 3) Stølsområdet er delt opp i teigar som kvart bruk eig sjølv. Sela og hyttene står på desse eineåtte teigane medan fjøsane står på eit samått areal.
  - Einkvar kan søkje om tiltak på sin eigen stølsteig. Tiltak der det er sameige må ein ta avgjersle om i fellesskap

Stølsretten kan også, etter Gald (2009) grovt sett delast opp i tre grupper:

- 1) Alle som har, eller har hatt, stølshus har framleis rett til det
  - Ein stølsrett fell ikkje vekk sjølv om den ikkje har vore nytta på lenge (med unntak av i allmenning).
- 2) Gardsbruk med eigedomsrett i sameige, men som likevel ikkje har nytta seg av retten sin og bygd stølshus
  - Rett til å byggje stølshus, men plasseringa må avtalast med dei andre i sameiget
- 3) Mindre bruk med ein bruksrett til beite i stølssameiget



- Disse småbruka har ofte stølsretten sin knytt til hovudbruket det er skilt i frå, og nyttar ofte same stølshusa
- For å byggje eigne stølshus må ein avtale med sameigarane

### **2.2.5.3. Jakt og jaktrett**

Arealressursen jakt, med jaktretten, har gått frå å vere ein naudsynt gode for å overleve, til å bli meir kommersiell, og retta mot fritid og rekreasjon. Men sjølv om jaktretten som nyttingsmåte har endra seg, har ikkje sjølv arealressursen det. I caseområdet i Blakset lever denne retten i beste velgåande også i dag, men utnyttinga av den har nok endra seg ein del.

Den generelle viltlovgevinga er Lov om viltet – Viltlova, av 29.mai 1981. Reglane for jakt og fangst i statsallmenning og bygdeallmenning vart tekne ut av den generelle viltlovgevinga, så der gjeld eigne lover (NOU 2007:13).

Jaktretten, saman med fangst- og fiskerett, ligg normalt sett til eigedomsretten. Altså at den som sit som grunneigar óg har jaktretten (jf. Viltlova § 31 og laks og innlandsfiskeleva §§ 16 og 17). Men det finst óg lausrivne rettar frå før dette prinsippet vart innført i Norges lover. T.d. ”1899-lova” som innførte ”grunneigarprinsippet” (NOU 2007:13), Gulatingslova §§ 93-95 og Frostatingslova XII, 6 og 7 (Haugen 1989). I jaktlova av 1951 vart det i § 21 innført ei viktig organisatorisk ordning. Denne gjekk ut på å få større og meir samanhengande jaktområde – jaktområde i fellesskap. Denne lova inneheld óg i § 13 reglar om leige av jakt (Haugen 1989).

I seinare tider er prinsippa i stor grad blitt overførte til dei nye lovene, men i dag har vi eit stort sett reglar som regulerar retten til jakt og fangst. Eg kan nemne nokre av dei jaktreglane eg tykkjer er viktigast i høve til denne oppgåva frå Viltlova:

- 1) § 27 - Eigar har einerett til jakt og fangst.
- 2) § 28 - Leige av jaktrett. Jaktretten kan ikkje leigast vekk for meir enn 10 år.  
Jordskifteretten kan vedta at jaktretten skal ligge heilt eller delvis i fellesskap.
- 3) § 29 - Reglar om jakt i sameigestrekning - generelt: alle med eigedomsrett eller bruksrett har rett til jakt og fangst.
- 4) § 36 - Jakt for ålmenta. Sal av jaktkort kan verte pålagt i serskilte tilfelle.

- 5) § 37 - Reglar for samanslåing av eigedomar til felles viltområde. For å fremje forsvarleg og rasjonell viltforvaltning.
- 6) § 38 - Tvungen samanslåing for å oppnå minsteareal for storviltjakt.

Ein viktig regel å ha med seg i dag, no i desse tider når jaktretten er ein populær og kommersiell rett, er at rett til jakt, fangst eller fiske ikkje kan skiljast frå eigedomen for meir enn ti år, så sant det ikkje er overført saman med ein bruksrett (Falkanger & Falkanger 2007). Denne regelen har som mål å hindre at ein viktig bruksrett vert skilt frå grunneigedomretten . På denne måten vert ikkje denne bruksretten overdregen til rettssubjekt utan tilknytning til jordbruksverksemd (Haugen 1989).

## Kapittel 3. Områdestudie

### 3.1. Innleiing

Vi har no vore gjennom eit omfattande kapittel der eg har freista å fange opp viktige serdrag ved den røyndomen som arealbruken i utmark skjer innanfor. Ser vi på figurane 2 og 3 har vi no gjennom desse som rammeverk, fått ei strukturerande forståingsramme for å ta til på empiridelen av oppgåva. I dette kapitlet vil eg ta for meg området eg har studert. Eg vil skildre situasjonen i området slik den er i dag, korleis den har vore og korleis den har blitt slik. Eg vil leggje vekt på organiseringa heile tida. Underliggande til dette vil nedlegginga i jordbruket og samanhengen mellom innmark og utmark alltid ligge. Kapitlet vil innehalde resultatata frå alle dei empiriske undersøkingane eg har gjort. Dette vil omhandle både telefonintervju, spørjeskjema og ”djupdykk” i rettsbøker frå jordskifteretten.


### 3.2. Området

Området ligg i Sogn og Fjordane fylke, Stryn kommune og bygda Blakset. Sogn og Fjordane er eit fylke på Vestlandet med 106 457 innbyggjarar (2009). Fylket er oppdelt i tre distrikt; Nordfjord, Sunnfjord og Sogn, som igjen er oppdelt i 26 kommunar, der Stryn kommune er ein av desse. Fylket grensar til Hordaland, Oppland, Buskerud og Møre og Romsdal (snl.no 2009). Stryn kommune er den største skogbrukskommunen i Sogn og Fjordane. Det administrative senteret i kommunen er Stryn (Thorsnæs 2010). I Stryn kommune finn vi lenger ut i fjorden frå kommunesenteret Stryn bygda Blakset. Bygda har ca.200 - 300 innbyggjarar som har busett seg heilt frå fjorden og oppover fjellsida. I bygda er det ikkje så mange aktive gardsbruk igjen, og dei fleste innbyggjarane har arbeid i kommunesenteret Stryn eller liknande. Over busetnaden finn vi fjellområde der husdyra beitar i fellesskap sommartid. Det er dette område som interesserar meg mest i denne avhandlinga.



<b><u>Sogn og Fjordane:</u></b>
<b><i>Areal: 18623 km<sup>2</sup></i></b>
<b><i>Innbyggartal per 2009: 106 457</i></b>
<b><i>(snl.no 2009)</i></b>
<b><u>Stryn kommune:</u></b>
<b><i>Areal: 1323,9 km<sup>2</sup></i></b>
<b><i>Innbyggartal per 01.01.2010: 6967</i></b>
<b><i>(ssb.no 2009)</i></b>



Område som eg hovudsakleg skal ta for meg i denne oppgåva er avgrensa til dei opphavlege gardane Nygård, Hatleim, Teigen, Dokset og Steinsåker sine fjellområde. Avgrensinga av området er hovudsakleg gjort av praktiske grunnar sidan jordskiftesaker i område er avgrensa slik, og sidan det óg er ei viss naturleg avgrensing i område. Eg vil også kort nemne tilhøva i resten av bygda.



Figur 6: Caseområdet plassert på kartet. Kjelde: 1) Laga sjølv på [kart.guleside.no](http://kart.guleside.no) 2 )Henta frå <http://www.norge.no/kart/Sognogfjordane/default.asp?navn=Sogn+og+Fjordane> 10.10.10



3) Bygda Blakset i høve til kommunesenteret Stryn



4) Områdeavgrønsinga i Blakset



Figur 7: Caseområdet plassert på kartet. Kjelde: Både 3 og 4 laga sjølv på [www.kartiskolen.no](http://www.kartiskolen.no)

## **Blakset i dag**

Tilhøva i bygda Blakset ber i dag preg av jordbruksavvikling. Det meste av bygda er prega av avvikla gardsbruk og nesten "ikkje-bruk" i ein "kommersiell" samanheng. Tal dyr på beite har minka mykje dei siste åra, og fleire bruk fungerer no berre som bustadeigedomar. I 1989 var talet husdyr på utmarksbeite i Stryn kommune 22 156 dyr (ssb.no 2008a), og det var 564 jordbruksbedrifter og 41 271 mål jordbruksareal i drift i kommunen (ssb.no 2008c). I 2006 var det nede i 17 808 husdyr på utmarksbeite (ssb.no 2008b), og i 2009 var det 296 jordbruksbedrifter (ssb.no 2010b) og 38 909 mål jordbruksareal (ssb.no 2010a) i drift i kommunen.

Dei fleste i bygda har arbeid i kommunesenteret Stryn eller liknande. Det er ingen av bruka i caseområdet som har landbruket som den einaste inntekta. Dei fleste bruka som er drivne er drivne anten som hobbybruk eller som tilleggsinntekt.

Det er snakk om noko utleige av innmarksbeite, men dei fleste slike beiter står tomme og gror att. Mange grunneigarar slår også innmarka berre for at det skal sjå ryddig ut, og for at bygda ikkje skal gro att. Sidan det er få i bygda og i bygdene rundt som driv med landbruk no, er det heller ikkje noko serleg lokalt marknad for utleige av innmarks- eller utmarksareal til verken beite eller fôrproduksjon.

Det er også eit småkraftverk på 7,8 GWh, i elva Steindøla i området. Utbygging av slike småkraftverk er utbreidd i området, og bygdene rundt.

### **3.3. Eigedomstilhøva i Blakset - med serskilt vekt på utmark**

#### **3.3.1. Innleiing**

Tenkjer vi oss tilbake til figur 3 innleiingsvis, vil eg i dette avsnittet vere i den første boksen. Eg vil her forklare korleis ting er, og korleis dei har blitt slik. Dette for å seinare kunne kome fram til kvifor den faktiske bruken i området er slik den er, sidan det er ein relasjon mellom denne faktisk bruken, eigedomstilhøva, offentleg regulering, institusjonelle tilhøve og sosioøkonomiske tilhøve. Eigedomstilhøva vil utgjere viktige vilkår for arealbruken.

I bygda finn vi tradisjonelle vestlandske eigedomstilhøve, med fleirbølte gardar der mykje av jordbruket er avvikla med tanke på jordbruksverksemd. Desse gardane og bruka er stort sett likevel brukte som bustadar. Gardane i bygda har innmarksareal som opphavleg var brukt til beiting og fôrproduksjon, og også både heimeutmark og fjellmark som i seinare tider stort sett har vore nytta kun til beiting. I dag er det store tendensar til attgroing i bygda sidan fleire og fleire avviklar jordbruket sitt. Mange er likevel flinke til å vedlikehalde eigedomane sine gjennom å t.d. slå graset på innmarka sjølv om det ikkje skal brukast i fôrsamanheng. Som nemnt før leiger også nokre få ut innmark til beite eller fôrsanking for dei få som framleis driv. Utmarka er stort sett delt i teigar, men med ein praksis om samarbeite. I høgareliggande utmark finn vi jordsameige og stølsområde med fellesbeite.

Utmarksområdet er eit forholdsvis høgtliggande område som ved første augekast kan virke som eit stort sameigeområde. Ein veg går gjennom området, og eit utmarksgjerde med grind markerar skiljet mellom innmarka og utmarka/fjellet. Tidlegare var området jordsameige, men med tida har det, del for del, blitt skilt ut til teigar med fulle eigedomar med hjelp frå jordskifteretten.

### **3.3.2. Jordskifteretten sitt arbeid i området**


Som nemnt tidlegare i oppgåva kan jordskifte vere eit mogleg aktuelt verkemiddel i framtida, med tanke på ressursar som etter kvart krev ny organisering for moderne utnytting. Øystein Skappel ved Nordfjord jordskifterett meiner at rasjonaliseringa i landbruket ser ut til å halde fram jamt og trutt. I Nordfjord er det no minimalt med innmarksjordskifter, men dei har derimot mange utmarksjordskifter for tida. Skappel har inntrykk av at det er det å få full eigedomsrett i utmarksteigane som er det viktigaste for partane, og jamt over ynskjer partane minst mogleg endring i teigstruktur (Pers. med. Skappel 2010). Jordskifte er óg aktuelt frå eit historisk perspektiv; ofte er det jordskifte som har gjort eigedomstilhøva slik dei er. Nettopp på grunn av dette har eg vore i kontakt med Nordfjord jordskifterett og fått tak i dokument som omhandlar eigedomstilhøva på dei fem gardane Hatleim (gnr.135), Nygård (gnr.136), Steinsåker (gnr.137), Teigen (gnr.138) og Dokset (gnr.139). Her vil eg berre skildre kort dei viktigaste funna eg har gjort i tilknytning til denne oppgåva. Kopi av desse dokumenta er, etter løyve frå Nordfjord jordskifterett, lagt ved oppgåva som vedlegg.

- I 1756 var det grensegang mellom Teigen/Dokset og Robjørgane. Skogen i heimeutmarka vart ved forlik delt mellom Teigen og Dokset. Grensa mellom Teigen/Dokset og Robjørgane gjaldt skog og mark, medan grensa mellom Teigen og Dokset gjaldt skogen. Av denne grunn kan ein rekne med at det var skogen som vart delt, men ikkje grunn og beite (jf. Rettsbok 8/1964 s.8 i vedlegg). I ei sak frå 1964 med grensegang mellom Teigen og Dokset er grensene på jordskiftekartet markerte som servituttgrenser. Dette, saman med det over, kan tyde på at beite og grunn framleis låg i fellesskap mellom Teigen og Dokset (jf. Rettsbok 8/1964 s.9 i vedlegg) (Sak 8/1964 i Indre Nordfjord jordskifterett 1976).
- I 1838 vart det gjennomført ei minneleg utskifting som gjaldt Hatleim, Nygård og Steinsåker. Desse tre gardane hadde felles skog og hamnegang. I denne utskiftinga vart all skogen som tidlegare hadde vore felles, bytt. Hamnegang og fjellbeite vart etter "Lov angående jord og skogutskifting av fellesskap" frå 1820 - talet, framleis liggande i fellesskap. I denne utskiftinga vart óg alle fem gardane si beitegrense i høgfjellet skildra (jf. Kopi av utskiftingsforretninga i 1838 i vedlegg) (Utskiftingsforretning 1838).
- I 1887 vart skoggrunnen i fjellmarka til Teigen og Dokset skifta (Utskiftingsforretning 1887).
- I 1889 vart grensa mellom Hatleim/Nygård/Steinsåker og Blakset/Øyestad avgjort i ei grensegangssak. Ein "strenggard" (som er nedriven no, men likevel omtala i nyare jordskiftesaker) vart sett opp for å markere grensa for beite mellom desse gardane. Strenggarden fungerte ikkje som eigedomsgrense (jf. Kopi av utskiftingsforretninga frå 1889 i vedlegg) (Grensegangssak 1889).

Ut frå dette kan ein sjå at det har vore "tradisjonelle vestlandske tilhøve" i skogen, der skogen har blitt skilt ut til individuell eige, medan grunn og beite har blitt liggande igjen i fellesskap. På den måten har det oppstått eit rettsleg grunna sambruk mellom gardane, og organiseringa har hatt eit sterkt preg av hopehav mellom aktørane. Eit behov for individualisering av skogen på same tid som det likevel måtte vere hensiktsmessig og mogleg å drive ein rasjonell beitebruk, førte til at skogen vart skifta medan beitet vart liggande att i fellesskap. Då er vi tilbake til tankegangen om at ein skifte berre det som var føremålstenleg å individualisere.



Seinare har det igjen blitt skilt ut teigar til individuell eige i området. Nye rammevilkår har ført til at ny rettsstruktur vart naudsynt og føremålstenleg. Gjennom rettsbøker frå Nordfjord jordskifterett har eg funne ut gongen i utskiljinga til teigar med fulle eigedomar;




Figur 8: Gongen i jordskiftesakene i området. Kjelde: (Sak 10/1950 i Indre Nordfjord jordskifterett 1971), (Sak 16/1983 i Indre Nordfjord jordskifterett 1986), (Sak 8/1964 i Indre Nordfjord jordskifterett 1976)

**I sak nr.10/1950** var det sagt at utmarka til gnr.135, 136 og 137 var til dels sterkt teigdelt med mange og små teigar på kvart bruk, men beitet og grunnen låg i sameige. Retten meinte då at det var ein del god plantemark og også noko som kunne nyttast til kulturbeite. På dette grunnlag meinte jordskifteretten at det ville vere tenleg for alle partar om utmarka vart skift (Sak 10/1950 i Indre Nordfjord jordskifterett 1971). I denne heimeutmarka låg grunnen og beitet i sameige mellom dei tre gardane før skiftet. I øvste delen av skiftefeltet, som var ein del av fjellmarka, var det fullstendig sameige. I løpet av denne saka vart heimeutmarka og noko av fjellmarka på gnr. 135, 136 og 137 delt til full eigedom på dei einskilde bruka. Det er ikkje pålagt gjerdeplikt i området, og det vart ikkje gjort endringar i gjerdeplikta i bøgarden, men kvar eigar kan gjerde inn sin eigedom så mykje han ynskjer, med grunder over naudsynlege vegar. Ved oppsetjing av gjerde som er til nytte også for tilstøytande eigedom, skal den andre eigedomen ta del i gjerdet med ein halvpart. Jakt og fiske ligg i fellesskap (Sak 10/1950 i Indre Nordfjord jordskifterett 1974).

**I sak nr.8/1964** vart det sagt at det var interesse for dyrking av relativt store område. Av denne grunn meinte jordskifteretten at fellesskapet delvis burde delast opp, og at bruksordning og vegbygging til området burde gjennomførast dersom planane skulle realiserast. På denne tida var det to beitefellesskap i ”Steindalen”.

- 1) Teigen (gnr.138) og Dokset (gnr.139) – på austsida av Gamlestøylselva (og lenger nede Steindøla)
- 2) Hatleim (gnr.135), Nygård (gnr.136) og Steinsåker (gnr.137) – på vestsida av Gamlestøylselva (og lenger ned Steindøla)


I ”setermarka og på fjellet” er beitet felles - Lenger nord er det eit beitefellesskap mellom alle fem gardane. I denne saka vart arealet på ”Teigen- og Doksetsida” delt til full eigedom for dei einskilde bruka (Sak 8/1964 i Indre Nordfjord jordskifterett 1976).



Figur 9: Jordskiftekartet til sak 8/1964. Kartet kan avvike noko i målestokk og nøyaktigheit.


**I sak 16/1983** vart den heimste delen av fjellmarka til gnr.135, 136 og 137, i ”Steindalen”, delt til full eigedom. Argumenta for dette var store moglegskapar for fulldyrking eller kulturbeite i fjellmarka grunna bilveg. I rettsboka står det at det óg kunne vere aktuelt å legge

ut eit hytteområde. Før utskiftinga var det her fullt sameige mellom desse tre gardane (Sak 16/1983 i Indre Nordfjord jordskifterett 1986).




Figur 10: Jordskiftekartet til sak 16/1983. Kartet kan avvike noko i målestokk og nøyaktigheit.





Figur 11: Området med områdeavgrønsing og jordskifteresultat. Kartet har eg laga sjølv på [www.kartiskolen.no](http://www.kartiskolen.no)





Figur 12: Kart som syner både jordskiftet i sak 16/1983 til venstre, og sak 8/1964 til høgre. Kartet kan avvike noko i målestokk og nøyaktigheit.

Som ein sum av desse sakene kan vi altså oppsummere at utmark og delar av fjellmark til gardane Hatleim, Nygård, Steinsåker, Teigen og Dokset er delt til full eigedom. I tillegg er vegar til området oppretta. Ei ny form for organisering har i prinsippet kome til; sidan teigane er individualiserte, vil det ikkje lenger vere eit like stort hopehav mellom aktørane. Kvar grunneigar kan i prinsippet organisere seg slik han sjølv ynskjer innanfor sin teig. På same tid vert arealressursane jakt og fiske liggande felles óg etter individualiseringa, og også fjellområdet vert liggande att som realsameige - jordsameige.





### 3.3.3. Eigedomstilhøva i stølsområdet

I stølsområdet "Raufjell", lengst nord i fjellmarka, har det ikkje vore gjennomført jordskifte. Det er óg vanskeleg å finne noko dokumentasjon om eigedomstilhøva på sjølve stølsområdet. Difor har eg samanlikna Raufjell med to andre stølar i nærliggande område. Dette for å samanlikne kjende eigedomstilhøve med ukjende, men også av rein interesse for å sjå ulike organiseringar av stølsområder.

Tre stølar i Nordfjord:

- 1) Randastøylen i Randabygda
- 2) Utitunstøylen på Hopland
- 3) Raufjell i Blakset

(Alle bileta har eg teke sjølv sommaren 2010)




Dette er tre ulike stølar som er organiserte på ulike måtar. Som nemnt i kapittel 2.2.5.2 kan eigedomsretten på stølsområdet grovt sett delast i tre;

- 1) **Sameige:** Stølsvollen med sel, hytter og fjøs er sameige saman med resten av den tilstøytande fjell- og beitemarka.
- 2) **Eineige:** Stølsvollen er delt opp i teigar der kvart enkelt bruk har sin eineatte teig.
- 3) **Eineige og sameige:** Stølsområdet er delt opp i teigar som kvart bruk eig sjølv. Sela og hyttene står på desse eineatte teigane, medan fjøsane står på eit samått areal.

Av dei stølane eg har med, har vi med ulike eigedomstilhøve å gjere:

- 1) På Randastøylen er partane samde om at teigane er fulle eigedomar (Pers. med. Skappel 2010). Desse er inngjerda med gjerde rundt kvar eineatte teig, teigane inneheld både hytte/sel og eventuelt fjøs.


Areala innimellom desse eineatte teigane ligg i fellesskap. Ein felles skogteig, med føremål å skaffe ved til stølsbruk, ligg til stølsområdet. I dette tilfellet ligg óg ein inngjerda teig med fjøs og sel, som er etablert i nyare tid, utanfor sjølve stølsområdet. Grunnspørsmålet til denne teigen var noko partane tilsynelatande ikkje hadde tenkt noko vidare over når det kom opp i tilknytning til ei jordskiftesak (Pers. med. Skappel 2010).



Figur 13: Jordskiftekart frå Randastøylen. Kjelde: Nordfjord jordskifterett. Kartet kan avvike noko i målestokk og nøyaktigheit.




- 2) Utitunstøylen på Hopland har ei felles inngjerding rundt alle hyttene/sela, medan fjøsane ligg samla utanfor inngjerdinga. Heller ikkje på denne stølen har det vore jordskifte så vidt vi veit. Eit kart frå 1941 laga av H.A. Sundt, som reiste rundt og kartla mange stølar i Nordfjord under krigen, syner at det er fire bruk som har teigar på stølen. Desse bruka har fire til fem teigar kvar. Kartet har eg fått av Nordfjord jordskifterett, men det har aldri vore nytta i tilknytning til noko jordskiftesak, så det er usikkert kor rett det er (Pers. med. Holme 2010).



Figur 14: Kart over Utitunstøylen. Kjelde: Nordfjord jordskifterett. Kartet kan avvike noko i nøyaktigheit.

- 3) Raufjell har ei uinngjerda stølskvie, og heller ikkje hyttene er inngjerda. Området rundt stølsområdet ligg som jordsameige mellom dei 5 opphavlege gardane i caseområdet. Det har ikkje vore jordskifte her.



Figur 15: Raufjell. Kjelde: Henta på [www.kartiskolen.no](http://www.kartiskolen.no) 26.10.10

Raufjell er i dag nytta kun til rekreasjon og fritid. Før var stølen nytta til tradisjonell ”setring”, eller stølsdrift, med mjølking av opptil 70 – 80 kyr på det meste. Bruka samarbeidde om mjølking og stell, og også andre bruk som ikkje hadde stølsrett på Raufjell, leigde plass og stølshus der. På denne måten fekk ein nytta beita og stølen maksimalt. Stølsdrifta heldt fram til slutten av 1940 –åra, men nokre få heldt på heilt til 1965. Dei fleste fjøsane er no vekke, men hytter og sel har vorte pussa opp, og nye hytter er komne til (Råd).

Seinare i oppgåva vil eg drøfte kva eigedomstilhøve det er på dei ulike stølane, og eg vil plassere kvar støl i ei ”eigdomsgruppe”.

## **3.4. Spørsmål til nokre ulike aktørar i området**

### **3.4.1. Innleiing**

I dette avsnittet vil eg skildre spørsmål eg har stilt til ulike aktørar i området, og dei svara dei har gjevet. Dette er aktørar som er viktige både i tilknytning til utnytting og organisering av utmarksområdet, både den faktiske og den framtidige.

### **3.4.2. Landbruksdirektøren i Sogn og Fjordane**

Gjennom spørjeskjema over e-post til landbruksdirektør Christian Rekkedal hjå fylkesmannen i Sogn og Fjordane, har eg fått svar på mange aktuelle spørsmål kring beite og beiteproblematikk. Fylkesmannen er i denne samanhengen sentral i spørsmål om støtte til diverse fellesbeitetiltak, og konflikt med freda rovvilt. Frå publikum får fylkesmannen si landbruksavdeling mest spørsmål og kommentarar kring gjerdehald, tilsyn, sjukdom og rovvilt.

Fylkesmannen har diverse støtteordningar som kan nyttast til organisering av beitebruken, t.d. investeringsstøtte til beitebruk som kan nyttast til sams tiltak for å betre beitebruken i utmark. I nokre delar av landet er det óg laga beitebruksplanar. I Sogn og Fjordane er dette ikkje utbreidd, og kartlegging av beiteressursar i samband med dette er ikkje vanleg her.

Overbeiteproblematikk er berre unntaksvis problem i fylket. Det er heller eit problem med for lite dyr på utmarksbeite, noko som igjen fører til at beitekvaliteten vert ringare sidan grasartane vert erstatta av busk, lyng og kratt. Nokre stadar på kysten er den gamle lyngbrenningstradisjonen teken opp att for å få fram gode beiter igjen.

Rekkedal meiner at det med det minkande dyretalet i utmark er meir aktuelt med beitebruksplanlegging med utgangspunkt i organisering av fjellbeita. Då vert dyra konsentrerte til nokre område, i staden for å vere spreidde meir over alt. Argumenta for dette er lettare tilsyn, auka kvalitet på utmarksbeita, og større interesse for å nytte seg av denne ressursen. Rekkedal seier vidare at dette enno berre er på ”pratestadiet”, men dersom nokon grunneigarlag / beitelag er interesserte i dette, vil fylkesmannen eventuelt støtte dette utviklingsarbeidet økonomisk.

Når det gjeld leige og utanbygdsbuande beitebrukarar, så finst det sauebønder som leiger sommarbeite i indre strøk av fylket. Fjellbeita der er tradisjonelt betre enn i midtre og ytre strøk. Dette skjer ikkje berre i fylket, men óg på tvers av fylkesgrenser. Rekkedal ser denne ordninga både som framtidsretta og ikkje. Dette kan vere aktuelt for framtida sidan det tilsynelatande er ledig beitekapasitet i dei gode fjellområda, på same tid som det er plage med t.d. flått og andre sjukdomar på kysten. Men likevel har denne organiseringa kanskje ikkje noko framtid med tanke på stadig større rovviltplager austanfrå lenger inne i fylket. Rekkedal meiner at det i alle tilfeller må lagast både langsiktige beitebruksplanar og beiteavtaler dersom dette er vegen å gå.

Han meiner vidare at det er viktig at beitebrukarane er organiserte i beitelag, slik at ein kan organisere eit samarbeid både om utvikling og tilsyn/sanking. Når det gjeld juridiske avklaringar rundt beiterett m.m, meiner Rekkedal at jordskifteretten heilt klårt er mest aktuell. Mattilsynet er óg ein viktig aktør og rådgjever i spørsmål om beitetap p.g.a. sjukdom (Pers. med. Rekkedal 2010).

### **3.4.3. Jordbrukssjefen i Stryn kommune**

Eg har óg vore i kontakt med jordbrukssjefen i Stryn kommune, Ellen Kirkeeide, over e-post. Ho seier at når det gjeld beite og beiteorganisering er det ofte lokale avtaler som gjeld. Desse er ofte munnlege og nedarva mellom generasjonar. Vidare seier ho óg at ho ikkje kjenner til at beitinga i fjell medfører store problem. Problema melder seg først når hytteeigarar og andre interesser kjem på bana. Det største problemet ho ser med beiting i utmark er gjerdehald mellom innmark og utmark, eller mangel på slikt (Pers. med. Kirkeeide 2010).

Gjennom ein oppfylgingsrunde med spørsmål til Kirkeeide der eg hadde meir fokus på kommunen si planlegging med tanke på utmark, hytter og beitebruk, kom det fram at Stryn kommune ikkje har hatt serskilt fokus på beitebruk i planlegginga si. Det føreligg heller ikkje ein eigen beitebruksplan.

Kirkeeide seier óg at det i 1.gongs kommuneplan frå 1999 vart avmerka 31 setrar i arealdelen, grunna at desse var viktig kulturlandskap. I tilknytning til dette er det laga nokre retningslinjer

for bygging og restaurering på desse setrane. T.d. skal oppføring av nye bygg som ikkje inngår i stølsområdet og som ikkje har same bruksfunksjon, plasserast nærare stølen enn 200 meter, og ein skal helst ikkje bygge landbruksveg heilt fram til stølsområdet. I kommuneplanen frå 2006 vart det gjort endringar i kva stølar som er viktig kulturlandskap, men retningslinene er dei same. Eg kan ikkje sjå at nokon av dei tre stølane eg har teke nærare for meg i oppgåva er karakterisert som eit slikt viktig kulturlandskap.

Kirkeeide seier vidare at det etter det ho kjenner til, ikkje har vore serskilte konflikter mellom beitebruk og hytter. Om inngjerding av hytter har kommunen ikkje så mange reglar, anna enn at det i kommuneplanen sin arealdel er beskrive at for hyttefelt skal det i detaljplan setjast grense for kva areal som kan gjerdast inne. Ein hovudregel er at ein kan gjerde inne berre mindre areal for å halde beitande dyr vekke frå dei aller næraste områda til hytta ( som t.d. inngangsparti) (Pers. med. Kirkeeide 2010).

#### **3.4.4. Grunneigarane**

Gjennom brev sende eg spørjeskjema til kvar enkelt grunneigar i caseområdet mitt. Av atten grunneigarar var det ti som svarte. Her har eg framstilt spørsmåla eg stilte, og svara eg fekk. Eg har valt å gjere denne framstillinga på tre måtar; først har eg presentert alt, både spørsmål og svar, i ein tabell. Etter dette har eg skrive eit samandrag av resultatet av spørjeskjemaet, og til slutt har eg presentert funna i eit diagram. På denne måten får ein presentert stoffet frå fleire ulike hald, og ein får mest mogleg ut av informasjonen.

### 1) Spørjeskjema med fullstendige svar

Under følger ein tabell med spørsmåla og svara til grunneigarane i sin heilskap

Grunneigar	Brukar du området som beite til egne dyr?	Brukar du området som beite til andre sine dyr (altså utleige av beiteretten, gjennom t.d. jordleige; dersom jordleige; er dette leige til andre i bygda, eller er det snakk om utanbygds leige)?	Nyttar du området elles? T.d. hytter, skogsdrift, jakt eller liknande. Er du aktiv eller passiv i høve til fjellmarka du har rettar i?	Nyttar du deg annleis av arealet lengst sør (i "Steindalen") som er skifta til full eigedom, enn arealet i nord som ligg som ein felles ressurs? Har du nytta deg av at den heimste fjellmarka vart delt til full eigedom i jordskiftesak nr.16/1983 (T.d. hyttebygging, oppdyrking m.m.)?	Kva er ditt inntrykk av organiseringa? Er det ei sterk rettsleg organisering eller er det meir organisert etter problem og behov? Har det, etter det du veit, nokon gong vore oppretta grunneigarlag, beitelag eller liknande?
1	Ja	Nei	Ja/delvis	Nei	Ja. Problem og behov
2	Nei	Naboen leiger heimejorda, og då brukar sauene hans fjellbeitet også	Går på tur. Har vore med og sett ut fisk	Vart grøfta noko midt på 80 – talet. Elles ingen drift	Det er grunneigarlag, som vert nytta ved behov/problem
3	Ja	Nei	Skogsdrift. Prøvar å vere aktiv	Nei	Nei
4	Ja	Nei	Driv litt skogsdrift. Jaktområdet leiger vi ut i fellesskap til eit jaktlag. Fjellmarka eg har rettar i ynskjer eg ei positiv utvikling i	Nei	Har beitelag
5	Nei	Nei	Nei	Nei	Veit ikkje
6	Ja	Ingen utleige	Aktiv, bortsett frå jakt som vert utleigd	Ja, oppdyrking	Ja
7	Nei, har ikkje dyr på garden lenger	Nei	Har hytte, og brukar fjellet til turar og teltturar/overnatting	Har hytte på "Gamlestølen". Brukar elles skogen/fjellet over alt frå huset og oppover til turar og liknande	Har ikkje så mykje grunnlag for å svare på dette, men har inntrykk av at det meste vert organisert etter problem/behov. Men det burde vore organisert eitt beitelag eller liknande på grunn av tilgroing
8	Nei	Nei	Har hytte på Raufjell	Eg har ikkje nytta meg vesentleg av den eigedomen som eg har i det området	Eg veit at det er noko som heiter Blakset grunneigarlag, men eg har ikkje delteke aktivt
9	Nei. Har ikkje dyr	Nei. Område ligg ope til gratis beite for alle	Området er leigd vekk til storviltjakt	Nei. Området ligg unytta	
10	Ja	Nei	Hytte på Raufjell. Går tur	Nei. Området er unytta	Veit ikkje. Problem og behov.


Figur 16: Spørjeskjema med grunneigarane sine svar.

## 2) Samandrag av resultatata

Av dei ti som svarte er det fem som svarar at dei nyttar området til beite til egne dyr. Ein av grunneigarane svarar at han leiger ut området sitt til beite til andre sine dyr. Det er leigd ut til ein med egne dyr i området. Ein svarar at området ligg ope til gratis beite for alle. Dette er nok meint som gjennom ”rett” til streifbeite, og då ikkje ein beiterett for alle som vil. Åtte seier dei nyttar området meir elle mindre aktivt, anten gjennom bruk av hytter, eller til rekreasjon elles. Jakta er som nemnt tidlegare utleigd i fellesskap, og to av ti seier dei driv litt skogsdrift i området. På spørsmål om området lengst aust, som er delt til full eigedom, vert nytta annleis enn det samatte området lenger nord, svarar sju av ti at dei ikkje har nytta seg av at den heimste delen av fjellmarka er delt til full eigedom. Ein har dyrka opp delar av sin eigedom, ein har nytta sitt område til hytte, og ein har grøfta litt på sin eigedom. På spørsmål om inntrykk av organisering i området, svarar fire av ti at dei har inntrykk av at det er mykje organisert ut frå problem og behov. Det er jamnt over sprikande inntrykk av korleis organiseringa er. Nokre veit ikkje om noko organisering, medan andre meiner det er grunneigarlag. Nokre meiner der er beitelag, og nokre igjen meiner at det ikkje fins nokon av delane. Andre veit om lagorganisering, men seier at dei ikkje er aktive i dette, medan andre igjen seier at dei rett og slett ikkje veit. To av grunneigarane seier dei ynskjer ei positiv utvikling i fjellområdet dei har rettar i, og ein meiner eit beitelag eller liknande bør opprettast for å hindre attgroing.

### 3) Resultatet frå spørjeskjema i prosent

Det er viktig å hugse på at dette diagrammet er laga ut frå svar frå ti av atten grunneigarar.



Figur 17: Diagram med prosentvis fordeling av resultatet

## 3.5. Praktisk organisering av arealressursane

### 3.5.1. Innleiing

No har vi vore gjennom rettsstrukturen i området, og også nokre konkrete spørsmål og svar frå ulike aktørar. Eg vil her ta for meg organiseringa i området i praksis, altså den faktiske utnyttinga av området. I figur 2 og 3 innleiingsvis, vil vi her vere anten på toppen av pyramida, eller i den siste boksen.



Arealressursane eg vil ta for meg her er jakt og beite, sidan desse er dei mest aktuelle utnyttede arealressursane i området. Eg vil óg nemne heilt kort korleis tilhøva er i skogen, sidan dette har vore ein viktig arealressurs, iallfall tidlegare, og også sidan det er skogen som ofte har vore grunnen til dei første utskiftingane ein hadde i utmark.

### **3.5.2. Jakt**

Rettsleg er jakt felles i området sjølv om store delar av området er delt til full eigedom. Etter rettsbøker frå jordskifteretten sitt arbeid i området, er dette gjort ”i medhald av § 28 i viltlova av 29.mai 1981....felles som før” (Sak 16/1983 i Indre Nordfjord jordskifterett 1986). Dette tolkar eg som at det ikkje er gjort noko vedtak frå jordskifteretten si side om dette, men det er altså berre ”likt med” § 28 i viltlova, og slik som det har vore frå gammalt av. I sak 8/1964 står det at jordskifteretten har gjort vedtak om at jakt og fangst skal vere felles som før, dette i medhald av § 13 i jaktlova (Sak 8/1964 i Indre Nordfjord jordskifterett 1976).

I praksis er jakta leigd vekk, og er då ikkje nytta til konkret bruk av grunneigarane sjølve. Hjortejakta er leigd vekk i fellesskap gjennom Indre Blakset jaktlag, og inntekta jaktlaget får gå til felles beste for grunneigarane, og vert brukt til mellom anna vegvedlikehald i området. Jakta er no for tida leigd vekk til ein person som leiger den vidare til t.d. tilreisande. Småviltjakta er ”opa”. Med andre ord kan alle med jaktkort jakte småvilt i området. Også fiske er leigd vekk på denne måten, med sal av fiskekort. Inntekta frå dette går stort sett til bearbeiding, som m.a. utsetjing av fisk. Det er grunneigarlaget som står for denne utleiga, og som får inntekta (Pers. med. Ulvedal 2010b).

### **3.5.3. Beite**

Beitet er organisert slik at ein slepper dyra i området der det rettsleg er delt til full eigedom. Dyra beiter likevel i fellesskap både på dette området, og i området lenger nord som framleis ligg i sameige. Eigane av dei delte teigane kan likevel velje å gjerde inne sine teigar, og på den måten då stenge ute dei dyra som beitar i fellesskap.

Sanking og tilsyn er organisert i eit større sankelag; Nordsida Stryn sankelag. Laget fungerer óg som eit slags beitelag i området. Sankelaget spenner over eit vidt geografisk område, og

fleire bygdelag er med. Dette samsvarar også med det Mykland (1998) seier om at sektorstyra i sameiga ofte er etablerte for større geografiske område enn sameiga sjølve. Ofte er sankelaga mindre enn dette, men Nordsida Stryn sankelag er godt nøgde med at dei spenner over så store område, og mange grunneigarar. Tilsynet som er organisert av laget, har til no vore noko uformelt. Beiterettshavarane har fått utdelt ei liste med oversikt over merkjer og telefonnummer. Denne ordninga har fungert godt. Det er mange som ferdast i området, og folk er flinke til å melde frå om dei ser noko unormalt. Området er med i ordninga ”organisert beitebruk” (Pers. med. Ulvedal 2010b). Denne ordninga gjer at Nordsida Stryn sankelag er registrert i Brønnøysundregisteret sidan dette frå 2003 vart eit krav for beitelag. Det er òg nokre serskilte krav om organiseringa som gjeld dersom ein skal få tilskot gjennom ordninga ”organisert beitebruk”. Ein må ha ei ordning for tilsyn av beitedyr, der dyra vert observert på beite minst ein gong i veka, og rapportar og logg vert skrivne. Dette samsvarar også m.a. med ”forskrift om velferd for hest; FOR 2005-06-02 nr.505” § 17. I tillegg til dette skal det vere ei organisert sanking med felles sluttsanking i området som er med i ordninga. I caseområdet i Blakset kan eit logisk spørsmål som kjem fram i denne tilknytning vere; kva så med dei grunneigarane som ikkje har beitedyr? Desse grunneigarane er ikkje med i Nordsida Stryn sankelag som får tilskot gjennom ”organisert beitebruk”. Altså er ikkje medlemskap her knytt til status som grunneigar, men status som beiterettshavar med beitedyr. Likevel er nokre av grunneigarane utan beitedyr med i ordninga, men dette skuldast berre at dei ikkje er ”melde ut” av laget etter at dei slutta med beitedyr. Desse har fått status som passive medlemar (Pers. med. Ulvedal 2010a).

Sankelaget og Nordsida bondelag er no inne i eit prøveprosjekt med Fylkesmannen der det vert fokusert på dette med manglande gjerdehald. Sankelaget tykte det var eit flott prosjekt å melde seg på sidan kursing og nye innspel kan gjere noko for framtida. Gjennom dette prosjektet vart heile utmarksgarden i området (og vidare) synfart, registrert og fotografert. På denne måten fekk grunneigarane med gjerdeplikt i utmarksgarden konkret beskjed om kva som måtte gjerast. Grunneigarane var positive til dette, og kursing og nye innspel gjer at ein vert merksame på problematikken. Nye eigarar av gardar og bruk må gjerast merksame på kva rettar og plikter dei har (Pers. med. Ulvedal 2010b).

Vidare er dette med organisering av beitebruken tydelegvis noko ”diffus” for grunneigarane. Som vi ser av førre avsnitt, er det stort sprik i kva grunneigarane veit om dette. Det er av ti grunneigarar faktisk ikkje to som svarar det same her. Svara er like mange som

grunneigarane. Dette tykkjer eg er eit interessant funn. Det kan nok vere eit resultat av at dei fleste grunneigarane faktisk ikkje har dyr på beite sjølve.

#### **3.5.4. Skog**

Skogen i området er delt saman med eigedomane, og ligg då til kvar einskild teig. Ved jordskifte der skogen gjekk i skifte, vart det sett fristar for uthogst for den opphavlege eigaren. Tidlegare var skogen som ein del av fellesskapet, men vart etter kvart delt til individuell eige. Den første tida låg beitet att i fellesskap, men også dette vart etter kvart individualisert, då jordskifteretten delte området i teigar med fulle eigedomar. Likevel har det som nemnt over ikkje vore slik i praksis. Nye individuelle eigedomar har, med få unntak, ikkje blitt gjerda inne, så dyra beitar i praksis framleis i fellesskap, både i skogen og elles i området.

#### **3.5.5. Lag/organisasjonar**

I området finn ein tre lag/organisasjonar som er konkrete for akkurat dette området;

- 1) Nordsida Stryn sankelag – tilsyn og sanking (kan samanliknast med eit beitelag), og får tilskot til organisert beitebruk gjennom ordninga ”organisert beitebruk” (Pers. med. Tvinnereim 2010).
- 2) Grunneigarlag – tek seg t.d. av utleige av fiske og småviltjakt med fiskekort og jaktkort (Pers. med. Ulvedal 2010b).
- 3) Indre Blakset jaktlag – leiger ut hjortejakta (Pers. med. Ulvedal 2010b).

Jakta og fisket er som nemnt før, utleigd. Dette er arealressursar som kanskje kan bli enno meir aktuelle i framtida. Ein kan nok oppleve at det etter kvart kan knytast større utmarksnæring, med tilhøyrande andre næringar, til dette i framtida. I denne samanhengen kan nok jordskifteretten få ei stor rolle. Eg har sjølv sett gjennom min sommarjobb i jordskifteretten, at jaktretten, og denne i kommersiell samanheng, stadig veks og vert meir interessant for rettshavarane. Til no har domstolsapparatet kun organisert den eksterne bruken i området, men med tida kan kanskje óg ei intern organisering av bruken bli meir aktuell.

## **Kapittel 4. Analyse**

### **4.1. Innleiing**

No har eg vore gjennom både teoridelen og empiridelen av oppgåva, og tida er no koma for å analysere funna mine. I dette kapitlet vil eg freiste å nytte figur 2 og 3 som grunnlag for å analysere korleis den faktiske bruken og organiseringa er i området, slik at eg til slutt kan svare på problemstillingane mine.

### **4.2. Eigedomstilhøva i området**

#### **4.2.1. Eigdomsstrukturen**

Området består av både heimeutmark og fjellmark, med både skog og snaufjell. Skoggrensa i området går om lag på same stad som grensa mellom individuelt åtte eigedomar og jordsameige. Storleikane på dei eineåtte teigane varierar mykje alt ut frå skyld. No er dei fleste av teigane nokolunde lett tilgjengelege gjennom bilvegar, men nokre av dei ligg naturleg nok eit stykkje frå vegen. Teigane vert stort sett nytta anten som fellesbeite, eller til private hytter. Kun eit fåtal av teigane er oppdyrka, eller brukte som beite berre til egne dyr. Området består av, grovt rekna, rundt tretti eineåtte teigar, med atten grunneigarar.

#### **4.2.2. Eigarstrukturen**

Sytten av atten grunneigarar i caseområdet er menn. Alder og yrke varierar stort, men det er ingen som har jordbruket som sitt einaste yrke. Det er kun private eigarar i området, og etter det eg veit føreligg det ikkje noko personleg sameige, men kun realsameige der rettane ligg til eigedomen. Av næringstilknytning i området finn vi eit småkraftverk, der grunneigarar med rettar i elva "Steindøla" har partar i produksjonsselskapet. Dette gjeld sju av grunneigarane i caseområdet mitt. Utanom det er det ikkje noko næringstilknytning i området, anna enn utleige av jakt og fiske, beite og fôrhausting i liten skala. Dette ligg til bruk som ikkje har jordbruket som si einaste inntektskjelde.

### 4.2.3. Rettsstrukturen

Rettsstrukturen i caseområdet er dominert av eineåtte teigar og jordsameige i ymse former. Det har tidlegare vore rettsleg grunna sambruk i området, sidan skogen vart skifta medan beitet vart liggande att i fellesskap. Dette har seinare blitt oppløyst gjennom at jordskifteretten har skifta store delar av utmarka til teigar med full eigedom. Men fjellområdet og stølsområdet, ligg framleis som jordsameige. Dette er heller ikkje uvanleg.

Eg har ikkje klart å finne noko informasjon om rettsstrukturen i stølsområdet, men gjennom lesing av litteratur og samanlikning med andre stølar, har eg kome fram til at det må vere ein samått rettsstruktur på Raufjell. Grunnen til dette er at det ikkje finst inngjerdingar på stølsområdet. Verken stølsområdet under eitt, eller kvar hytte eller teig, er inngjerda. Av den grunn ser eg på stølsområdet som ein del av jordsameiget rundt. Til samanlikning med Randastøylen som har ein, for det meste, eineått rettsstruktur, er denne stølen inngjerda med gjerde rundt kvart bruk sin teig. Noko av arealet på stølen er likevel felles, og også ein skogsteig ligg i fellesskap, men dette trur eg kjem av at det tidlegare nok har vore ein samått rettsstruktur også her. Utitunstøylen derimot var vanskelegare å plassere i ein kategori. Ut frå det eg kan sjå, vil det vere ei form for ein blanda rettsstruktur med både sameige og eineeige. Hyttene og sela ligg på eineåtte areal, medan fjøsane står på eit samått areal. Det som gjorde at eg vart usikker, var at alle hyttene og sela er gjerda inne samla, medan fjøsane sto utanfor inngjerdinga. At fjøsane var plasserte utanfor, tydde på ein blanda rettsstruktur, medan den samla inngjerdinga av stølshusa, tydde på sameige. Etter å ha studert kartet (som ikkje kan stadfestast rett), vil eg likevel gå for ein blanda rettsstruktur der fjøsane ligg på eit samått areal, medan stølshusa ligg på eineåtte teigar. Det er likevel ikkje det viktigaste kva som er den rette rettsstrukturen på Utitunstøylen, med eg vil iallfall seie at vi har med tre ulike rettsstrukturar å gjere på dei tre ulike stølane. Ut i frå ei samanlikning av desse, og ut frå rettsstrukturen rundt stølsområdet, vil eg seie at rettsstrukturen på Raufjell er realsameige - jordsameige.

Det har vore rettsleg grunna sambruk (sambeite), sannsynlegvis som eit resultat av ufullstendig garddeling. Etter dette har området (den heimste delen av utmarka) vorte delt til full eigedom med eineeige, likevel er det ein praksis om sambeite i området. Dette er eit resultat av at grunneigarane ikkje har nytta seg av retten sin til å gjerde inne sine teigar. På

den måten kan dyra beite fritt, men eigarane står likevel fritt til å gjerde inne sine eigedomar når dei skulle ynskje det.

I fylgje rettsbøker frå jordskifte i området, vart det argumentert med at utmarka hadde stort verde som kulturbeite, og til fôrproduksjon. Når ein då óg fekk veg til området, vart argumenta større for å dele området i eineåtte teigar. Likevel er det få som har nytta seg av dette, og berre ein av grunneigarane har dyrka opp delar av eigedomen sin i området. Det verkar likevel som grunneigarane er nøgde med stoda i dag, der dei sjølv kan avgjere kva dei vil gjere med området.

### **4.3. Organisering i området**

Her vil eg gjerne ta opp att presiseringa av omgrepet organisering frå kapittel 2.2.1. Eg er altså ute etter å sjå på organiseringa av den faktiske bruken som ein funksjon av fleire ulike tilhøve. Jamfør figur 3. Eg er ute etter å sjå på dette frå ein spesiell synsvinkel, nemleg at nedlegginga i jordbruket er eit faktum, og at det er ein eigedomsmessig samanheng mellom innmark og utmark. Ut frå denne tankegangen har eg analysert svara eg fekk frå grunneigarane.

Organiseringa i caseområdet verka for å vere ganske oppstykkja. På same tid som mykje av området er delt til full eigedom, er likevel ein del i sameige, på same tid som jakt og fiske er felles. Også beitet ber preg av å vere felles, og grunneigarane har sers sprikande syn på korleis organiseringa faktisk er.

Først vil eg ta opp om eg faktisk har grunnlag for å seie at det er nedlegging i jordbruket og lite beiting i området mitt i Blakset. Berre halvparten av dei grunneigarane som svarte på spørjeundersøkinga mi, nyttar utmarksbeitet som beite til egne dyr, og berre ein av dei ti grunneigarane som svarte, leiger ut sin beiterett. Denne er leigd ut til ein med egne dyr i området. Ut frå dette vil eg seie det er klårt at det er lite beiting i området. Dersom ein skal rekne med at dei åtte som ikkje svarte ikkje nyttar beitet, er vi nede i ein prosent på knapt 28 %. Dette blir jo berre spekulasjonar, men det er iallfall færre som har dyr på utmarksbeite og som driv gardsdrift i Blakset no enn før. I 1989 var talet husdyr på utmarksbeite i Stryn kommune 22 156 dyr (ssb.no 2008a) og det var 564 jordbruksbedrifter og 41 271 mål jordbruksareal i drift i kommunen (ssb.no 2008c). I 2006 var det nede i 17 808 husdyr på

utmarksbeite (ssb.no 2008b), og i 2009 var det 296 jordbruksbedrifter (ssb.no 2010b) og 38 909 mål jordbruksareal (ssb.no 2010a) i drift i kommunen. Ut frå dette konkluderar eg med at endra rammevilkår har ført til endra bruk av utmarka i Blakset. Det er eit faktum at færre har dyr på utmarksbeite, og at den samanhengen ein har mellom gardsbruk og utmark ikkje lenger er lik den ein har sett før. Det har gått frå sterke driftsmessige band mellom gardsbruk og utmark, til at dei eigedomsmessige banda no er dei sterkaste mellom dei fleste gardsbruka i Blakset og utmarka der. Dette kan igjen begrunnast i grunneigarane sine svar. Berre ein av ti nyttar området til fôrsanking, og to av ti driv litt skogsdrift i området. Åtte av ti brukar området til hytter (då ikkje i samband med setring) eller rekreasjon elles.

Også organiseringa ber preg av at området er lite nytta til beiting. Det er sprikande svar frå grunneigarane på om det er beitelag, grunneigarlag eller liknande i området. Eg ser på dette som eit resultat av at området er lite nytta til beiting, og det vert då ein avhengnad mellom nytting av eit område, og organiseringa der. Det er sprikande svar frå grunneigarane på korleis organiseringa i området er, og mange av dei karakteriserar området som organisert etter problem og behov. Ut frå dette vil eg konkludere med at endringar i rammevilkår, med påfylgjande nedgong i nytting av utmarksområdet i Blakset, fører til mindre synleg organisering aktørane i mellom. Det er framleis organisering, men det er nokre få som tek seg av dette, og stort sett dei fleste grunneigarane har lite kunnskap om organiseringa, og lite med organiseringa å gjere i praksis. Eg vil presisere at eg i denne samanhengen snakkar om organisering som ei fylgje av hopehav mellom aktørar. Sjølvstøtt vil det i området vere individuell organisering der kvar enkelt grunneigar organiserar drifta av sin eigedom. Men i denne oppgåva er det altså den organiseringa som fylgjer av avhengnad mellom eigedomane og hopehav mellom eigarane eg snakkar om. Eg vil konkludere med at sidan organisering, slik som omgrepet er meint her, er noko som kjem i situasjonar der det er behov for etablering av mønster for samhandling mellom aktørar, vil ei minka utnytting av eit utmarksområde, men påfylgjande mindre samhandling mellom aktørane, føre til mindre organisering i den forstand at det vert mindre synleg organisering aktørane i mellom. Dette vert sjølvstøtt ein generell konklusjon der mange faktorar kan spele inn, men det ser i ei viss grad ut til å stemme i Blakset. På same tid har eg ikkje noko grunnlag for å samanlikne organiseringa no med organiseringa før i konkrete tal, men eg meiner at grunneigarane sine sprikande svar veg tungt her. Og sidan ein óg kan seie at organisering og utnytting så å seie er to sider av same sak, vil eg seie at ein då kan trekkje ei line mellom mindre utnytting og mindre organisering. Vi kan tenkje oss at organiseringa av den faktiske bruken endrar seg

med endra rammevilkår, sidan den faktiske bruken er ein funksjon av fleire tilhøve. Men dette er ikkje naudsynleg tilfelle. Organiseringa i området har ikkje endra seg nemneverdig, men eg vil likevel seie at det er ein samanheng mellom organisering av faktisk bruk og endra rammevilkår. Jamfør figur 3 der vi ser den faktiske bruken og organiseringa som ein funksjon av m.a. eigedomstilhøve, institusjonar og sosioøkonomiske tilhøve.

## **4.4. Framtida**

### **4.4.1. Innleiing**

Kva har så alt dette eg har skrive om, og undersøkt, å seie for framtida, og i ein større samanheng? Kan noko av det eg har oppdaga som fylgje av casestudiet også ha noko å bety i andre område og til andre tider?

### **4.4.2. Gjerdehald**

Området er i dag eit lite nytta område i høve til storleik. Dyra går ikkje lenger like samla i flokk sidan nedgang i tal beitedyr har laga nye ledige område, og dyra sprer seg mykje meir (Pers. med. Ulvedal 2010b). Ein ser byrjinga på både attgroing og manglande gjerdehald. Skappel (2010) i Nordfjord jordskifterett seier dei får ein del spørsmål om dette med gjerdehald, og at problemet veks med færre og færre beitedyr. Likevel er det få sakskrav om gjerdehald. Skappel trur kanskje folk kvir seg for dette p.g.a. vanskane med å få tenlege løysingar som fylgje av reglane i beitelova og gjerdelova ( at gjerdehald ikkje kan påleggast ut over nytteverdien for den enkelte) (Pers. med. Skappel 2010).

Det er heller ikkje beint fram å støtte seg til gjerdelova ved manglande gjerdehald, så lenge det ikkje gjeld gjerder mellom grannar. Dersom eigedomane ikkje er granneeigedomar, vil gjerdelova ikkje kunne løyse vanskane med manglande gjerdehald. Dette vil vere sers aktuelt i området mitt, der mange av bruka er nedlagde. Gjerdelova legg óg opp til at ein skal setje opp gjerde for eigen utmarksteig, og i dag kan dette føre med seg store kostnadar i høve til økonomien i landbruket. ”Prosjekt beitelandskap” meiner det vil vere rasjonelt å få til større beitestrekningar og felles gjerdehald. Det kan vere anten gjennom minnelege ordningar som



beitebruksplanar eller ”organisert beitebruk”. Det kan óg vere gjennom sak om ordning av beitebruk gjennom jordskifteretten (Handbok om skjøtsel av beite 2006).

Tvinnereim (2010) meiner ei enkel ”løysing” må vere at grunneigarane syter for dei pliktene dei har, og ikkje berre nyttar seg av rettane sine for å ta ut goder. Men dette løyser sjølvsagt berre ein liten del av problematikken.

#### **4.4.3. Landskap**

Endra rammevilkår har fått fleire og fleire grunneigarar i området til å legge ned jordbruksdrifta si på gardane og bruka. Leiar i Nordsida bondelag, Leiv Tvinnereim (2010), meiner at dei endra rammevilkåra er grunnen til stor nedgang i jordbruksbedrifter i området. Det er jo inntekta som gjer det interessant, og Tvinnereim meiner at ein kan ikkje drive alt på idealisme. For å kunne drive med jordbruk må ein bli verdsette som bønder. Tvinnereim meiner vidare at politikarane må forstå før det går så langt at alle har slutta med jordbruk. Det er vanskeleg å starte oppatt når ein først har slutta. Han meiner vidare at han trur attgroinga berre vil auka så lenge ingenting skjer, det må vere økonomi for å drive.

#### **4.4.4. Beite**

Rekkedal (2010) meiner at organisering gjennom beitelag er ei viktig løysing. På den måten får ein samarbeid om tilsyn og sanking, men ikkje minst også utvikling. Han meiner óg beitebruksplanar kan vere ein veg å gå, men dette er ikkje utbreidd i Sogn og Fjordane enno. Beitebruksplanane tek utgangspunkt i organisering av fjellbeite, og dyra vert konsentrerte til nokre område i staden for å bli spreidde over alt. På denne måten vert det lettare tilsyn med dyr på beite, ein auka kvalitet på beitet og ei større interesse for å nytte seg av beitet. Rekkedal meiner óg at ei utleige av fjellbeite i innlandet til beitebrukarar frå kysten kan vere aktuelt. Indre strok har ofte betre fjellbeite og mindre flått og sjukdomar, men på same tid er det eit aukande problem med rovvilt som kjem austfrå.

#### 4.4.5. Perspektivet

Andre nyttingsmåtar av arealressursane er så vidt i startgropa, sånn som t.d. utbygging av vasskraftverk og utleige av jakt og fiske. Det er likevel klårt at endra rammevilkår krev endring også i organisering og tankegang. Kva som vil skje med caseområdet dersom ein let ting ”skure og gå”, kan ikkje eg vere sikker på, men eg ser for meg at det då vert enno færre dyr på beite, meir attgroing og enno dårlegare gjerdehald, om det vert noko gjerdehald i det heile. Av dei eg har snakka med kjem det fram frå stort sett dei fleste, ei otte for framtida, og eit ynskje om endring. Nokre av grunneigarane ynskte ei positiv utvikling i området, og andre igjen som Ulvedal (2010), meiner at mangel på tilskot fører til færre dyr, som igjen går utover attgroing, kulturlandskap og gjerdehald.

Alle desse utfordringane som eg har skissert over, er heller ikkje noko lokalt fenomen i området mitt. Det er ein trend i landet at mindre, og ofte tungdrivne, gardsbruk vert nedlagde, og også i nokre tilfeller fråflytta. Problematikk med attgroing finn ein over store delar av landet, og viktig kulturlandskap forsvinn. Dette går igjen utover t.d. den viktige turismen vi har i landet.

### 4.5. Konklusjon og avsluttande refleksjonar

I problemsillinga mi skreiv eg at eg ville undersøkje korleis eigedomstilhøva er i caseområdet i Blakset, og korleis dei har blitt slik, serleg korleis det er med arealbruk. Kva no – når arealbruken ser ut til å ha endra seg mykje?

Når eg no har vore gjennom dette arbeidet må eg spørje meg sjølv korleis det har gått med denne problemstillinga; har eg helde på den? Har biletet blitt meir nyansert? Kan eg no svare på det eg sette meg som mål å finne ut? Eg tykkjer sjølv eg har halde meg bra til problemstillinga, men sjølvstilt har biletet blitt noko meir nyansert.

For å starte med figurane 2 og 3 innleiingsvis i oppgåva: her presiserte eg at den organiseringa eg ville sjå på, var organiseringa av den faktiske bruken som ein funksjon av fleire ulike tilhøve. Desse tilhøva var m.a. eigedomstilhøve, institusjonelle tilhøve og økonomiske

tilhøve. Organiseringa av den faktiske bruken i caseområdet i Blakset som ein funksjon av desse tilhøva, kan kort oppsummerast slik:

I området er det både ein eineått rettsstruktur med individualiserte teigar, og ein samått rettsstruktur med jordsameige. Arealressursane beite og jakt ligg i praksis i dag stort sett i fellesskap. For jakt er dette vedteke, men for beitet er det eigentleg berre i den delen med jordsameige det er rettsleg fellesbeite. At det stort sett er fellesbeite i resten av området óg, er rett og slett eit resultat av at grunneigarane ikkje har nytta seg av retten sin til å gjerde inne sine teigar. Vi kan seie at sjølv om rettsstrukturen har blitt endra, har det likevel ikkje hatt noko serleg å seie for arealbruken. Denne samanhengen går baa vegar, og kanskje vil arealbruken få innverknad på eigedomstilhøva og rettsstrukturen i framtida.

Ein ser vidare at dei driftsmessige banda mellom innmark og utmark har endra seg med åra, og er forholdsvis ubetydelege i Blakset i dag. Det er no til dags meir eigedomsmessige band som rår, medan det før var både setring og meir beiting i området. Det er klårt at desse banda etter kvart kan bli styrka igjen, om ikkje på same måte som før, med nye utnyttingsmåtar som t.d. vasskraftutbygging, hyttebygging eller meir fokus på utleige av jakt.

Eg har vel ikkje funne nokre konkrete ”løysingar” på endringane i utmark som fylgje av endra rammevilkår, men eg ser at organisering vil vere ein viktig del av framtida. Det å t.d. kunne organisere seg i beitelag, eller nedtone eigedomsgrenser for ei meir funksjonell utnytting, ser eg på som sers aktuelle tiltak i framtida.

Det vil altså vere klårt at caseområdet mitt i Blakset, som resten av landet, er inne i endringar; jordbruket vert nedlagt. Dette påverkar igjen utmarksbruken, sidan det var ein funksjonalitet mellom jordbruk og utmarksbruk. Før var det både driftsmessige og eigedomsmessige band mellom innmark og utmark, men ein ser no at desse banda ikkje lenger er like sterke i ein driftsmessig samanheng. Dette fører igjen til ei endring i utmark med nye utfordringar som t.d. attgroing, manglande gjerdehald og forringing av kulturlandskap. Vi kan seie at ei endring i rammevilkår og nedgong i utnytting av eit utmarksområde, fører til endringar i organisering. Dette fordi organisering av den faktiske bruken endrar seg med endra rammevilkår, sidan den faktiske bruken er ein funksjon av fleire ulike tilhøve. Eg vil likevel ta litt atterhald til dette, sidan eg ikkje har noko grunnlag for å seie at det faktisk er mindre organisering i området i

dag. Men eg vil likevel konkludere med at det er ein klår samanheng mellom faktisk bruk/organisering og institusjonelle rammevilkår. I denne samanhengen er nok resultatet mest det at grunneigarane har lite kunnskap om kva organisering som faktisk finst i området. Endra rammevilkår kan tenkjast å krevje endra organisering. Fleire fellestiltak som t.d. utleige av store jaktområde og beiteområde, overordna beitebruksplanar og ”utdanning” og opplysing av grunneigarar, kan verte aktuelle. Dette kan igjen styrke det driftsmessige bandet mellom innmark og utmark., men knapt på same gardsbruksmåte som før.

Og då er eg over i det eg har kalla avsluttande refleksjonar, der eg vil stå litt fritt til å ”synse” eitt og anna.

Det er samanheng mellom arealbruk og eigedomstilhøve, og denne samanhengen går både vegar. Så langt har ikkje endra eigedomstilhøve endra arealbruken i nemnande grad i Blakset. Heller ikkje har den endra og reduserte jordbruksbaserte arealbruken i nemnande grad endra eigedomstilhøva i Blakset. Det kan kome t.d. ved arveoppgjer i form av lausriving/frådeling av sameigepartar, men óg på andre måtar. Her vil institusjonelle rammevilkår så som sameigelov, jordlov og reglane om odel og åsete slå sterkt inn. Men kan det vere mogleg å gjennomføre ”dekomponering” av eigedomane dersom dei økonomiske grunnane er sterke? Eit døme:

Eit gardsbruk i Blakset skal overtakast av borna i familien. Dei vert samde om å dele garden på den måten at sonen får gardstunet med tilhøyrande innmark og bustad, medan dottera får hytta med tilliggande utmark og part i sameige. Men med det lovsystemet vi har i dag, går ikkje dette. I praksis kan dei avtale seg i mellom, men det vil ikkje kunne tinglysast. Ei løysing kan óg vere at den eine overtek alt, men at ein lagar ei leigeavtale for leige av t.d. stølsområdet som ligg til eigedommen. Dette kan då tinglysast. Hovudpoenget her er at det er eit stort økonomisk trykk for å gjere det slik no. Bruka i seg sjølv er ofte ”døydde”, og ein har ikkje lenger behov for utmarka og fjellet i ein driftsmessig samanheng, men dei institusjonelle rammevilkåra vi har i dag, både dei privatrettslege og offentlegrettslege, bidreg sterkt til å konservere dei formelle eigedomstilhøva.

”Limet” mellom gardsbruket og utmarka er sterkt svekka – om ikkje heilt vekke. Kan det tenkjast nye arealbruksformer som så å seie genererer andre organiseringar og andre

eigedomstilhøve? Det er ikkje lett å sjå nett no kanskje, men ”punktvisse” former som småkraftverk og hyttebygging kan tenkjast, utleige av jakt også. I alle høve vil eg tru at den tradisjonelle gardsbruksbaserte utnyttinga vil minke og kanskje falle heilt bort. Heilt enkelt fordi dei fleste bruka vert nedlagde. Det kan og vel tenkjast at meir lausriving av einskilde ressursar, eigedomsmessig sett, blir aktuelle i framtida, noko som liknar på dette med den kløyvde eigedomsretten. Altså at det vert danna ulike drifts- og ”eigedomseiningar” m.o.t. t.d. jakt og beite med større viltområde og beiteområde. Ei slik utvikling vil kanskje møte store institusjonelle hindringar, men ulike former for leigearrangement og selskapsdanningar som ikkje skiplar den formelle grunneigedomsretten, kan då kome på tale. Det er opplagt at jordskifte av ymse slag då kan vere til hjelp i slike prosessar.

Frå før har vi tradisjonelt sett hatt lite offentleg regulering av beite, men kanskje kan det med tida bli det? Kanskje kan ein meir overordna struktur på utmarksbruken vere nyttig. Ein vil kanskje sjå eit større behov for å nedtone eigedomsgrenser og lage slike nye ”driftseiningar” der ein får større områder til utnytting under eitt. Som t.d. viltområde. Skappel (2010) meiner også at det kan vere gunstig å få høve til å opprette sameige i eineatte områder. På den måten kan ein få til meir tenlege løysingar ved å planlegge uavhengig av eigedomsgrenser. Beiteretten er i dag ikkje lenger den viktigaste arealressursen i utmark, og ein ny tankegang kan då vere aktuell.

Eit viktig poeng er at dei eigedoms- og organisasjonstilhøva vi ser i utmarka i dag, vart skapt av arealbruksformene frå fortida. Det er ikkje grunn til å tru at dei vil vare evig. Eigedomstilhøva vil utgjere viktige vilkår for bruken, og bruken vil utgjere viktige vilkår for eigedomstilhøva.

Heilt til slutt vil eg kome med nokre tankar rundt sjølve arbeidet med oppgåva. Etter kvart som eg jobba med denne oppgåva har eg tenkt at caseområdet mitt i Blakset ikkje er noko unikt fenomen å skrive om; det er ikkje mange synlege endringar i utmarka, og heller ikkje er det konflikter av noko slag. Dette gjorde til at det vart vanskeleg å ha ”haldepunkt” i skrivinga. Men eg kom fram til at ei oppgåve frå eit slikt område likevel er aktuell. Dette er, i mine auger, ei ganske typisk lita bygd. Den kan nok samanliknast med mange andre stadar i landet, så det vil uansett vere interessant å sjå kva som ”skjuler” seg i utmarka her. Og slik eg konkluderte i kapittel 1, vil eg óg konkludere her; bygda er typisk nok til å vere interessant. Eg har fått eit innblikk i korleis nedlegging i jordbruket påverkar utmarka i Noreg, men eg ser

klårt at dette er eit tema som bør studerast enno nærare. Det er klårt at det finst samanheng mellom innmark og utmark og med ei slik drastisk endring som vi ser i innmarka i dag, må det etter det eg kan sjå då óg skje endringar i utmark. Dette veit vi alt for lite om i dag.

## Kjelder

- Bjørlo, S.-B. (2010). *Jordbruk - utviklinga i jordbruket*: [www.ssb.no](http://www.ssb.no). Tilgjengelig fra: <http://www.ssb.no/jordbruk/> (lest 20.09).
- Falkanger, T. & Falkanger, A. T. (2007). *Tingsrett*. 6 utg. Oslo: Universitetsforlaget. 798 s.
- Gald, R. (2009). *Stølar og stølsdrift - i fortid og framtid i Hordaland og Sogn og Fjordane* [Hefte]. 39 s.
- Gilberg, N. (2009). *Beitebruk og hytter, en studie av problemer og løsninger*. Masteroppgåve. Ås: Universitetet for miljø- og biovitenskap. 129 s.
- Grensegangssak. (1889). *Utskrift frå Nordfjord sorenskriveri sin protokoll vedkomande sak om grense mellom Nygård/Hatleim/Steinsåker og Blakset/Øyestad*. jordskifterett, N.: Nordfjord sorenskriveri. 4 s.
- Handbok om skjøtsel av beite. (2006). *Beitebruk - samarbeid og skjøtsel*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland i samarbeid med Forsøksringen Hordaland og prosjekt beitelandskap. 36 s.
- Haugen, H. (1989). *Organisering av bruk i sameige*. Hovedoppgåve: Norges landbrukshøgskole. 95 s.
- Korsvolla, K., et al. (2004). Eiendomsforhold i utmark og næringsutvikling: Norges landbrukshøgskole - Institutt for landskapsplanlegging. 143 s.
- Marthinussen, H. F. & Lund, M. V. (2009). Avhending av realsameigepartar og realservituttar. *Jussens venner* (04 - 2009): 211 - 237.
- Mykland, S. (1998). *Organisering av sameier*. Hovedoppgåve: Norges landbrukshøgskole, Institutt for landskapsplanlegging. 120 s.
- Normann, K. (1996). *Jordloven kommentarutgave*: Universitetsforlaget Oslo. 158 s.
- NOU 2002:09. (2002). *NOU 2002:09 Jordskifterettens stilling og funksjoner*. 161 s.
- NOU 2007:13. (2007). *NOU 2007:13 Den nye sameretten*. Justis - og politidepartementet. Oslo: Regjeringen.
- nsg.no. (2010a). *Beiterett- og beitebruksspørsmål*: Norsk Sau og Geit. Tilgjengelig fra: <http://www.nsg.no/beiterett/index.cfm?id=81795#po1> (lest 05.09.2010).
- nsg.no. (2010b). *Organisert beitebruk*: Norsk Sau og Geit. Tilgjengelig fra: <http://www.nsg.no/index.cfm?id=53143> (lest 09.11.2010).
- Nærstad, H. (1942). *Sameieretten til jord*. Oslo. 193 s.
- Pers. med. Kirkeeide, E. (2010). *Spørsmål om beitebruk og beiteorganisering* (Spørsmål over e-post 03.08.2010).
- Pers. med. Holme, P. L. (2010). *Spørsmål til konsulent ved Nordfjord jordskifterett angående eigedomstilhøva på Utitunstøylen på Hopland* (Spørsmål over e-post 15.11.2010).
- Pers. med. Kirkeeide, E. (2010). *Spørsmål om beitebruk, kommuneplanlegging og hytter til jordbrukssjefen i Stryn kommune* (Spørsmål over e-post 09.10.2010).
- Pers. med. Rekkedal, C. (2010). *Spørsmål om beitebruk og beiteorganisering* (Spørsmål over e-post 02.08.2010).
- Pers. med. Sevatdal, H. (2010b). *Rettleiing i tilknytning til masteroppgåva* (Rettleiing 12.11.2010).
- Pers. med. Skappel, Ø. (2010). *Spørsmål til jordskifterettsleiaren ved Nordfjord jordskifterett angående eigedomstilhøve på stølsområde, og jordskifteretten si framtid* (Spørsmål over e-post 02.11.2010).

- Pers. med. Tvinnereim, L. T. (2010). *Telefonintervju med leiar i Nordsida bondelag om lokallaget og deira rolle* (Telefonintervju 17.11.2010).
- Pers. med. Ulvedal, J. S. (2010a). *Telefonintervju med grunneigar og styremedlem i Nordsida Stryn sankelag angående ordninga "organisert beitebruk"*. (Telefonintervju 09.12.2010).
- Pers. med. Ulvedal, J. S. (2010b). *Telefonintervju med grunneigar og styremedlem i sankelaget, om organisering, utleige og lag i caseområdet* (Telefonintervju 17.11.2010).
- regjeringen.no. (2010). *Jordlov: Regjeringen - Landbruks- og matdepartementet*. Tilgjengelig fra:  
<http://www.regjeringen.no/nb/dep/lmd/tema/landbrukseiendommer/jordlov.html?id=446214>  
(lest 23.09).
- Robberstad, K. (1963). Kløyvd eigedomsrett. *Lov og rett 1963*, 1963: 162 - 166.
- Rt 1894-293. (1894). *Rt.1894-293*. Høyesterett. 7 s.
- Rt 1990-1113. (1990). *Rt.1990 - 1113*. Høyesterett. 8 s.
- Råd, K. *Støylar i gamle Innvik og Utvik sokn*. 277 s.
- Sak 8/1964 i Indre Nordfjord jordskifterett. (1976). *Rettsbok sak nr.8/1964 i Indre Nordfjord jordskifterett*. 22 s.
- Sak 10/1950 i Indre Nordfjord jordskifterett. (1971). *Rettsbok sak nr.10/1950 i Indre Nordfjord jordskifterett. Rettsbok nr.50 side 201 - 206*. 7 s.
- Sak 10/1950 i Indre Nordfjord jordskifterett. (1974). *Rettsbok for sak 10/1950 i Indre Nordfjord. Rettsbok nr.53 side 259 - 294* 35 s.
- Sak 16/1983 i Indre Nordfjord jordskifterett. (1986). *Rettsbok sak 16/1983 for Indre Nordfjord jordskifterett*. 32 s.
- Sevatdal, H. (1971). *Eigedomstilhøve og skogreising på Vestlandet. Institutt for jordskifte og eiendomsutforming. Norges landbrukshøgskole*.
- Sevatdal, H. (1989). *Forelesingar i eigedomshistorie: Landbruksbokhandelen*. 125 s.
- Sevatdal, H. & Hegstad, E. (2005). *Jordsameier i endring? Kart og plan*, vol.65 (1): 17 - 25.
- Sevatdal, H. (2006). *Institutions and innovations: Property and land use in Norwegian outfields. Norsk Geografisk Tidsskrift - Norwegian Journal of Geography Oslo*, Vol. 60: p. 77-88.
- Skogoglandskap.no. *Kva er organisert beitebruk?: Skog og landskap*. Tilgjengelig fra:  
[http://www.skogoglandskap.no/faq/organisert\\_beitebruk](http://www.skogoglandskap.no/faq/organisert_beitebruk) (lest 15.11.2010).
- slf.dep.no. *Miljøprogram i jordbruket: Statens landbruksforvaltning*. Tilgjengelig fra:  
<https://www.slf.dep.no/no/miljo-og-okologisk/jordbruk-og-miljo/regionalt-miljoprogram#regionale-miljoeprogram> (lest 15.11.2010).
- snl.no. (2009). *Sogn og Fjordane*. Store norske leksikon: Store norske leksikon. Tilgjengelig fra: [http://snl.no/Sogn\\_og\\_Fjordane](http://snl.no/Sogn_og_Fjordane) (lest 25.08).
- Solberg, B. (2003). *Jernalderen i Norge*. Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- ssb.no. (2008a). *Husdyr på utmarksbeite 1989: Statistisk sentralbyrå*. Tilgjengelig fra:  
[http://www.ssb.no/emner/10/04/jordbruk\\_miljo/tabeller4.2/beitedyr\\_1989\\_14.html](http://www.ssb.no/emner/10/04/jordbruk_miljo/tabeller4.2/beitedyr_1989_14.html) (lest 29.11.2010).
- ssb.no. (2008b). *Husdyr på utmarksbeite 2006: Statistisk sentralbyrå*. Tilgjengelig fra:  
[http://www.ssb.no/emner/10/04/jordbruk\\_miljo/tabeller4.2/beitedyr\\_2006\\_14.html](http://www.ssb.no/emner/10/04/jordbruk_miljo/tabeller4.2/beitedyr_2006_14.html) (lest 29.11.2010).
- ssb.no. (2008c). *Jordbruksbedrifter og jordbruksareal i drift 1989: Statistisk sentralbyrå*. Tilgjengelig fra:



[http://www.ssb.no/emner/10/04/jordbruk\\_miljo/tabeller1.1/drenh\\_areal\\_1989\\_prikket\\_14.html](http://www.ssb.no/emner/10/04/jordbruk_miljo/tabeller1.1/drenh_areal_1989_prikket_14.html)  
(lest 29.11.2010).

- ssb.no. (2009). *Tall om Stryn kommune*: Statistisk sentralbyrå. Tilgjengelig fra: <http://www.ssb.no/kommuner/region.cgi?nr=14> (lest 20.Juni).
- ssb.no. (2010a). *Jordbruksareal i drift i alt i Stryn kommune 2009*: Statistisk sentralbyrå. Tilgjengelig fra: [http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default\\_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tlside=selectvarval/define.asp&Tabellid=06140](http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tlside=selectvarval/define.asp&Tabellid=06140) (lest 29.11.2010).
- ssb.no. (2010b). *Jordbruksbedrifter i Stryn kommune 2009*: Statistisk sentralbyrå. Tilgjengelig fra: [http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default\\_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tlside=selectvarval/define.asp&Tabellid=06140](http://statbank.ssb.no/statistikkbanken/Default_FR.asp?PXSid=0&nvl=true&PLanguage=0&tlside=selectvarval/define.asp&Tabellid=06140) (lest 29.11.2010).
- ssb.no. (2010c). *Mange små gårdsbruk fraflyttet*: Statistisk sentralbyrå. Tilgjengelig fra: <http://www.ssb.no/emner/10/04/læiby/> (lest 01.10.2010).
- Strand, G.-H. (2009). *Arealressurs*: [www.snl.no](http://www.snl.no). Tilgjengelig fra: <http://www.snl.no/Arealressurs> (lest 24.09.2010).
- Thorsnæs, G. (2010). *Stryn*. I: leksikon, S. n. (red.). Store norske leksikon. Tilgjengelig fra: <http://snl.no/Stryn> (lest 25.08).
- Utskiftingsforretning. (1838). *Kopi av minneleg utskiftingsforretning på gardane Steinsåker, Hatleim og Nygård*. jordskifterett, N. 5 s.
- Utskiftingsforretning. (1887). *Utskrift av pantebok for Innvik vedkomande utskifting av skoggrunnen til Dokset og Teigen*. jordskifterett, N.: Pantebok for Innvik. 5 s.
- Wirak, A. & Torsteinsen, D. (2006). Sentrale beiterettslige spørsmål - Utvalg av domstolenes praksis innenfor beiterett. 22 s.

## Vedlegg

- 1) Utdrag frå rettsbok 10/1950
- 2) Utdrag frå rettsbok 8/1964
- 3) Utdrag frå rettsbok 16/1983
- 4) Kopi av utskrift frå Nordfjord sorenskriveri si tingbok til sak frå 1756; grensegang mellom Teigen/Dokset og Robjørgane
- 5) Kopi av minneleg utskiftingsforretning på gardane Steinsåker, Hatleim og Nygård i 1838
- 6) Utskrift av pantebok frå Innvik vedkomande utskifting av skoggrunne til Dokset og Teigen i 1887
- 7) Utskrift frå Nordfjord sorenskriveri sin protokoll vedkomande sak om grense mellom Nygård/Hatleim/Steinsåker og Blakset/Øyestad i 1889
- 8) Brev med spørjeskjema sendt til grunneigarane
- 9) E-post til landbruksdirektøren i Sogn og Fjordane, Christian Rekkedal
- 10) E-post til jordbrukssjefen i Stryn kommune, Ellen Kirkeeide
- 11) E-post til jordbrukssjefen i Stryn kommune, Ellen Kirkeeide 2
- 12) E-post til jordbrukssjefen i Stryn kommune, Ellen Kirkeeide 3
- 13) E-post til jordskifterettsleiar ved Nordfjord jordskifterett, Øystein Skappel
- 14) E-post til konsulent ved Nordfjord jordskifterett, Per Lyder Holme
- 15) Intervjuspørsmåla til grunneigar og styremedlem i Nordsida Stryn sankelag, Jon Sigmund Ulvedal
- 16) Intervjuspørsmåla til leiar i Nordsida bondelag, Leiv Tormod Tvinnereim
- 17) Oppfylgjingsspørsmål over telefon til grunneigar og styremedlem i Nordsida Stryn sankelag, Jon Sigmund Ulvedal

1) Utdrag frå rettsbok i  
sak 10/1950

Frå side 3 i rettsboka:

.....

Retten og partane var på synfaring.

Det syner seg at utmarka til gnr. 135, 136 og 137 er til dels sterkt teigdelt med mange og små teigar på kvart bruk. Beitet og grunnen ligg i sameige. Det er til dels mykje god plantemark og også noko som kan nyttast til kulturbeite. Det vil difor vere tenleg for alle partane at utmarka vert skift.

Jordskifteretten gjorde samrøystes slikt

Vedtak.

Jordskiftet som vart kravd ved skriv av 23.9.1950 av Magnus Nytun m.fl. vert fremja.

Skiftefeltet grensar i sydvest og vest til gnr. 134, Blakset, i sydaust og aust til eiga innmark, i nordaust til gnr. 138, Teigen og gnr. 139, Dokset og i nord til eiga fjellmark. Øvste delen av feltet er sameige.

Grensene mot grannegardane må klårleggjast ved dette jordskiftet.

-4-

Kor mykje som skal tas med av fjellmarka vil bli fastlagt seinare, men under synfaringa såg ein på ei grense frå Leitet sydvestover over dei signaliserte punkta på Trollehaugen og vidare til grensa mot Blakset.

Tidlegare har det vore eit hamnegjerde mellom Blakset og Steinsåker m.fl. J.fr. dok. nr. 6. Korleis eigedomstilhøva er her vil bli tatt opp og avgjort seinare.

Partane vart gjort kjende med at skiftefeltet ville bli bonitert i år, og at dei hadde høve til å vere med under dette arbeidet. Partane godtok kort minneleg varsel til neste møte. Boniteringa ville ta til utan nærare varsel.

Dokument, som har interesse for saka, må partane levere til retten så snart som mogeleg.

.....

Frå side 29 i rettsboka:

.....

★  
III. Lotting.

Heimeutmarka og fjellmark til gnr. 135, 136 og 137, Hatleim, Nygård og Steinsåker er delt til full eige- dom på dei einskilte bruk: slik:

.....

Frå side 36 i rettsboka:

.....

★  
VI. Gjerde og grunder.

Innan skiftefeltet er det i samråd med partane ikkje pålagt noko gjerdeplikt. Kvar eigar har rett til å gjerde inn av eigen eige- dom så mykje han ønskjer, men han må sette grunder over naudsynlege vegar. Vert gjerde sett opp, og dette seinare også vert til nytte for tilstøytande eigar, skal han ta del i gjerdet med ein halvpart. Kva for ein halvpart av gjerdet kvar skal halde vert avgjort ved lut- draging. Vert dei ikkje samde, kan det når som helst krev- jast gjerdeskjøn. Oppsett gjerde skal overtakast etter den verdi det har på overtakingstida. Det er ikkje gjort end- ringar i gjerdeplikta i bøgarden. Gnr. 137, bnr. 1, 6, og 10 har gjerdeplikta mot gnr. 136, bnr. 2 for eigne geile- teigar.

VII. Jakt.

I medhald av § 13 i jaktlova, skal jakt og fangst i skiftetfeltet vere felles som før.

VIII. Vatn og vassleidningar.

1. Om ein ikkje med rimeleg kostnad kan skaffe seg vatn på eigen eigedom, skal ein ha rett til å ta vatn og legge leidning i lukka grøft i annan manns teig. Dette må gjerast til minst mogeleg skade og i samråd med grunneigaren. Skulle det bli knapt om vatn, har grunneigaren første retten.
2. Vatn til beita skal, over utmarksteigar, kunne førast fram til eigen eigedom gjennom udekka leidning.
3. I tørkeperiodar skal det vere rett til å ta vatn i andre sine teigar gjennom udekka leidning. Grunneigarane har likevel førsteretten. Vert leidningen lagt over dyrka jord, kan grunneigaren krevje at den der skal gravast ned. Grunneigaren kan også krevje leidningen fjerna etter bruken.
4. Overnemnde reglar gjeld også for framføring av vatn frå Steindøla.
5. Gnr. 137, bnr. 6 skal som før ha rett til å ha brunn på same staden i teigen til gnr. 137, bnr. 10 med leidning derifrå til eigen eigedom.  
Det skal vidare vere rett til turvande ettersyn og utbetring og høve til å sette gjerde kring brunnen i ein avstand av inntil 4,- m frå brunnkanten.
6. Vassrettane som knyter seg til Steindøla er ikkje handsama ved dette jordskiftet og er som før.

IX. Standskog.

Barskogen som ved dette jordskiftet skifter eigar og som ikkje er rekna med skal hoggast av den gamle eigaren - er klava opp og kubikkrekna frå 10 cm i brysthøgde og oppover. Samanhangande yngre plantefelt er rekna etter venteverdi eller kostnadsverdi pr. dekar.

Lauvskog og einer er ikkje verdsett og kan hoggast av eigaren før skiftet og skal vere fjerna - om ikkje noko anna er sagt nedafor - innan 1. mai 1978. Det same gjeld all skogen i sameigeteigen i øvste delen av skiftefeltet.

Frå området der barskogen skal hoggast tidlegare, skal også lauvskog og einer vere fjerna til same tid.

X. Uthogst.

Gnr. 135, bnr. 1, Jon Roset kan hogge:

1. Granene i den delen av bruket sin gamle teig, kartfig. 93<sup>a</sup> - 95<sup>b</sup>, som nå går over til gnr. 137, bnr. 1.
2. Fureskogen i bruket sin gamle teig, kartfig. 37 - 41, som nå går over til gnr. 137, bnr. 1.
3. Granene vest for svingen på Nygårdsvegen i den delen av bruket sin gamle teig, kartfig. 124 - 128, som nå går over til gnr. 136, bnr. 1.
4. Fureskogen i bruket sine gamle teigar, kartfig. 76 - 77 og 85 - 86, som nå går over til gnr. 136, bnr. 1.
5. Granene i den delen av kartfig. 93<sup>a</sup> og 93<sup>b</sup> som nå går over til gnr. 137, bnr. 10. Dette er unge graner som venteleg elles vert øydelagde ved bygginga av Raustadvadvegen.



Frå side 42 i rettsboka:

.....

XIII. Avløysing av beiterett.

På eit område i sørvestre delen av skiftefeltet har  
gnr. 134, Blakset beiterett. I rettsmøtet 15. sept. 1972  
vart det gjort kjent at jordskifteretten ville avløyse denne  
retten i pengar.

.....



- 8 -

\*  
påstand:

Beite og grunn ligg i fellesskap mellom gnr. 138 Teigen og gnr. 139 Dokset i skogteigane sør for Leitebruna, Mothammaren og Hjellen.

Jordskifteretten ser slik på saka:

Ved åstadsaka i 1756 (dok.15) vart grensa mellom Teigen og Dokset på eine sida og Rogjøgane på andre sida fastlagt, frå Håmanneneset til Piksledhaugen. Det heiter her at Teigen og Dokset skal ha ".....Skougen og Mark indenfor ...." denne grense, og innanfor grensa ".....tilhører Rødberg Skougen og Marken ....". Det var vidare ved denne forretninga gjort freistnad på å få ".... Dochsetter fra Teigen separeret og adskildt alt efter een hvers Lod og Leieboel....".

Dette galdt ".baade inden og uden giærds". Men det lukkast ikkje å kome fram til ei løysing for den delen av saka. Det einaste ein finn som er av interesse for saka i dag er at dei vart samde om " ....at de dog om Skougen saaledes er blevet "forligte at Teigens Oppsiddere skal have den Skov, som er "ovenfor fieldsenden og midt i Svartesvad enden og Dochsetter "Skougen som er nedenfor dette merke ..."

Det heiter vidare at ".... angaaende Morthammer Liiden de "beholder Dochsetter fra Elven og ind i Klypet, og Teigen fra "Klypet og ind i fossen, alt opunder brunen, den øvrige utbytte- "de Skog sagde parterne at ville bytte imellem sig selv paa "een anden belejlig tid efter eenhvers lod og Lejeboel,...."

Ein kan her merke seg at når det gjeld grense mot nabogarden Robjøgane så gjeld den grense for "Skoug og Mark", medan grensene mellom Teigen og Dokset gjeld "Skougen".

Dette skulle såleis tyde nokså sterkt på at dele mellom Teigen

- 9 -

d.  
og Dokset galt berre skogen, og ikkje grunn og beite i området som det i dag er tvist om.

Utskiftinga frå 1839 (dok.16) gir etter rettens meining ikkje opplysningar som er av interesse for tvisten i dag.

Ved utskiftinga i 1887 (dok. 13) vart skogen på areala nord for tvistefeltet skifta. Av dette dokumentet ser ein at feltet som då vart skifta grensa i sør til "... de nedenfor beliggende Doksäter og Teigen tilhørende skogteige..." Det er såleis lite å støtte seg til her i spørsmålet om eigedomstilhøva i tvisteområdet.

Ved grensegangssaka i 1964 (dok. 17), som også omfattar deler av tvisteområdet, er det ikkje positivt sagt om grensene er eigedomsgrenser eller bruksrettsgrenser. Men på kartet som ligg ved saka er grensene markerte som servituttgrenser. Det gjeld både grensa mellom Teigen og Dokset og grensene mellom bruka innbyrdes. Dette skulle såleis tyde på at ein då rekna med at beite og grunn låg i fellesskap mellom Teigen og Dokset i det aktuelle området.

Retten kan heller ikkje sjå at bruken av området tilseier at her er to beitefellesskap - eitt for Teigen og eitt for Dokset.

Gardfjøsane til Teigen og Dokset ligg i og ved Dokset sine skogteigar. Beitinga har skjedd i skogteigane til begge gardane. Etter dei opplysningar som er komne fram har det heller aldri vore protestert mot felles beiting i tvisteområdet.

Retten kan såleis ikkje sjå at dei framlagde dokument eller bruken av tvisteområdet tilseier at her er to beitefellesskap.

Jordskifteretten kom til fylgjande



Frå side 15 i rettsboka:

.....

✱ Orskurd.

Twisten gjeld eigedomstilhøva frå Trollehaugen/Leitet og nordøver omlag 1 km. til yttergrensa for skiftefeltet.

Området er i vest avgrensa av grensa mot Blakset og Øyestad (strenggarden) og i aust av skogteigane til Teigen og Dokset (Ingeborgstølselva).

Frå Teigen og Dokset vart det vist til det framlagde dok. 23, som gjeld ei sak frå år 1756, då m.a. grensa mellom Steinsåker og Dokset er beskrevet slik at den skal fylgje elva. Det heiter vidare "....Sætter marchen eller fjeldet undtagen, som " for alle er tilfelles, baade inden og uden Gierds imellem " Steensager og Doksetter."

Dette må tolkast slik at dei har beiterett helt vest til strenggarden og sør til Trollhaugen, for det er ei naturleg avgrensing for beitet.

Det er også restar av gjerde på Trollhaugen, som viser at her har vore stenge for beitedyr.

I det framlagde dokumentet er det ikkje beskrevet noko avgrensing av Teigen og Dokset sine rettar vestover. Dersom

Hatleim, Nygård og Steinsåker har rettar like aust til Ingeborgstølselva må difor Teigen og Dokset ha rettar like vest til strenggarden.

Det vart elles vist til at Ola M. Dokset bør uttale seg om denne saka. Han er truleg den som kjenner tilhøva best frå gamal tid.

Frå Hatleim, Nygård og Steinsåker vart det vist til forliket frå 1889 (dok. 25), då gjerdeplikta for strenggarden vart fastlagt. Det var ei sak mellom Øyestad og Blakset på eine sida og Hatleim, Nygård og Steinsåker på andre sida. Teigen og Dokset er ikkje nemnde her, og då kan dei heller ikkje ha rettar inn til denne grensa. Dersom Teigen og Dokset hadde rettar vest til denne grensa var det rimeleg at dei i 1889 også vart pålagd ein del av gjerdehaldet der.

Vestgrensa for Teigen og Dokset må difor vera lenger aust. Det er rimeleg at Raudfjellselva er austgrense for Teigen og Dokset under føresetnad av at Hatleim, Nygård og Steinsåker har rettar aust til Ingeborgstølselva.

Trollhaugen er ikkje noko eksakt avgrensing av heimemarka for Hatleim, Nygård og Steinsåker. Dei har til dels hogge skog opp forbi den, og gjerderestane som ein finn her kjem <sup>at</sup> av her var det ein høveleg stad å stenge for husdyra.

Det kan visast til at dei har hogge skog i lia aust for Gamlestølen.

Det vart elles vist til at Karl O. Steinsåker bør få uttale seg om denne saka. Han er truleg ein av dei som kjenner best tilhøva frå gamal tid.

Ola M. Dokset, 83 år gamal og tidlegare eigar av bnr. 1 på Dokset, har uttalt seg om saka (dok. 27). Han meiner at frå

- 17 -

gamalt rekna dei med at det var to beitefellesskap i Steindalen, og at Gamlestølselva var rekna som grense.

Sjølv om denne grensa var greid, gjekk nok beitedyra mykje "horn mot horn".

Bolskotgjølet er i elva nord for Gamlestølen. Lenger nord i området er det truleg fellesskap mellom Teigen, Dokset, Hatleim, Nygård og Steinsåker.

Karl O. Steinsåker, 78 år gamal og tidlegare eigar av bnr. 10 på Steinsåker har uttalt seg om saka (dok. 28).

Han meiner at frå gammalt skulle det vere ei grei grense mellom dei to beitefellesskap i Steindalen. Denne grensa skulle gå frå Leitebrua til Bolskotgjølet. Bolskotgjølet er i elva ved Gamlestølen.

Beitefellesskapet mellom Teigen, Dokset, Hatleim, Nygård og Steinsåker fekk ein først lenger oppe - frå Svarthammaren og nordover.

Strenggarden var oppsett for å verne om heimehammen.

Jordskifteretten si vurdering:

I dei framlagde saksdokument er det til dels motstridande opplysningar. Retten har vidare inntrykk av at dei noverande brukarane ikkje har noko eintydig bilde av bruks- og eigedomstilhøva i Steindalen.

I forliket som er referert i dok. 23 går det fram at elva skal vere grense mellom Dokset og Steinsåker, men det gjeld ikkje i setermarka og på fjellet. Der er det felles.

Ein må her reise spørsmålet om "setermarka og fjellet" tek til ved Leitebrua, eller er det opp forbi Raudfjellet eller Svartehammaren ein har dette fellesskapet.

Dersom ein kan slå fast at dette fellesskapet tek til ved

Leitebrua, og ein har Gamlestølen som utgangspunkt for beitinga, så er ei naturleg avgrensing for beiteområdet omlag til Ingeborgstølselva i aust, strenggarden i vest og Trollhaugen/Leitet i sør.

Men av dette forliket frå 1756 (dok.23) kan ein ikkje slå fast at fellesskapet tek til ved Leitebrua. Andre opplysningar som er kome fram tyder heller på at fellesskapet tek til lenger nord. På denne bakgrunn finn ikkje retten å kunne legge avgjerande vekt på dette dokumentet.

Forliket frå 1889 (dok. 25) tyder på at Teigen og Dokset ikkje beita vest til denne grensa mot Øyestad og Blakset. Dersom Teigen og Dokset dreiv aktiv beiting like vest til denne grensa var det grunn til å venta at dei også var nemnde i denne saka frå 1889.

Her er vidare hevda at Røudfjellselva (også kalla Steindøla) er vestgrense for Teigen og Dokset sine rettar. Denne påstanden er ikkje vidare underbygd, og etter retten si meining er det ei lite naturleg avgrensing for Teigen og Dokset sine beite.

Det har vore opplyst at brukarane på Hatleim, Nygård og Steinsåker har hogge ved i lia aust for Gamlestølen, og at det såleis tyder på medeigedomsrett i området. Men i samband med dette spørsmålet er det kome fram opplysningar som tyder på at denne skoghogsten har sin bakgrunn i private avtaler. Retten finn difor ikkje å kunne legge avgjerande vekt på dette momentet i saka.

Ved skogutskiftninga på Teigen og Dokset i 1887 (dok.13) vart vestgrensa for skiftefeltet beskrevet såleis:  
".. Mot vest er den omhandlede strækning begrenset af et fælles "skab, tilhørende gaardene Doksæter, Teigen, Hatlem, Nygaard og

"Stensager saaledes: Mærket går fra "Morthammaren" i vestlig retning hen til "Stens Løla" (?) og følger efter "Ingeborgstølselven" op gennem "Berskargjølet", og derfra Ingeborgstølselvens østre gren indtil den skjærer Rødbergmerket.."

Grensa som her er beskrevet er nokså eintydig - frå Morthammaren til Steindøla og vidare etter Ingeborgstølselva.

I 1887 skulle dei ikkje ta stilling til bruks- og eigedomstilhøva vest for Ingeborgstølselva. Men etter det som er skrevet her må ein trekke den slutning at det var eit fellesskap også med Hatleim, Nygård og Steinsåker vest for Ingeborgstølselva. Kva dette fellesskapet innebar er ikkje nærare definert. Ser ein på dette dokumentet isolert er det greiddt at det beskriv eit fellesskap for alle dei fem gardane, frå Ingeborgstølselva og vestover. Dette stemmer såleis dårleg med andre opplysningar som er komne fram i saka. Ein kan truleg forklare dette med at i praksis vart det stort sett beita horn mot horn vest for denne elva.

I samband med ei minneleg utskiftning på Hatlem, Nygård og Steinsåker i 1838 (dok.26) er austgrensa for Steinsåker beskrevet såleis: "Det Østlige grænseskjell der skiller Stensager fra "Dochsetter og Teigen er Steensagers Elven fra Søen og til "Leitebroen og derfra til Bolskotjøllet".

Ein kan slå fast at Bolskotjølet er i elva ved Gamlestølen (Gamlestølselva). Dette dokumentet går difor eintydig i den retning at her har vore ei grense mellom dei to beitefellesskapa og at den har gått omlag etter Gamlestølselva.

Hamnegang og fjellbeite vart ikkje skifta ved denne forretninga i 1838. Men etter krav både frå Teigen, Dokset, Hatleim, Nygård og Steinsåker vart det beskrevet såleis om beite frå



- 20 -

gamal tid: "Grenseskjællët har været i fra Alders Tid i Klæbersdalen saaledes: at paa den nordlige Kant indenfor Holmøskaret til høieste Fjeld, og paa den Vestre Kant Holmøskar Elven og i Syd klæbers Watne saa at deres Chreature har Skjenestø i samme".

Dette tyder på at først opp i dette området rekna ein med at det var fellesskap mellom gardane Teigen, Dokset, Hatleim, Nygård og Steinsåker.

Det har ved fleire tidlegare høve vore antyda at Gamlestølselva var grense mellom dei to fellesskapa i Steindalen. Ola M. Dokset og Karl O. Steinsåker er også av den meining, jfr. dok. 27-28. Dei var tidlegare medeigarar i beitefellesskapa - ein på kvar side - og dei har samanfallande syn på saka. Det dei to hevdar er også i samsvar med utskiftninga frå 1838. Her er to beitefellesskap i Steindalen, som er delt omlag etter Gamlestølselva, men lenger nord er det eitt beitefellesskap for dei fem gardane.

Retten finn å måtte legge relativt mykje vekt på dette.

Dersom ein har to beitefellesskap i Steindalen er Gamlestølselva det mest naturlege dele i terrenget. Det er ei naturleg forlenging av grensa som fylgjer Steindøla lenger sør. Vidare hadde frå gammalt Teigen og Dokset støl på austsida av Gamlestølselva medan Hatleim, Nygård og Steinsåker hadde sin støl på vestsida av denne elva.

Etter det som her er protokollert er det opplysningar i saka som tyder på at det er eitt beitefellesskap <sup>for</sup> Teigen, Dokset, Hatleim, Nygård og Steinsåker i Steindalen.

Men etter retten si vurdering er det likevel fleire og viktigare moment som talar for at her er to beitefellesskap, og at

- 21 -

delet mellom dei går frå Leitebrua og nordover omlag etter Gamlestølselva.

Retten kom difor til følgjande

slutning:

Det er to beitefellesskap i Steindalen. Det eine er for Teigen og Dokset, gnr. 138 og 139 i Stryn, medan det andre er for Hatleim, Nygård og Steinsåker, gnr. 135, 136 og 137 i Stryn

Grensa mellom dei to fellesskapa går frå Leitebrua og nordvestover etter Gamlestølselva til yttergrensa for skiftefeltet. Grensa er innteikna på kartet.

Teigen og Dokset ligg på austsida av denne grensa, medan Hatleim, Nygård og Steinsåker ligg på vestsida.

Orskurden er samrøystes.

.....

Frå side 37 i rettsboka:

.....

Skogoppgjerd.

Gran og furu som går i byte ved dette jordskiftet er taksert, slik den framlagde skogrekneskapen viser.

Lauvskog og einer.

Lauvskog og einer som går i byte ved dette jordskiftet er ikkje taksert. Lauvskog og einer kan difor den gamle skog-eigaren hogge og fjerne innan den 1. juni 1980. Det som ikkje er hogge og fjerna innan den fristen overtek den nye eigaren utan vederlag.

Uthogst av gran og furu .

Skogoppgjerdet med prisar og uthogstplan er drøfta med partane i møte den 30/10 -78. Det er og drøfta med skogopp-synet ved heradsskogmeisteren. Det er semje blant partane om at oppgjerdet i pengar må reduserast med uthogst. Ynskjer frå partane vedkomande uthogsten er stort sett etterkomne.

Eigaren av gnr. 138/1, Peder J. Teigen, kan hogge:

1. All gran og furu i sin gamle skogteig (kartfig. 33) som ved jordskiftet går over til gnr. 139 bnr. 1
2. All furu i sin gamle skogteig (kartfig. 35-39) som ved jordskiftet går over til gnr. 139 bnr. 7.
3. All gran og furu i sin gamle skogteig som ved jordskiftet går over til gnr. 139 bnr. 7 (kartfig. 56-58).

Eigaren av gnr. 138 bnr. 2, Vall P. Teigen kan hogge:

1. All furu i sin gamle skogteig (kartfig. 34) som ved jordskiftet går over til gnr. 139 bnr. 1.
2. All gran og furu i sin gamle skogteig som ved jordskiftet går over til gnr. 139 bnr. 7 (kartfig. 40 og 41), fra grensa mot innmarka og nordover til ei blinka line som vist på vedlagt kart.

Eigaren av gnr. 139 bnr. 2 og 3, Knut O. Dokset, kan hogge:

1. All furu i sin gamle skogteig som ved jordskiftet går over til gnr. 139 bnr. 1 (kartfig. 59-64), fra omlag 40 m sør for sti ved mp. 107 og nordover til grense 12. Den skogen som skal hoggast sør for stien er blinka.
2. All furu i gnr. 138 bnr. 1 sin gamle skogteig (kartfig. 50 - 57) som ved jordskiftet går over til gnr. 139 bnr. 1.

Frå side 39 i rettsboka:

- 39 -

Det vert vist til vedlagde kart der uthogsten er inn-  
teikna. Partane vil få eit eksemplar av dette.

Frist for uthogsten.

Barskogen som er sett til uthogst skal vera hoggen og  
fjerna innan den 1. mai 1984. Det som ikkje er hogge og fjerna  
innan den fristen går over til den nye eigaren utan vederlag.

.....

.....

\*

- 41 -

Jakt og fangst.

I medhald av jaktlova §13 gjorde jordskifteretten vedtak om at jakt og fangst skal vere felles som før i jordskiftefeltet.

Gjerdehald.

Det er ikkje pålagt spesielt gjerdehald i skiftefeltet. Det vert å fylgje gjerdelova .

Gjerde langs innmarka.

I grensa mellom inn- og utmark for Teigen/Dokset er det enkelte strekningar vanskeleg å halde gjerde i grensa. Her er sers bratt og gjerdet blir lett nedbrote av snøen.

Retten og partane har sett på dette i marka, og er komme til at det mest praktiske her er å sette gjerdet på høveleg stad - omlag i grensa mot innmarka. Det er såleis høve til å flytte gjerdet opp til 10 m frå innmarksgrensa for å finne ein høveleg stad for gjerdet.

.....

.....

- 4 -

boniteringa av feltet, som vart utført i sak 8/1964, skulle nyttast.

Retten og -- partane var på synfaring.

Ut frå det retten såg og dei opplysningane, som kom fram, er retten komen til at det nå ligg til rettes for skifte av heimste delen av fjellmarka. Med bilveg heilt opp til Leite, ligg det svært godt til rettes for ei meir intensiv utnytting også av denne delen av utmarka til gnr. 135, 136 og 137. Endå om det ikkje er så stor del av marka som kan oppdyrkast eller kultiverast til beite, vil det likevel vere ein verdfull tilvekst. Serleg sett i relasjon til dei til dels små og bratte innmarksareala bruka elles har. Retten legg også vekt på at alle partane målbar ynskje om fullstendig jordskifte av området.

Ut frå det som ovanfor er nemndt gjorde retten samrøystes slikt

V e d t a k

Jordskiftesaka, som vart kravd den 11.07.1983, sak 16/1983, vert fremja i medhald av §1 og 2 a i jordskifteloven.

Skiftefeltet støyter i aust og nordaust til grensa mot gnr. 138 og 139, Teigen - Dokset, (Gamlestølselva og Steindøla), i søraust til eigen heimeutmark etter ei grense som er skildra i sak 10/1950, i sørvest til uomtvista grense mot gnr. 134, Blaksæter og i nord mot eigen fjellmark. Grensa mot fjellmarka vil bli fastlagt og avmerka seinare.

Partane er samde om at skiftefeltet ligg i sameige. Dei er vidare samde om at boniteringa utført i sak 8/1964 skal nyttast.

Partane vart munnleg gjort kjende med vedtaket om fremjing av saka. Dei vart så permitterte. Partane godtok kort minneleg varsel til rettsmøta. Rettsformannen ringer til Jostein Roset minst tre dagar før møtet. Han varslar så dei andre straks han har motteke meldinga.

Retten heldt fram med drøftingane, såg over boniteringa og utførte ein del tilleggsbonitering. Taksten på kartfig. 191 vart endra.

.....



III. Dei nye eigedomane.

Skiftefeltet, ein del fjellmark til gnr. 135, 136 og 137, Hatleim, Nygård og Steinsåker i Stryn herad er delt til full eigedom slik:

Gnr. 135, bnr. 1, Hatleim, skm. 3,16, eigar Jon R. Roset

har fått eigedomen sin i ein teig som på kartet er gitt bokstaven A.

Teigen er omgitt av grense 5 frå Gamlestølselva til utgangspunktet for grense 7, av grensene 7, 8 og 10 og ein del av yttergrensa mot Dokset, gnr. 139, bnr. 1. (Gamlestølselva).

Gnr. 135, bnr. 3, Hageberg, skm. 0,05, eigarar Sigmund og

Anna Hagen har fått eigedomen sin i ein teig som på kartet er gitt bokstaven C.

Teigen er omgitt av grense 17 mellom merkepunkta 77 og 18, av grense 18 mellom merkepunkta 79 og 19, av grense 19 og ein del av yttergrensa mot den sams utmarka.

Gnr. 135, bnr. 4, Edland, skm. 0,75, eigar Edit Marie P. Roset

har fått eigedomen sin i ein teig som på kartet er gitt bokstaven D.

Teigen er omgitt av grensene 8, 9 og 11, av grense 12 frå endepunktet av grense 11 til yttergrensa i Gamlestølselva og av ein del av yttergrensa mot Dokset, gnr. 139, bnr. 1. (Gamlestølselva).

Gnr. 135, bnr. 6, Strandly, skm. 0,15, eigar Jon Sollid

har fått eigedomen sin i ein teig som på kartet er gitt bokstaven F.

Teigen er omgitt av grense 12 mellom merkepunkta 65 og 66, av grensene 16 og 17 og ein del av yttergrensa mot den sams utmarka.



Gnr. 136, bnr. 1, Nygård, skm. 2,62, eigar Ola M. Nygård har fått eigedomen sin i ein teig som på kartet er gitt bokstaven H.

Teigen er omgitt av grensene 9 og 10 og ein del av yttergrensa mot Dokset, gnr. 139, bnr. 1. (Gamlestølselva).

Gnr. 136, bnr. 2, Nyttun, skm. 0,21, eigar Magnus J. Nyttun har fått eigedomen sin i ein teig som på kartet er gitt bokstaven I.

Teigen er omgitt av grense 12 mellom merkepunkt 64 og 65, av grensene 15 og 16 og ein del av yttergrensa mot den sams utmarka.

Gnr. 137, bnr. 1, Stensaker, skm. 3,35, eigar Einar P. Steinsåker har fått eigedomen sin i to teigar som på kartet er gitt bokstaven J.

1. Teigen lengst sørvest i skiftefeltet er omgitt av grense 1, ein del av yttergrensa mot tidlegare skift areal i heimeutmarka og ein del av yttergrensa mot utmarka til ~~gnr. 133~~ og 134, Øyestad og Blakset.
2. Teigen mellom Steindøla og Smørdalselva er omgitt av grense 4, grense 5 frå Gamlestølselva til utgangspunktet av grense 6, av grense 6, ein del av yttergrensa mot utmarka til ~~gnr. 133~~ og 134, Øyestad og Blakset og ein del av yttergrensa mot Teigen, gnr. 138, bnr. 2 og mot Dokset, gnr. 139, bnr. 2.

Gnr. 137, bnr. 2, Stensaker, skm. 1,73, eigar Oddvar K.

Steinsåker har fått eigedomen sin i to teigar som på kartet er gitt bokstaven K.

1. Teigen ved Trollehaugen er omgitt av grensene 2 og 3, av grense 4 (Smørdalselva) frå Steindøla til utgangspunktet for grense 3, ein del av yttergrensa mot

tidlegare skift areal i heimeutmarka og av yttergrensa mot fellesteigen til gnr. 138 og 139, Teigen og Dokset ved Leitet. (Steindøla).

2. Teigen i nordkanten av skiftefeltet er omgitt av grense 12 mellom merkepunkta 63 og 64, av grensene 14 og 15 og ein del av yttergrensa mot den sams utmarka.

Gnr. 137, bnr. 4, Heimsæt, skm. 0,42, eigar Martin Tvinnereim har fått eigedomen sin i ein teig som på kartet er gitt bokstaven M.

Teigen er omgitt av grense 5 mellom utgangspunkta for grensene 6 og 12, grense 6, av grense 12 frå utgangspunktet til grensemerke 62, grense 13, ein del av yttergrensa mot gnr. ~~133~~ og 134, ~~Øyestad~~ og Blakset og av ein del av yttergrensa mot den sams utmarka.

Gnr. 137, bnr. 6, Sollid, skm. 0,28, eigar Oddvin Kvamme har fått eigedomen sin i ein teig som på kartet er gitt bokstaven O.

Teigen er omgitt av grense 12 mellom merkepunkt 67 og Gamlestølselva, av grense 18, av ein del av yttergrensa mot Dokset, gnr. 139, bnr. 1 og 6 og av ein del av yttergrensa mot den sams utmarka.

Gnr. 137, bnr. 7, Hagen, skm. 0,15, eigarar Sigmund og Anna Hagen har fått eigedomen sin i ein teig som på kartet er gitt bokstaven P.

Teigen er omgitt av grense 12 mellom merkepunkta 66 og 67, av grense 17 mellom merkepunkta 66 og 77, av grense 18 mellom merkepunkta 67 og 79 og av grense 19.

Gnr. 137, bnr. 10, Hagelund, skm. 1,72, eigar Kåre K. Steinsåker har fått eigedomen sin i to teigar som på kartet er

gitt bokstaven T.

1. Teigen ved Smørdalselva er omgitt av grense 3, av  
(Smørdalselva)  
grense 4/mellom utgangspunktet av grense 3 og ytter-  
grensa mot gnr. ~~133~~ og 134, ~~Øyestad~~ og Blakset og  
ein del av yttergrensa mot utmarka til den same  
garden..
2. Teigen i nordkanten av skiftefeltet er omgitt av  
grense 12 mellom merkepunkt 62 og 63, av grensene  
13 og 14 og ein del av yttergrensa mot den sams ut-  
marka.

Gnr. 137, bnr. 12, Øyra, skm. 0,76, eigar Karl P. Steinsåker  
har fått eigedomen sin i to teigar som på kartet er gitt  
bokstaven V.

1. Teigen ved Synnes er omgitt av grensene 1 og 2, ein  
del av yttergrensa mot tidlegare skift areal i heime-  
utmarka og ein del av yttergrensa mot utmarka til  
gnr. ~~133~~ og 134, ~~Øyestad~~ og Blakset.
2. Teigen i nordkanten av skiftefeltet er omgitt av  
grense 5 mellom utgangspunkta for grensene 7 og 12,  
av grensene 7 og 11 og av grense 12 mellom utgangs-  
punktet for grensa og merkepunkt 58.

.....

.....

VI. Gjerde og grinder.

Det er ikkje pålagt noko gjerdeplikt i skiftefeltet. Kvar eigar har rett til å gjerde inn av eigen eigedom så mykje han ynskjer, men han må sette grinder over nødvendige vegar. Vert gjerde sett opp, og dette seinare også vert til nytte for tilstøytande eigar, skal han ta del i gjerdehaldet med ein halvpart. Kva for ein halvpart av gjerdet kvar skal halde vert avgjort ved loddtrekking. Vert dei ikkje samde, kan det når som helst krevjast gjerdeskjøn. Det vert elles vist til gjerdeloven.

VII. Jakt.

I medhald av § 28 i viltloven av 29. mai 1981, skal jakt og fangst i skiftefeltet vere felles som før.

VIII. Rettar til vatn og vassdrag.

Rettar i vatn og vassdrag er uendra ved dette jorskiftet.

.....

4) Kopi av utskrift frå  
Nordfjord sorenskriveri si  
tingbok til sak frå 1756;  
Grensegang mellom  
Teiaen/Dokset og Robiøraane



STATSARKIVET i BERGEN

Ekstraktutskrift av Nordfjord sorenskriveris tingbok A nr. 36,  
1752-1756, fol. 231b.

Dok. nr. 15 Framlagt 24/8 1976

AVSKRIFT

Aastæden Dochsetter med Teigen samt Rodbiørgene.

Anno 1756 den 28<sup>de</sup> Maij var jeg tilligemed effterskrefne Sex Laugrettesmænd som af Lensmanden, effter velædle og welbyrdige H<sup>t</sup> Cammer-Raad og foeged Hans Thiis Nagels Ordre til denne forretning var opnefnte Nafnl. Iens Ioensen Schodden, Rasmus Ionsen Florø, Knud Christophersen Öfreberg, Iens Olsen ytreide, Niels Erichsen Öjestad og Daniel Rasmussen Sölfberg, effter Opsidderne paa gaarden Dochsette med Teigen, Nafnl: Ioen Knudsen, Anders Olsen, Marthinus Pedersen og Anders Pedersen deres Ansögning og begiering hos dennem paa bemeldte gaard Dochsetter i Stryens skibbrede forsamlede, for at begrandske og paaskiönne grense Merket imellem denne deres gaard Dochsetter med Teigen og den her nest indenfor beliggende gaard Rödberg, saavel som og imellem Dochseter og Teigen indbyrdes og blev da derom Sluttet og afhandlet, som saaledes som effter følger:

Citanterne neml. Opsidderne paa Dochsetter med Teigen fremstoed for Retten og sagde sig först til denne aastæds Sag lovligen at have indstefnt benefnte deres grander og Naboer paa gaarden Rödberg, saavel som og deres Ombudsmænd, hvilket de vilde godtgiöre og beviise med de paateigninger, som findes paa den fremlagde ordre til Lensmanden angaaende Mendenes opnefnelse, dateret 6<sup>te</sup> Novembr: 1755: som lydelig for Retten blev opløst og udj acten er indfört.

Om Sagen i sig self gjorde Citanterne saadan forklaring at Rödbergs Opsiddere vill bemegte sig lengere ud paa Dochsetters Egn end deres formænd har haftt og brugt, og derforre paastaar de nu Skiön og grandskning om disse gaarders beskaffenhed og Merker.

Contraparterne Neml: Rödbergs Opsiddere mötte udj egne persohner her for Retten vedtog Stefnemaalet og imod Sagen svarede, at de har rettet



sig udj deres Slotter og ovirker paa grentzerne imellem deres gaard Rödberg og gaarden Dochsetter med Teigen, effter et forlig som er sluttet imellem disse gaarder den 13<sup>de</sup> Martj 1730 samme forlig blev og for Retten opløst og udj acten indlemmet.

Citanterne svarede, at de vill være tilfreds og fornöyede, naar de kand faae et beent strenge merke og rigtig Merkesgaard, effter de udj forliget ommelte stæder /og/ hvis ikke de kand faae det, saa vill de have sit hævd og brug igien som de havde för samme forlig blev indgaaet.

Contraparterne, tillige med Lensmanden Niels Faleide, som paa Wel-ædle Hr. Sorenskriver Schonvigs veigne comparerede replicerede, at der staaer vel i det fremlagde forlig, at merket imellem disse gaarder, skall være fra homanne Nettet og op i stoelen, som er knap Mitlides i fieldet at reigne, men hvorledes Merket siden og ovenfor skal gaae, beent ind eller udeffter, meldes der intet om, ja Citanterne staaer self lige som under een klage, og bekjender, at de stedsse eller i det mindste saa lenge de kand erindre, da har de Neml: Rödbergs Opsiddere hafft deres Slotter lengere ud, end om merket ellers skulle gaae beent, samt om vaar og höst hafft deres Creåurer gaaende oppe i Dochsetter Marken, saa som Rödberg er een field Jord der ikke optöer för langt paa Sommeren, ikke disdoe mindre ville dog Rödbergs Opsiddere for trette og uenighed at forekomme, og vidlöfftigh at unflye effter give saa meget af deres gamle hæffd og Slotter at Merket kand blive beent til fjels, men Creaturenes gang maa og faar være paa den gl: maade. Dochsetters Opsiddere svarede og tilstoed, at de ikke kand hindre eller imodstaae, at joe Rödbergs Opsiddere fremdeles nyder og beholder deres bejte i Marken höst og Vaar som de har været vant til af gl: tid, Men Teigens Opsiddere og serdeles Anders Olsen protesterede imod denne Rödbergs fægang, og paastoed derom Rettens Dom og kiendelse. Derpaa Rejste vi ud for at oversee begrandske og paaskiönne det paastevnte og paaankede

